

## **«Jarlen vil vi ha over oss»**

Ein analyse av det islandske jarledømet som politisk institusjon



Ruben Kjølås

Masteroppgåve i historie

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

Universitetet i Bergen

Våren 2014

## **Forord**

Først av alt vil eg rette ein stor takk til rettleiaren min, professor Eldbjørg Haug, for konstruktiv rettleiing på dette prosjektet. Tusen takk for nyttige tips og interessante samtalar. Eg vil også takke mellomalderseminaret, under leiing av professor Geir Atle Ersland, for nyttige og konstruktive tilbakemeldingar. Takk til studentmiljøet ved mellomalderseminaret og på lesesalen for godt fellesskap, og for givande samtalar om både faglege og ikkje fult så faglege emne.

Eg vil òg takke dei som gjorde studieturen min til Island i desember 2013 til ei flott, interessant og lærerik oppleveling: Universitetet i Bergen for økonomisk støtte, Ole Kristian for å vere ein fantastisk reisekamerat, Helene Inga og Birgit for husrom, professor Helgi Þorláksson ved Háskoli Íslands for nyttige innspel til prosjektet mitt, bibliotekar Ólöf Benediktsdóttir ved Árni Magnússon-instituttet for omvising der og til alle dei andre interessante og venlege menneska som eg møtte på turen.

Til slutt vil eg takke familie og vene for moralsk støtte og for at de har tru på meg og mine prosjekt. Dette set eg stor pris på.

Ruben Kjølås

Bergen, mai 2014

## **Innhald**

Forord .....	2
Kapittel 1: Innleiing.....	5
Forskingstradisjonen .....	6
Den norske historiske skulen .....	7
Nasjonal islandsk historieskriving .....	8
Den antropologiske vendinga og transnasjonal historie .....	10
Kjeldene .....	13
Samtidssogene: Problem og moglegheiter.....	14
Annalane .....	17
Lover og traktatar.....	18
Kapittel 2: Eit jarledøme blir til .....	22
Dei islandske godanes fyrstelege ambisjonar .....	22
Snorre Sturlason som lendmann og «fólg snarjarl».....	24
Kvifor blei Gissur utpeikt til å vere jarl? .....	28
Jarleutnemninga .....	31
Kva var ein jarl?.....	35
Ladejarlar og Mørejarlar.....	37
Ein jarl på Island?.....	39
Jarlar som riksstyrarar og deira underkuing under kongemakta .....	40
Norske høgmellomalderjarlar .....	41
Eit vidare nordisk perspektiv - fyrstelena.....	45
Orknøyjarlar under kongeleg press .....	46
Gissurs jarledøme i Noregsvelde-kontekst.....	49
Oppsummering .....	51
Kapittel 3: Jarledømets maktgrunnlag .....	53
Politisk makt: Den politiske situasjonen på Island i 1258 .....	53
Politisk og militær makt: Styringsstrukturane i Gissurs jarledøme .....	61
Militær makt: Konflikten mellom Gissur og Tord Andreasson 1259-60.....	69
Gissurs økonomiske maktgrunnlag .....	70
Ideologisk makt: Gissur som gode og som kongens representant .....	75
Oppsummering .....	77
Kapittel 4: Island blir norsk skattland – jarlens rolle .....	79
Gissur, Ravn og Borgarfjörður .....	79

Den upopulære skatten.....	82
Alltinget i 1262 .....	85
Sørlendingane aust for Þjórsá og austfjordingane sver skatt og truskap (1263-64) .....	88
Gizurarsáttmáli / Gamli sáttmáli.....	91
Skatt i jarledømet .....	94
Jarledømet og kyrkja .....	96
Seinare jarlar på Island? .....	99
Kvifor bestod ikkje det islandske jarledømet? .....	101
Oppsummering .....	103
Kapittel 5: Konklusjon.....	105
Vidare forsking .....	109
English Summary .....	110
Bibliografi .....	111
Kjelder .....	111
Sekundærlitteratur.....	114

## Kapittel 1: Innleiing

Utgangspunktet for denne undersøkinga er jarledømet på Island, som eksisterte mellom 1258 og 1268. Dette embetet var besett av berre ein mann, nemleg Gissur Torvaldsson (1208-68). Han høyrde til haukdalsætta, ei av dei eldste og mest fornemme godeættene på Island. Han vart kong Håkons skutilsvein rundt 1230, og var ein sentral aktør i islandsk politikk frå 1230-talet fram til sin død i 1268. På tross av si korte levetid, er det islandske jarledømet viktig for å forstå overgangen frå fristaten (isl. *þjóðveldið*) til kongeleg norsk styre. Gissur blei utnemnd til jarl av kong Håkon Håkonsson i 1258, og den formelle islandske underkastinga under kong Håkon og sonen og etterfølgjaren hans, Magnus Lagabøte, skjedde i løpet av åra 1262-64. No blei Island ein del av Noregsveldet, som på denne tida omfatta fastlands-Noreg (inkludert dei noverande svenske områda Jemtland, Herjedalen og Båhuslen), i tillegg til Færøyane, Orknøyane og Hjaltland (eng. Shetland). Også Suderøyane (eng. Man and the Hebrides) høyrde med fram til 1266.

Derfor vil eg ikkje undersøkje det islandske jarledømet berre utifrå ein isolert islandsk kontekst, men også ut frå eit vidare Noregsvelde-perspektiv, der eg tar samanliknbare politiske einingar som jarledømet på Orknøyane og dei norske jarleembeta med i undersøkinga. Min hypotese er at det islandske jarledømet var eit ledd i den norske kongemaktas prosess med å leggje under seg Island, og å innlemme landet i Noregsveldet. Samstundes byggjer jarledømet på eldre islandske politiske tradisjonar og institusjonar. I undersøkinga av dette er det nokre problemstillingar som eg spesielt ønskjer å undersøkje:

- Kva var bakgrunnen og forhistoria for opprettinga av jarledømet, og kvifor blei akkurat Gissur utnemnd til jarl? Fins det eksempel i tidlegare islandsk historie på personar som har hatt ein maktposisjon som er samanliknbar med Gissurs?
- Korleis kan vi karakterisere det islandske jarledømet som institusjon? Kva var jarlens rettar og plikter overfor sin herre, den norske kongen, og overfor befolkninga i dei områda som han vart sett over på Island?
- Kva slags styrings- og maktutøvingsapparat rådde Gissur over? Kva var det økonomiske grunnlaget for hans styre?
- Korleis kan vi setje det islandske jarledømet i ein større samanheng? Har andre politiske einingar, slik som det orknøyske jarledømet, fungert som førebilete for det islandske?
- Kvifor vart ikkje jarledømet vidareført etter Gissurs død i 1268?

Undersøkinga vil byggje på dei kjeldene som er tilgjengelege for temaet, noko som innfattar både sogelitteratur, annalar og lover. Eg vil også byggje på den forskingslitteraturen om emnet som har komme til i løpet av dei siste 150 åra. Denne er relativt mangfaldig, og det har komme bidrag i frå historikarar både i og utanfor Island. Eg vil derfor begynne med ein gjennomgang av denne forskingstradisjonen, før eg går vidare til å drøfte kjeldene.

I hovuddelen av undersøkinga vil eg analysere det islandske jarledømet ut frå den eksisterande forskingstradisjonen og kjeldene som eg skal drøfte i dette innleiingskapittelet. I det andre kapittelet skal eg drøfte kva ein jarl var for noko, ved å sjå på ulike former for jarleverdighet i dei norrøne områda i mellomalderen. Vi finn jarlar både i Noreg og på Orknøyane, dessutan finn vi parallellear i dei andre nordiske landa og elles i Europa. Eg vil sjå på det islandske jarledømet som ein del av det foydale hierarkiet i den norrøne verda på 1200-talet. Det vil også vere interessant å sjå på bakgrunnen for utnemninga av Gissur som jarl, og kvifor det var han som blei valt til å vere dette.

Det tredje kapittelet vil eg konsentrere meir om islandske tilhøve, og drøfte Gissurs jarledøme ut frå eksisterande maktforhold og tradisjonar på Island. Eg vil så gå vidare til å sjå på kva slags politisk organisasjon Gissur oppretta etter at han kom tilbake til Island som jarl i 1258. I kva grad vart Gissur ein «moderne» jarl og lensherre etter norsk og europeisk mønster, og i kva grad var han ein tradisjonell islandsk gode?

I det fjerde kapittelet skal eg sjå på jarl Gissurs funksjon i Islands underkasting under den norske kongemakta i løpet av åra 1262-64, og hans vidare politiske rolle fram til hans død i 1268. Deretter blir det naturleg å drøfte årsakene til at det islandske jarledømet ikkje overlevde Gissur, og kva slags løysingar som vart brukt for å styre det nye skattlandet Island.

## Forskingstradisjonen

Den historiske forskinga på Noregsveldet har røter tilbake til det moderne historiefagets barndom i dei nordiske landa, det vil seie frå midten av 1800-talet. I denne perioden var nasjonsbygging svært sentral, og å gi nasjonen sjølvstende dersom ein ikkje allereie hadde det. Det galdt ikkje minst Noreg, som var i union med Sverige, og Island, som var styrt av Danmark. Dette førte til at nasjonalpolitiske perspektiv sette sitt preg på historieskrivinga i dei to landa. Utvidinga og konsolideringa av Noregsveldet på 1200-talet vekte ulike reaksjonar hos høvesvis norske og islandske historikarar. Eg vil i den følgjande historiografiske gjennomgangen i hovudsak sjå på korleis forskarane har sett på det islandske jarledømet

spesielt, sidan ein fullstendig historiografisk gjennomgang av korleis historikarane har sett på jarleverdigheita generelt, fullstendig vil sprengje dette arbeidets omfangsmessige rammer.

## Den norske historiske skulen

Peter Andreas Munch, ein av pionerane bak den norske historiske skulen, skreiv relativt omfattande om forholda på Island og dei andre norske skattlanda i sitt hovudverk om den norske mellomalderen, *Det norske Folks Historie*.<sup>1</sup> Det same gjorde hans lærar og seinare kollega Rudolf Keyser for kyrkjehistoria, i dei to banda om *Den norske Kirkes Historie under Katholicismen*.<sup>2</sup>

Den norske historiske skulen hadde framfor noko anna det norske folket som studieobjekt. Den norske staten kom i andre rekkje, sidan han forsvann som sjølvstendig politisk eining under dansketida (1536-1814). Dermed måtte ein finne historisk kontinuitet i den norske folkesjela. Grunnen til at Munch og Keyser skreiv såpass omfattande om skattlanda i oversiktsverka sine over norsk historie er nettopp dette «etnografiske» perspektivet – dei som utvandra frå Noreg til Vesterhavssøyane i vikingtida og etterkomarane deira seinare i mellomalderen var norske. Elles var det viktig å vise at den norske staten hadde hatt «koloniar» på Vesterhavssøyane i mellomalderen, slik som samtidas stormakter hadde.<sup>3</sup>

Munchs syn på innlemminga av Island i Noregsveldet er at det var til det beste for landet, det førte til ein slutt på dei lange åra med borgarkrig. Dette skapte ein etterlengta fred og tryggleik for innbyggjarane der.<sup>4</sup> Munch såg på Gissur jarl som ein kongeleg statthalda, som hadde som oppgåve å leggje landet under den norske kongen, og sidan styre det på vegner av han. Men jarlen viste seg å vere meir oppteken av å styrke sin eigen posisjon enn å fremje kongens sak, og kongen blei derfor nøydd til å sende Hallvard Gullsko til Island for endeleg å få landet under kongen. Dessutan var hans makt relativt avgrensa, både pga. dei andre godane på Island, som jarlen ikkje rådde over, og norske utsendingar, som kongen sendte for å halde oppsyn med han.<sup>5</sup> I si kyrkjehistorie hadde Keyser eit meir sympatisk syn på Gissur, og såg han som eit slags offer for andre islandske godar og kongens utsendingar. Gissurs ulukkelege situasjon skal ha ført han til å bestemme seg for å gå i kloster like før han

---

<sup>1</sup> Munch 1852-58.

<sup>2</sup> Keyser 1856-58.

<sup>3</sup> For ei historiografisk drøfting av Munch, Keyser og deira syn på Noregsveldet, sjå Wærdahl 2006: s. 16; 2010: s. 36.

<sup>4</sup> Munch 1852-58, bind IV, del 1: s. 376.

<sup>5</sup> Munch 1852-58, bind IV, del 1: s. 357, 363-364, 617-618.

døydde i 1268.<sup>6</sup> Det breie Noregsvelde-perspektivet som vi finn hos Keyser og Munch skulle ikkje dukke opp igjen før nærmare 150 år seinare, som eit ledd i svekkinga av det spesifikt nasjonale perspektivet i historieskrivinga, til fordel for det transnasjonale, noko eg kjem tilbake til seinare i denne drøftinga. I mellomtida var framveksten og nedgangen av den norske mellomalderstaten det overordna temaet for fleirtalet av norske historikarar som skreiv om den politiske utviklinga i mellomalderen.

Av ikkje-nordiske historikarar på 1800-talet var det den tyske rettshistorikaren *Konrad Maurer* som i størst grad undersøkte dei politiske tilhøva i Noregsveldet. I si bok *Island: Von seiner ersten Entdeckung bis zum Untergange des Freistaats* frå 1874 drøfta han også jarledømet. Han kom fram til liknande konklusjonar som Munch, men hadde ei noko meir positiv vurdering av Gissur jarl. Sjølv om han i byrjinga var lite dugande til å leggje Island under kongemakta, gjekk han ved Hallvard Gullskos innkomst fullt inn for kongens sak, noko som var av avgjerande betydning.<sup>7</sup>

### Nasjonal islandsk historieskriving

Den moderne islandske historieskrivinga byrja også rundt midten av 1800-talet og i 1868 publiserte historikaren og filologen *Jón Porkelsson* sin biografi om Gissur.<sup>8</sup> Denne biografien er hovudsakeleg ei forteljing om Gissurs liv frå vogge til grav, og manglar den analytiske drøftinga av jarledømet som vi finn hos seinare historikarar. Islandske historikarar på denne tida konsentrerte i stor grad om fristatens politiske tilhøve og kva slags konstitusjonelle stilling Island fekk då landet kom med i Noregsveldet. Det vart argumentert for at forholdet mellom Noreg og Island etter underkastinga i 1262-64 var ein rein personalunion, og at forholdet mellom Island og Danmark burde vere likeins i samtid.<sup>9</sup> Dette perspektivet er dominerande i historikaren og filologen *Björn M. Ólsens* to bøker om kongestyrets opphav på Island frå 1908 og 1909,<sup>10</sup> men han har også ein del interessante observasjonar om jarledømet. Hos han møter vi også ein motvillig Gissur jarl, som til slutt var redd for at hans stilling skulle bli gitt til nokon annan. Ólsen tolka Gizurarsáttmáli<sup>11</sup> som at Gissur fekk lagt inn det vi med

<sup>6</sup> Keyser 1856-58, bind II: s. 12.

<sup>7</sup> Maurer 1969 (nyopptrykk av originalen frå 1874): s. 135-137.

<sup>8</sup> Porkelsson 1868.

<sup>9</sup> Sjå for eksempel Sigurðsson 2000: s. 34; Þorláksson 2000: s. 61-62; Wærdahl 2006: s. 19; 2010: s. 37.

<sup>10</sup> Ólsen 1908; 1909.

<sup>11</sup> Traktaten der islendingar frå Sørlandsfjerdingen og Nordlandsfjerdingen formelt underkasta seg den norske kongen.

ein moderne omgrep kan kalle ein konstitusjonell garanti, som sikra hans eigen posisjon som jarl over Sørlandsfjerdingen og Nordlandsfjerdingen.<sup>12</sup>

Under den andre verdskrigen publiserte litteraturvitarane *Einar Ólafur Sveinsson* og *Sigurður Nordal* sine verk om islandsk sivilisasjon i fristatsida.<sup>13</sup> Nordal tok føre seg heile fristatstida, frå landnåmet til fristatens undergang i 1262-64, medan Sveinsson konsentrerte seg om 1200-talet. Dei hadde naturleg nok eit litteraturvitakapleg og idéhistorisk perspektiv på tidsperioden. Sveinsson såg på Gissur som ein slags tragisk helt som vart fanga i kong Håkons nett og brukt av han til å øydeleggje sitt lands sjølvstende.<sup>14</sup> For Nordal var Gissur ein mann med eit janusansikt – han let seg bruke til å fremje kong Håkons makt på Island, samstundes som han tidvis viste motvilje mot kongens politikk, og fekk sikra sine landsmenn rettar overfor kongemakta i forhandlingane 1262-64. Han var i grunn ein fredsæl og rettferdig mann, men kunne, liksom sine motstandarar, vere prega av hat og svik.<sup>15</sup> Både Sveinsson og Nordal såg på Islands sjølvstendetap som eit resultat av ei lang utvikling, der kongemakt og kyrkje hadde gradvis underminert dei gamle islandske dygdene ære, personleg fridom og sjølvstende.<sup>16</sup>

På 1950-talet kom det fleire sentrale arbeid som drøfta jarledømet. Først ute var historikaren *Björn Þorsteinsson* med to bind om islandsk mellomalderhistorie, som kom i 1953 og 1956.<sup>17</sup> Han såg på jarl Gissur som ein slags overhøvding eller visekonge over Island,<sup>18</sup> og tilla han derfor betydeleg meir makt enn det Munch og andre historikarar har gjort. Vidare hevda han at jarledømet var dømt til å vere kortliva mellom anna fordi det ikkje passa inn i det han kallar det norske «einevaldkongedømet», og at islendingane heller ikkje ville ha nokon jarl til å styre over seg. Dessutan var Þorsteinsson den første historikaren som eksplisitt samanlikna det islandske jarledømet med det orknøyiske.<sup>19</sup> Men han skulle ikkje bli den siste.

---

<sup>12</sup> Ólsen 1908: s. 43-45.

<sup>13</sup> Sveinsson 1940. Ei engelsk omsetjing av denne kom i 1953 ved Jóhann S. Hannesson. Det er denne eg brukar i dette arbeidet. Nordals bok vart opprinneleg publisert i 1942, medan eg brukar ei nyare utgåve frå 1993.

<sup>14</sup> Sveinsson 1953: s. 3, 12-18.

<sup>15</sup> Nordal 1993: s. 386-400, 407-413.

<sup>16</sup> Sveinsson 1953: s. 1-34; Nordal 1993: s. 354-414.

<sup>17</sup> Þorsteinsson 1953; 1956.

<sup>18</sup> Þorsteinsson 1956: s. 22-23.

<sup>19</sup> Þorsteinsson 1956: s. 22-24.

Filologen og historikaren *Jón Jóhannesson* kom med sitt eige tobinds oversiktsverk over islandsk mellomalderhistorie i 1956 og 1958.<sup>20</sup> Han hevda at Gissur blei jarl fordi han var den einaste overlevande av kongens islandske hirdmenn, og at det var umogleg for kongen å leggje Island under seg utan støtte frå ein islandsk gode. Dessutan såg han det som sannsynleg at kongen narra Gissur til å fremje si sak, ved at kongen gav han ein jarletittel som i realiteten var ein tom tittel.<sup>21</sup>

I 1958 publiserte filologen *Jón M. Samsonarson* artikkelen «Var Gissur Þorvaldsson jarl yfir öllu Íslandi?» («Var Gissur Torvaldsson jarl over heile Island?»). Hans konklusjon var at han berre rådde over Nordlandsfjerdingen, Sørlandsfjerdingen og Borgarfjörður frå 1258, og sistnemnde vart tatt frå han av Hallvard Gullske og gitt til Ravn Oddsson i 1261. Gissur fekk jarlsnamn fordi kongen ville styrke hans posisjon overfor dei andre islandske godane. Dessutan kunne han då skaffe si eiga hird. Dette skulle gjere det enklare for han å leggje heile Island under kongemakta. Dessutan tok Samsonarson opp tråden frå Þorsteinsson og samanlikna det islandske jarledømet med det orknøyske og med dei norske jarlane.<sup>22</sup>

### **Den antropologiske vendinga og transnasjonal historie**

Eg har allereie nemnt at frå 1960- og 1970-talet kan vi sjå ei fornøy interesse for islandsk historie blant historikarar utanfor Island fordi det tradisjonelle nasjonale fokuset blei noko oppmjuka. No gjorde antropologisk og litteraturvitenskapleg inspirerte perspektiv seg særleg gjeldande i den historiske forskinga.<sup>23</sup> Samstundes fortset meir tradisjonelle framstillingar å kome ut. Eit eksempel er den britiske historikaren *Barbara E. Crawfords* doktoravhandling om det orknøyske jarledømet frå 1971. Denne er av særleg interesse for mi undersøking fordi ho samanlikna dette jarledømet med det islandske og med dei norske jarledøma. Ho fann m.a. ut at det orknøyske og det islandske hadde til felles at dei begge var ansvarlege overfor den norske kongen og måtte betale skatt til han, men at det orknøyske var arveleg og var atskillig meir levedyktig enn det islandske.<sup>24</sup>

Den islandske historikaren *Gunnar Karlsson* ser i teksten «Frá þjóðveldi til konungsríkis» («Frå fristat/folkevelde til kongerike») frå 1975, jarledømet og dei andre kongelege hirdmennene på Island som eit resultat av den generelle historiske utviklinga i

<sup>20</sup> Jóhannesson 1956; 1958. Det første bindet vart omsett til norsk av Hallvard Magerøy i 1969, og eg vil referere til denne omsetjinga i resten av dette arbeidet.

<sup>21</sup> Jóhannesson 1958: s. 31; 1969: s. 227.

<sup>22</sup> Samsonarson 1958.

<sup>23</sup> Sigurðsson 2000: s. 37ff; Wærdahl 2010: s. 36f.

<sup>24</sup> Crawford 1971: s. 180-183. Ei bearbeidd og utvida utgåve av Crawfords avhandling kom i 2013, men ho har her utelatt denne samanlikninga mellom det islandske og det orknøyske jarledømet.

Noreg og resten av Europa, med ei aukande konge- og kyrkjemakt. For Islands vedkomande representerer dette ei utvikling frå godestyre til kongeleg lensstyre.<sup>25</sup> Karlsson ser dermed islandsk historie i lys av nordisk og europeisk historie, i større grad enn mange islandske historikarar før han har gjort.

Den danske antropologen *Kirsten Hastrup* publiserte i 1985 boka *Culture and History in Medieval Iceland*, der ho brukte antropologiske teoriar for å undersøkje det mellomalderske islandske samfunnet. I tillegg kom dei amerikanske forskarane *Jesse L. Byock* og *William Ian Miller* i høvesvis 1988 og 1990 med kvar sine bøker om islandsk mellomalderhistorie, der dei la særskild vekt på sosiale relasjonar og feidar mellom ulike grupper og individ i det islandske mellomaldersamfunnet. Dei var særleg inspirerte av sosiologiske og antropologiske teoriar.

Miller meiner at islendingane sannsynlegvis såg på si eiga republikanske forfatning som ein anomali i det samtidige verdsbiletet, som var dominert av kongar: «How strange it must have been to know oneself as the people without a king». Dette førte til tvil og til at enkelte innfødde godar (for eksempel Snorre Sturlason og Gissur Torvaldsson) fekk ambisjonar om å skaffe seg sjølv ein kongeliknande status i landet.<sup>26</sup> Hastrup og Byock meiner at all uroa som islendingane opplevde etter 1220 på grunn av storgodanes stridigheter gjorde landet opent for den norske kongens påverknad.<sup>27</sup> I ein artikkel frå 1986 la dessutan Byock fram teorien at Gissur som jarl prøvde å etablere eit politisk system som var basert på vasallitet. Dessutan vart jarledømet berre ein kort episode fordi den norske kongen ikkje var interessert i å gje ein islandsk gode for mykje makt.<sup>28</sup>

Den noregsbaserte islandske historikaren *Jón Viðar Sigurðsson* har publisert fleire bøker og artiklar om islandsk og norsk mellomalderhistorie. I fleire av dei seinare arbeida sine har han dessutan prøvd å sjå samanhengar mellom dei to landa, og dei andre norrøne områda, for eksempel Orknøyane. Dette er derfor ei historieskriving med eit transnasjonalt perspektiv. I dette omgrepet ligg det at ein prøvar å sjå ulike land sine historier i samanheng med kvarandre. Undersøkingsobjektet er det som bind desse landa saman. Sigurðsson meiner Gissur vart utnemnd til jarl fordi kongen for det første ville sørge for at det var ein overordna instans i landet, og dessutan for at han kunne få seg ein hær frå Island.<sup>29</sup> Han legg også vekt

<sup>25</sup> Karlsson 1975: s. 51ff.

<sup>26</sup> Miller 1990: s. 41.

<sup>27</sup> Hastrup 1985: s. 223-237; Byock: 1988: s. 75f.

<sup>28</sup> Byock 1986: s. 37.

<sup>29</sup> Sigurðsson 2008: s. 113ff.

på den gradvise makkonsentrasjonen og statsutviklinga på Island, og prestisjekampen mellom godane, noko som førte til at fleire av dei søkte støtte hos den norske kongen.<sup>30</sup>

Den norske historikaren *Hans Jacob Orning* har i si undersøking av norske kongars maktutøving i høgmellomalderen tatt med Gissur og andre islandske stormenn. Han legg vekt på at desse ikkje forstod «truskap» på same måte som kongen gjorde det – deira truskapsoppfatning var kontekstuell, ikkje absolutt. Denne tenkemåten kjem fram i *Sturlunga saga*, medan andre kjelder, som *Håkon Håkonssons saga* og *Kongsspegele* forfekta ei meir absolutt truskapsoppfatning, i tråd med *rex iustus*-ideologien. Orning ser det som om det i første rekke var islandske interesser som bestemte Gissurs og andre godars handlingsmønster, sjølv om dei var i kongens ærend. Så når kongens islandske hirdmenn kom i konflikt, og klaga kvarandre for å vere ulydige mot kongen, var det i første rekke ein del av deira innbyrdes maktkampar som islandske godar.<sup>31</sup>

Den norske historikaren *Randi Bjørshol Wærdahl* har eit tydeleg transnasjonalt perspektiv i doktoravhandlinga si frå 2006, med tittelen *Norges konges rike og hans skattland: Kongemakt og statsutvikling i den norrøne verden i middelalderen*. Ho undersøkte, som tittelen antyder, den norske kongemaktas ekspansjon over Vesterhavsøyane i eit statsutviklingsperspektiv. Ho hevdar, i likskap med Sigurðsson, at den innanlandske politiske utviklinga på Island bana veg for kongeleg, norsk påverknad. Ho hevdar at jarledømet kan sjåast på som kongens ønske om å få skatt frå Island, sidan dette var ein sentral del av Gissur eid overfor kongen. Dessutan skulle den gjeve jarletittelen inspirere Gissur til ekstra innsats. Gissurs makt var likevel relativt innskrenka, fordi han måtte dele skatteinntektene med kongen, og han vart konstant overvaka av kongelege agentar. Vidare ser ho, som Ólsen i si tid gjorde, at når Gizararsáttmáli slår fast «jarlen vil vi ha over oss», er det eit resultat av Gissurs ønske om å sikre sin eigen posisjon.<sup>32</sup>

Slik forskingsfronten er no, er det framleis usemjø om kvifor jarledømet vart oppretta, og kvifor det døydde med Gissur i 1268. Dette har delvis å gjere med dei ulike forskarane sine nasjonalpolitiske og faglege perspektiv. Vi ser derimot ein større tendens til å sjå jarledømet i ein større nordatlantisk/europeisk samanheng i løpet av dei siste tiåra. Men det er samstundes rom for ei meir djuptgåande undersøking av det islandske jarledømet, ikkje minst pga. av alle dei ulike oppfatningane om det, og mangelen på historiefaglege arbeid som har konsentrert

<sup>30</sup> Sigurðsson 1993: s. 69-93.

<sup>31</sup> Orning 2004: sjå spesielt s. 179-202.

<sup>32</sup> Wærdahl 2006: 95-112.

seg om det islandske jarledømet som institusjon. Jarledømets politiske struktur og maktgrunnlag har aldri blitt skikkeleg undersøkt. Spesielt det økonomiske aspektet har vore fråverande i forskinga på jarledømet. Det er også blitt gjort lite forsking på Gissur og jarledømets stilling etter 1264. Eg håper i dette arbeidet å kunne bidra til å belyse desse spørsmåla. Men før eg kjem så langt, skal eg drøfte dei kjeldene som er tilgjengelege for denne undersøkinga.

## Kjeldene

Kjeldene til det islandske jarledømet er av ulik karakter, her er det både sogelitteratur, annalar, lover og traktatar. Island er samanlikna med andre område i Europa relativt rikt på mellomaldersk kjeldemateriale, spesielt med tanke på si vesle befolkning og karrige naturlege føresetnader. Det er også unikt at størstedelen av det bevarte norske og islandske kjeldematerialet er skrive på folkespråket norrønt, medan det elles i Europa var vanlegast å skrive på latin. Dette tydde ikkje at mellomalderens nordmenn og islendingar var därlege i latin, snarare tvert imot. Det er heller slik at dei vidareutvikla og tilpassa den latinske skriftkulturen som kom med kristendommen til eit slikt nivå at ein kunne overføre språkferdigitetene i latin til å produsere litteratur også på morsmålet. Det er sannsynleg at skriftkulturen i Noreg og på Island i stor grad kom via England, der morsmålet hadde ei sterk stilling som skriftsspråk før den normanniske invasjonen i 1066.<sup>33</sup> Spesielt sogeneskriving blei islendinganes spesialfelt framfor noko anna, noko som har gitt oss verdifulle kjelder til både islandsk, norsk og orknøysk historie. Det er sannsynlegvis blitt skrive minst like mykje av administrativ og religiøs karakter i Noreg som på Island i den same perioden.<sup>34</sup> Men ein større del av det islandske materialet er blitt bevart enn det norske. Dette må nok forklarast med at det i dei følgjande hundreåra var betre føresetnader for at gamle bøker fekk vere i fred i det meir isolerte og tradisjonelle islandske samfunnet enn i det norske.

Innanfor mitt undersøkingsfelt kan vi sete eit skilje angåande kjeldene ved at dei siste islendingane svor truskap til kong Magnus i 1264. Tiåra før dette er relativt godt dekka i tre av sogene i kompilasjonen Sturlunga saga: Islendinganes saga, Tord Kakales saga og Torgils Skardes saga. Vi finn også ein del stoff i Håkon Håkonssons saga og ulike islandske annalar. Dessutan har vi fleire handskrift som gjengir innhaldet i dei traktatane som innbyggjarane i dei ulike delane av Island gjekk med på i løpet av åra 1262-64 (Gizurarsáttmáli og Gamla sáttmáli). Her lova dei den norske kongen skatt og evig truskap. Dessverre er tida etterpå meir

<sup>33</sup> Sigurðsson 2008: s. 181.

<sup>34</sup> Sigurðsson 2008: s. 180.

dunkel i kjeldene. Her har vi berre nokre sparsommelege opplysingar frå annalane<sup>35</sup> og eit avsnitt frå Biskop Arnes saga, der Gissur kjem i konflikt med sin frende, den framtidige biskop Arne av Skálholt, over eit ekteskapsspørsmål.<sup>36</sup> Det er karakteristisk at sogeneskrivinga om lokale, verdslege høvdingar stoppar opp etter at eit område har kome inn under den norske kongen. Dette gjeld både Island og Orknøyane. Orknlyjarlen måtte gje frå seg mykje av si makt og mynde i 1195. Jón Viðar Sigurðsson hevdar at

Det ser ut til at det verdslige toppsjiktet i det norrøne samfunnet kunne få sagaer skrevet om seg så lenge det ikke var direkte underlagt den norske kongemakten. Etter det var det upassende å sette hirdmenn i samme bås som kongen.<sup>37</sup>

Det gjer heller ikkje situasjonen noko betre at av den eine soga som blei skriven om ein verdsleg høvding i det norrøne området etter 1264, nemleg *Magnus Lagabøtes saga*, har vi berre fått overlevert nokre få sider. Det er fleire årsaker til at så mykje av det som blei skrive i Noreg i mellomalderen er gått tapt. For det første hadde dei oldenborgske kongane stor påverknad på historieskrivinga i den oldenborgske heilstaten etter reformasjonen, og kva kjelder som var verdt å ta vare på og ikkje. Det fanst heller ikkje lenger nokon innfødd norsk elite som hadde interesse av å ta vare på dei. Det vart derimot lagt vekt på å framstille nordmennene i historieverka som tapre krigarar.<sup>38</sup> Og kanskje det var derfor oldenborgarane ikkje hadde interesse i å ta vare på Magnus' saga? I motsetning til dei fleste andre av dei norske kongesogene, der den heroiske krigarkongen stod sentralt, var kong Magnus Lagabøte ein fredsæl og diplomatisk lovgivar og administrator.

### **Samtidssogene: Problem og moglegheiter**

*Håkon Håkonssons saga* er som tittelen tilseier, saga om kong *Håkon Håkonssons* (1204-63) liv. Ho er ei svært sentral kjelde til den politiske utviklinga i Noreg og i Noregsveldet under kong Håkons regjeringstid, og kjem derfor til å vere ei sentral kjelde i mitt arbeid. Ho vart skriven av islendingen *Sturla Tordsson* på ordre av kong Håkons son og etterfølgjar kong *Magnus Lagabøte* (1238-80) i 1264-65. Soga er bevart i ei rekke mellomalderlege skinnbøker, som *Codex Frisianus*, *Eirspennil*, *Flateyjarbók*, *Skálholtsbók yngsta* og *Kungl. Bibl. Stockholm Perg. Fol. Nr. 8.*<sup>39</sup> Sogene i den islandske soge-kompilasjonen som vi kjenner som *Sturlunga saga*, beskriv islandske forhold i perioden 1150-1264. Dei vart samla, mest

<sup>35</sup> IA (Islandske Annaler indtil 1578, utg. Gustav Storm): s. 68, 135-137, 258, 330-331, 383, 483.

<sup>36</sup> Ásb: kap. 6. Kapittelinnndelinga er den same både i Guðrun Ása Grímsdóttirs norrøne utgåve og i Gunhild og Magnús Stefánssons omsetjing.

<sup>37</sup> Sigurðsson 2008: s. 107.

<sup>38</sup> Rian 2013: s. 82-88. Mange av dei norske pergamentmanuskripta frå mellomalderen vart delt opp i fragment og brukta til å binde saman nyare bøker, og til andre formål. Sjå Karlsen 2013; Pettersen 2013.

<sup>39</sup> Magerøy 1979: s. 8, 14-16.

sannsynleg av lagmannen Tord Narvesson, rundt 1300. Sogene er bevart i dei to skinnbøkene *Króksfjarðarbók* og *Reykjarfjarðarbok*, som begge er frå 1300-talet. Sidan desse skinnbøkene ikkje er heilskapleg bevart i dag, har filologane brukt seinare papirhandskrifter av desse for å få ei fullstendig utgåve av Sturlunga saga.<sup>40</sup> *Islendingenes saga* er den lengste av sogene i Sturlunga saga, og er den som gir mest omtale av Gissur Torvaldsson og jarledømet. Forskarane er samde om at det er Sturla Tordsson som har skrive hovuddelen av henne, men er usamde om kor stor del av soga som han står bak. Sturla skreiv denne soga sannsynlegvis etter han skreiv ferdig den no stort sett tapte *Magnus Lagabøtes saga* i 1278.<sup>41</sup>

Både Håkons saga og sogene i Sturlunga saga blir kalla for samtidssoger, fordi det er relativt kort tid mellom dei beskrivne hendingane og når sogene blei forfatta. Dei fleste historikarar reknar dei derfor for å vere relativt pålitelege kjelder. Men også bak desse samtidssogene ligg det som ved alle framstillingar personlege, ideologiske og politiske preferansar. Dette kjem fram dersom ein samanliknar dei ulike kjeldene. For eksempel gir Håkons saga og Islendinganes saga oss to ulike versjonar av drapet på Snorre Sturlason i 1242.<sup>42</sup> Forskjellane mellom Håkons saga og Islendinganes saga blir spesielt merkelege når vi veit at begge sogene hadde same forfattar, nemleg Snorres nevø Sturla Tordsson. Forskjellen mellom dei to sogene er at medan Håkons saga er ei «offisiell kongesoge» bestilt av det norske kongehuset, er ikkje Islendinganes saga noko bestillingsverk på vegne av nokon konge.<sup>43</sup> I *Tatten om Sturla*, som er ei kort forteljing i Sturlunga saga om Sturla Tordssons siste leveår, kan vi lese om korleis han vann kong Magnus Lagabøtes tillit og blei sett til å skrive soga om hans far, kong Håkon:

Og litt seinare blei Sturla ein god ven av kongen, og spurde han ofte til råds og sette han til det vanskelege arbeidet med å setje saman soga om kong Håkon, far sin, etter sine eigne råd og dei visaste menns føresegner.<sup>44</sup>

I følgje Ólafia Einarsdóttir er det her ikkje berre snakk om ein offisiell kongebiografi, men regelrett sensur, der kong Magnus, i tillegg til å ha bestilt verket, set over sogeneskrivaren, og bestemmer kva som skal vere med og ikkje.<sup>45</sup> Ho trekk spesielt fram vidare framstillinga av møtet mellom kardinal Vilhelm av Sabina, kong Håkon, Gissur Torvaldsson og Tord Kakale

<sup>40</sup> Jóhannesson 1946: s. xiii-xix, li-liii.

<sup>41</sup> Jóhannesson 1946: s. xxxix; Thomas 1970: s. 32; Ólason 1994: s. 801.

<sup>42</sup> HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap 243; Sts I (Jóhannesson et. al.): s. 453-454. Sjå også drøftinga av episoden i dette arbeidet s. 28-29.

<sup>43</sup> Kjølås 2013: s. 6-9.

<sup>44</sup> Mi omsetjing av Sts II: s. 234: «*Ok litlu siðar kom Sturla í ina mestu kærleika við kongunginn, ok hafði konungr hann mjök við ráðagerðir sínar ok skipaði honum þann vanda at setja saman sögu Hákonar konungs, föður sins, eftir sjálfss hans ráði ok inna vitrustu manna forsögn.*»

<sup>45</sup> Einarsdóttir 1994: s. 640.

Sigvatsson i Bergen i 1247, der kardinalen skal ha ytra at islendingane burde tene ein konge, «liksom alle andre land i verda.» Denne framstillinga meiner ho viser den monarkiske tendensen i soga.<sup>46</sup> Kong Magnus har nok sett retningslinjer overfor Sturla om korleis han ønskte at soga skulle vere, men der er ingen haldepunkt for at han har utøvd regelrett sensur. Vi må likevel rekne med at han stod friare då han skreiv Islendinganes saga enn då han skreiv Håkons saga.

Det kan hevdast at sogene i Sturlunga saga er meir frie frå monarkiske tendensar enn Håkons saga, og spesielt Sturla har for sitt bidrag Islendinganes saga av fleire forskrarar blitt lovprist for si nøyaktigkeit, objektivitet og nøytralitet.<sup>47</sup> Fleire forskrarar har hevdat Sturla må ha hatt eit dårleg forhold til Gissur Torvaldsson.<sup>48</sup> Han var ansvarleg for drapet på Sturlas onkel Snorre, men han hadde som jarl lova Sturla posisjonen som sysselmann over Borgarfjörður, ein lovnad som han måtte gå vekk frå då den kongelege utsendingen Hallvard Gullsko gav Borgarfjörður til Ravn Oddsson i staden.<sup>49</sup> Då kan det verke noko merkeleg då Islendinganes saga har ei relativt balansert framstilling av Gissur, både med sympatiske og mindre sympatiske sider.<sup>50</sup>

Björn M. Ólsen meinte derfor at det har eksistert ei eiga *Gissurs saga*, som er skriven av ein annan forfattar enn Sturla, og at delar av denne seinare er blitt integrert i Sturlas Islendinganes saga. Sturlas opprinnelege saga har etter hans mening slutta i 1242. Ólsens argument er at i ein del kapittel framstår Gissur som helt og hovudperson i framstillinga, og det ser ut som om Gissur sjølv har vore kjelde til dei beskrivne hendingane. Dessutan finn vi i desse kapitla litterære verkemiddel og formuleringar, som ikkje er typiske for Sturlas litterære stil. Desse kapitla skal altså stamme frå denne tapte soga.<sup>51</sup> Pétur Sigurðsson og Jón Jóhannesson har på si side avvist at Gissurs saga nokon gong har eksistert.<sup>52</sup> I analysen sin forklarte Sigurðsson den tilsynelatande fragmenterte framstillinga med Sturlas bruks av ulike kjelder, Sturlas integritet som objektiv sogeskrivar, det skiftande tilhøvet mellom han, Gissur og resten av stormannsmiljøet på Island. Sturla og Gissur var jo allierte frå 1253 til 1261, og

<sup>46</sup> HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 257; Einarsdóttir 1994: s. 647ff. David Ashurst (2007) har kome til liknande konklusjonar som Einarsdóttir angående kardinalens påståtte utsegn, men meiner i tillegg at Sturla har konstruert utsega på bakgrunn av den bibelske historia om israelittane som ønskte seg ein konge, slik som «alle andre folk har».

<sup>47</sup> Sjå drøftinga i Thomas 1970: s. 34ff.

<sup>48</sup> Ólsen 1896: s. 311ff; Sigurðsson 1933: s. 14ff; Jóhannesson 1969: s. 228.

<sup>49</sup> Sts I: s. 527f.

<sup>50</sup> Sigurðsson 1993: s. 99f; Nedrelid 1994: s. 616ff.

<sup>51</sup> Ólsen 1896: s. 304-333.

<sup>52</sup> Sigurðsson 1933: s. 11-60; Jóhannesson 1946: s. xxxiv-xxxv.

vi må rekne at dei to har nytta høvet til å utveksle nyhende.<sup>53</sup> Sigurðsson meinte likevel at Sturlas del av Islendinganes saga ikkje nådde lenger fram enn til 1255, og at den ukjende kompilatoren av Sturlunga saga har skrive resten sjølv, eller tatt det frå Tord Kakales saga. Han argumenterte for at det er tomrom i soga mellom 1255 og 58, og mellom 1262 og 64. Dette er periodar då det skjedde viktige hendingar i islandsk historie. Elles peikte han på at det er unøyaktigheiter i dei siste kapitla i soga, mellom anna då nord- og sørlendingane svor truskap og skatt til den norske kongen i 1262.<sup>54</sup> Jóhannesson har på si side argumentert for at Sturla Tordsson stod bak Islendinganes saga, heilt fram til 1262. Moglegvis stod han også bak den siste delen som slutta i 1264. Han forklarte tomromma i sogeframstillinga med at hendingane mellom 1255 og 58 var blitt beskrive i Torgils Skardes saga, og dei mellom 1262 og 64 i den no stort sett tapte Magnus Lagabøtes saga. Jóhannesson var likevel open for at dei siste kapitla i Islendinganes saga kan ha blitt noko forkorta og omarbeidd av seinare avskrivrarar, noko som kan forklare dei unøyaktigheitene som Sigurðsson påpeikte.<sup>55</sup>

Alt i alt må det likevel konkluderast med at samtidssogene er relativt pålitelege kjelder når dei fortel om faktiske hendingar. Vi veit at Sturla hadde tilgang til skriftlege kjelder då han skrev Håkons saga, m.a. i kongelege arkiv, og bygde si framstilling på dette.<sup>56</sup> Til Islendinganes saga brukte han sine eigne erfaringar og andre samtidige augevitne som munnlege kjelder, i tillegg til skriftleg materiale (brev, rettsdokument og kortare forteljingar) som var tilgjengeleg for han.<sup>57</sup> Som moderne tekstkritikk og språkfilosofi har lært oss, er det eigentleg ingenting som er objektivt og nøytralt, og vi kan ikkje forvente at 1200-talets islandske sogeskrivarar skal vere det heller. Då gjeld det berre å bruke det dei skrev for alt det er verdt, samstundes som vi vurderer det med eit kritisk blikk, der vi må ta høgde for ulike personlege, politiske og ideologiske perspektiv i framstillingane.

## Annalane

Eg har allereie nemnt dei islandske annalane som sentrale kjelder til undersøkinga. Gustav Storm daterte dei eldste av dei til byrjinga av 1300-talet, og konstanterte at annalistane brukte kongesogene, Sturlunga saga og det eldre islandske sogematerialet som kjelder for norsk og islandsk historie. Her er sitat av årstal sjeldne, og det blir aldri referert til annalar av noko slag. Men Storm meiner likevel bispesogene som blei skrivne på 1300-talet, for eksempel

<sup>53</sup> Sigurðsson 1933: s. 11-24.

<sup>54</sup> Sigurðsson 1933: s. 133-151.

<sup>55</sup> Jóhannesson 1946: s. xxxv-xxxviii.

<sup>56</sup> Bjørgo 1967; Helle 1974: s. 108.

<sup>57</sup> Sts I: s. 115; Jóhannesson 1946: s. xxxix-xl; Thomas 1970: s. 35-37.

Arnes saga og Laurentius' saga, i utstrakt grad er basert på annalane. I mange tilfelle refererer dei til hendingar med same ord som annalane, og mange av desse hendingane har lite med sogenes tema (dvs. kyrkjehistorie) å gjere. Det vil seie at avhengigheita av annalane er stor.<sup>58</sup>

For underkastinga av Island under kong Håkon og kong Magnus i åra 1262-64, meiner Patricia Pires Boulhosa at annalane kan vere kjeldene til sogene eller at begge har henta informasjon frå felles kjelder.<sup>59</sup> Hermann Pálsson daterer den eldste delen av *Annales regii* til kort tid før 1280, og meiner at annalisten har skrive ned hendingar som han hugsa sjølv, eller hadde skriftlege kjelder på.<sup>60</sup> Det er dermed sannsynleg at både denne annalisten og Sturla Tordsson kan ha brukt dei same kjeldene når dei beskrev dei same hendingane. Storms teori om at annalane er sekundære i høve til sogene fell derfor saman, i alle fall når det gjeld hendingar etter 1260.

Annalane kjem dessutan med ein del opplysingar om biskop Magnus av Skálholt (1216-37), som vi ikkje finn noko særleg om verken i Islendinganes saga eller nokon av dei andre overleverte sogene. Jón Jóhannesson meinte derfor at det har eksistert ei eiga soge om han.<sup>61</sup> Som eg tidlegare har nemnt, er størstedelen av Magnus Lagabøtes saga gått tapt. Dermed blir annalane svært viktige til å fylle igjen slike hol i sogelitteraturen. Det vil ikkje seie at annalane er uproblematiske å bruke. Elbjørg Haug har vist at dei er sekundære, ikkje samtidige kjelder som til ein viss grad er baserte på vase rykte, tidsangivingane kan vere feilaktige, og at dei til og med kjem med falske opplysningar.<sup>62</sup>

## Lover og traktatar

Det kan med rette hevdast at mellomalderens lovtekstar er kjelder til den tidas normer og verdiar. Eit samfunns normer og verdiar er viktig for å forstå det, m.a. fordi det kan forklare kvifor individ handlar som dei gjer. I følgje Elbjørg Haug er lovane indisia på konfliktar og spenningar som til slutt førte til lovgiving. Dessutan reflekterer dei normer som var gyldige i samfunnet i den tidsperioden då dei blei lovfesta. I tillegg skaper eller bekreftar lovgivinga ulike institusjonar.<sup>63</sup> Eit likande syn blei forfekta av Konrad Maurer, som hevda at det var sedvanen som i størst grad utforma dei mellomalderske lovene.<sup>64</sup> Vi finn også eksempel på at

<sup>58</sup> Storm 1888: s. lxviii-lxxx.

<sup>59</sup> Boulhosa 2005: s. 104f.

<sup>60</sup> Pálsson 1965: s. 50, 99ff. Pálsson kallar *Annales Regii* for Pingeyraannáll.

<sup>61</sup> Jóhannesson 1946: s. xl.

<sup>62</sup> Haug 1997: s. 267-272; 2006: s. 32-49.

<sup>63</sup> Haug 2013: s. 2.

<sup>64</sup> Maurer 1907-10, bind I, del 1: s. 304.

sedvanen streid imot den gjeldande lovgivinga. I slike tilfelle måtte ein i gang med ein ny lovgivingsprosess.<sup>65</sup>

Siste halvdel av 1200-talet er ein periode prega av store lovnedskrivingar og revisjonar, både på Island og i Noreg. Allereie kong Håkon Håkonsson byrja å revidere dei norske lovene, eit arbeid som vart ført vidare og nådde sitt høgdepunkt under sonen Magnus. Ein del av avtalen mellom den norske kongemakta og islendingane frå 1262-64, var at islendingane skulle få ha sine eigne lover.<sup>66</sup> Dei hadde allereie si eiga lovsamling, *Grágás*, som vart brukt under fristatsperioden. Eg reknar med at denne vart brukt heilt fram til 1271, då ho vart erstatta med *Járnvíða*. Denne vart skriven i Noreg på ordre av kong Magnus, og brakt til Island av bl.a. Sturla Tordsson i 1271. Ho vart gradvis vedtatt på Alltinget i åra som følgde.<sup>67</sup> Seinare, i 1280-81, fekk islendingane endå ei ny lovbo, *Jónsbók*.<sup>68</sup>

I løpet av åra 1262-64 svor representantar frå alle landsfjerdingane på Island evig skatt og truskap til den norske kongen. Dette er blant dei mest undersøkte og omdiskuterte hendingane i Islands historie.<sup>69</sup> Ein svor på vilkår som både islendingane og kongemakta vart samde om. Desse vilkåra er bevart i ei rekkje handskrift som blir kalla for *Gizurarsáttmáli* og *Gamli sáttmáli*. Mange av dokumenta i dette korpuset har dessutan blitt datert til så seint som 1302, då ein fornya avtale vart forhandla fram mellom islendingane og kong Håkon V Magnusson.<sup>70</sup> Nokre forskrarar kallar traktaten av 1262 for *Gizurarsáttmáli*, medan dei av 1263, 1264 og 1302 kallar dei *Gamli sáttmáli*.<sup>71</sup> Andre forskrarar igjen referer til alle traktatane som *Gamli sáttmáli*.<sup>72</sup> Ei tredje gruppe forskrarar refererer til traktatane frå 1262-64 som *Gizurarsáttmáli* og dei frå 1302 som *Gamli sáttmáli*.<sup>73</sup> Det er også usikkert om dei islendingane som svor skatt og truskap i 1263 og 64 svor på dei same vilkåra som dei som svor i 1262. Traktaten frå 1302 var ei fornying av avtalane frå 1262-64 mellom islendingane og kong Håkon V Magnusson. Den brasiliansk-britiske historikaren Patricia Pires Boulhosa

<sup>65</sup> Kjølås 2013: s. 12.

<sup>66</sup> Sjå s. 93.

<sup>67</sup> Ásb: kap. 18-20, 26; IA: s. 28, 68, 259, 331f.

<sup>68</sup> Ásb: kap. 57, 62; IA: s. 50, 70, 195, 337.

<sup>69</sup> Sjå for eksempel Jón Sigurðsson 1855: s. 5-15; Munch 1852-58, bind IV, del 1: s. 362-376; Jónsson 1903: s. 105-109; Ólsen 1908; 1909; Þorsteinsson 1953: s. 313-316; 1969: s. 286-290; Jóhannesson 1969: s. 236-241; Maurer 1969: s. 136-138; Boulhosa 2005: s. 87-153; Wærdahl 2006: s. 107-114; Jón Viðar Sigurðsson 2010: s. 53-64; 2011a.

<sup>70</sup> Munch 1852-58, bind IV, del 1: s. 367-369; Jóhannesson 1969: s. 240.

<sup>71</sup> Jóhannesson 1969: s. 236-240.

<sup>72</sup> Sjå for eksempel Ólsen 1908: s. 32-73; Sigurðsson 1995: s. 160; Karlsson 2000: s. 83ff.

<sup>73</sup> Jónsson 1960; Hastrup 1985: s. 232ff, 260.

har dessutan peika på kor tvilsamt det er å datere dei ulike handskriftene til ulike årstal og historiske hendingar.<sup>74</sup> Dette vil eg drøfte meir inngåande i kapittel 4.

Vi har dessverre ikkje handskrifter av såttmåltekstane som er eldre enn 1400.

Boulhosa meiner derfor at teksten i desse handskriftene ber preg av at islendingane brukte dei til å forhandle med den norske krona på 1400-talet.<sup>75</sup> Vi må likevel gå ut frå at det blei inngått slike avtalar, sidan vi har så godt belegg for dei andre stader.<sup>76</sup> Det er avgrensa kor mykje dei islandske skribentane kan ha endra på avtalen utan at kongemakta hadde reagert på det. Eg går dermed ut frå at Gizurarsáttmáli og Gamli såttmáli regulerte tilhøvet mellom den norske kongemakta og islendingane etter 1262-64. Eg vil påstå at det er mest fruktbart å sjå på dei ulike tekstane som éin tekstkorpus, slik som bl.a. Boulhosa og Wærdahl har argumentert for. Dei peiker på at tekstane inneheld anakronismar på nokre punkt dersom dei blir daterte til 1262-64, men at dei på andre punkt inneheld anakronismar dersom ein går ut frå ei datering til 1302.<sup>77</sup> Desse tekstane har dermed blitt til over tid, og inneheld sannsynlegvis element som stammar frå 1262-64, men med seinare tillegg. Det er innhaldsmessige forskjellar mellom dei ulike handskriftene, men dei fleste av dei ser ut til å innehalde dei same hovudpunkta, som eg vil drøfte i kapittel 4.

I Magnus Lagabøtes Landslov av 1274 finn vi eit interessant kapittel om jarle- og hertugeiden, som kan kaste lys over det islandske jarledømets stilling.<sup>78</sup> Her kan det innvendast at sidan Landslova ikkje galdt på Island, er den ubrukeleg som kjelde for islandske tilhøve. Men i følgje det synet på lovene som eg skisserte i byrjinga av avsnittet, reflekterer lovtekstar som Landslova normer, oppfatningar og sedvanar som var aktuelle på denne tida. Vi må også hugse på at det var den norske kongen som etablerte det islandske jarledømet, og at den norske bakgrunnen derfor er avgjerande for å forstå det islandske jarledømet som institusjon.

Det same kan seiast om Hirdskråa, som er lovboka for kongens handgjengne menn, eller hirdmenn. Desse var tilknytt kongen med truskapseid, og utgjorde kjernen av hans administrative og militære apparat. Hirdskråa seier eksplisitt at den islandske jarlen var ein av desse, og i fleire kapittel blir det forklart kva rettar og plikter som følgde med jarletittelen,

---

<sup>74</sup> Boulhosa 2005: s. 110-144.

<sup>75</sup> Boulhosa 2005: s. 110-144.

<sup>76</sup> Sts I: s. 528-529; II: s. 224; HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 311; IA: s. 134-135, 258, 330; 482-483.

<sup>77</sup> Boulhosa 2005: s. 106-144; Wærdahl 2006: s. 107-110.

<sup>78</sup> Sjå Absalon Tarangers omsetjing i MLI: s. 25. Den norrøne originalteksten i NgL II: s. 30:

dessutan korleis jarlane vart utnemnde.<sup>79</sup> Den Hirdskråa som vi har fått overlevert til i dag, blei nedskriven mellom 1273 og 77, altså under Magnus Lagabøtes regjeringstid.<sup>80</sup> Men ein reknar med at mykje av stoffet i denne har vore gjeldande hirdlov svært lenge. Det fanst sannsynlegvis ei eldre Hirdskrå frå kong Sverres tid (1184-1202), og det har også vore forsøkt å spore hirdlovgivinga endå lenger tilbake.<sup>81</sup>

Vi har også konkrete eksempel på at hirdlovgivinga er blitt brukt for å straffe eller kontrollere islandske hirdmedlemmer. For eksempel blei Snorri Sturluson tatt av dage og hans eigedomar konfiskert fordi han hadde konspirert med hertug Skule og forlatt Noreg utan kongens løyve.<sup>82</sup> Snorre var blitt kong Håkons skutilsvein og lendmann i 1220, og var dermed underlagt hirdlovgivinga.<sup>83</sup> Kong Håkon kalla ved fleire høve islandske hirdmenn til seg i Noreg, også med heimel i hirdlovgivinga.<sup>84</sup> For eksempel vart Tord Kakale stemna til Noreg i 1249, fordi kong Håkon meinte han arbeidde meir for å leggje Island under seg sjølv enn under kongen.<sup>85</sup> Orækja Snorresson vart i følgje Skálholtsannalen stemna til Noreg i 1235.<sup>86</sup> Vi må anta at han var blitt kong Håkons handgjengne mann, i likskap med far sin, Snorre. Derfor hadde kongen rett til å stemne han til seg.

Vi kan konkludere med at perioden fram til 1262 er relativt godt belagt i kjeldene når det gjeld det islandske jarledømet. Vi har kjelder som beskriv hendingane både utifrå ein norsk og ein islandsk ståstad. Spesielt gir det rikhaldige sogematerialet på mange måtar ei detaljert og koherent framstilling av Gissur og den politiske utviklinga på Island. For perioden etter 1262 er det tilgjengelege kjeldematerialet meir fragmentert og mindre omfattande. Vi har likevel ein del opplysningar å gå ut frå, og dette vil leggje grunnlaget for den empiriske undersøkinga i dette arbeidet om det islandske jarledømet.

---

<sup>79</sup> Hirdskrå (Imsen): kap. 9-12.

<sup>80</sup> Kjølås 2013: s. 15.

<sup>81</sup> Helle 1974: s. 77, 136; Imsen 2000b: s. 25-28.

<sup>82</sup> HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap 243; Sts I: s. 453; Sts II: s. 118. Sjå også Wærdahl 2006: s. 119-120; Sigurðsson 2011a: s. 118; Kjølås 2013: s. 12.

<sup>83</sup> HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 59; Sts I: s. 277f; Hirdskrå: kap. 29.

<sup>84</sup> Hirdskrå: kap. 29.

<sup>85</sup> HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 268; Sts II: s. 86. Sjå også Sigurðsson 2011a: s. 119.

<sup>86</sup> IA: s. 188.

## Kapittel 2: Eit jarledøme blir til

Føremålet med dette kapittelet er å undersøkje kvifor det islandske jarledømet blei oppretta i 1258, og kvifor Gissur Torvaldsson blei valt til dette embetet. Eg vil innleiingsvis sjå dette i samanheng med dei andre islandske godane som tidlegare hadde prøvde å vinne kong Håkons gunst ved å leggje under seg Island. Kvifor mislukkast dei, i motsetnad til Gissur? Det vil elles bli lagt vekt på kva slags funksjon jarlen hadde, både som kongeleg undersått og som politisk leiar for dei områda han vart sett over. Eg vil dermed også drøfte kva som låg i jarletittelen, og den historiske utviklinga av denne verdigheita. Det var jarlar både på Orknøyane og i Noreg, som var den norske kongens handgjengne menn. Sannsynlegvis fekk også Snorre Sturlason jarletittel av hertug Skule Bårdsson i 1239. Eit slikt komparativt perspektiv med ei samanlikning av jarleverdigheita i ulike delar av Noregsveldet vil kunne gjere det enklare å forstå Gissurs posisjon.

### Dei islandske godanes fyrstelege ambisjonar

Det kan hevdast at dei voldsame stridighetene som herja Island i perioden 1220-1264, og som gjerne blir kalla sturlungestridane, blei utkjempa mellom ulike godeætter som ønskte å auke makta si, og eventuelt å bli eineherskarar på Island. Konrad Maurer skreiv følgjande om dette:

Menn som Snorre Sturlason og Sturla Sigvatsson, Tord Kakale og Torgils Skarde må ha sett føre seg ei stilling som Orknøyjarlane eller småkongane på Hebridane hadde. Og Gissur Torvaldsson kunne tru at han hadde oppnådd ei slik stilling med jarlsnamnet, medan leiarane for dei andre godeættene i det minste kunne håpe på ei stilling liknande den som grevar og baronar i andre land hadde.<sup>87</sup>

Ingen av kjeldene seier eksplisitt at det var dette som var dei islandske godanes mål, men dersom vi ser på handlingsmönsteret deira, er det ikkje utenkjeleg at dei hadde slike ambisjonar. Eg vil i denne delen undersøkje korleis dei mislukkast i dette.

Unge menn av islandske godeætter hadde lenge hatt det for vane å gjere teneste hos den norske kongen eller andre kongar og fyrstar. Men ingen hadde oppnådd like høg rang i den norske kongens hird som den Snorre Sturlason fekk i 1219-20. Han blei nemleg lendmann, og fekk i oppdrag å sikre fredelege forhold for norske kjøpmenn på Island, og leggje landet under kong Håkon. Snorre greidde snart å bli den mektigaste og rikaste mannen

<sup>87</sup> Mi omsetjing av Maurer 1969: s. 477: «*Männern wie Snorri Sturluson und Sturla Sighvatsson, Pórðr kakali und Þorgils skarði mochte eine Stellung vorgeschwebt haben, wie sie die Jarle der Orkneys oder die kleinen Könige der Hebriden wirklich einnahmen, und Gizurr Porvaldsson mochte glauben, mit dem Jarlsnamen eine solche wirklich errungen zu haben, während die Häupter anderer Godenfamilien sich wenigstens auf eine ähnliche Stellung Hoffnung gemacht haben dürften, wie sie in anderen Landen den Grafen und Baronen zukam.*»

på Island, men han gjorde lite for å fremje kongens sak. I 1235 blei han driven frå landet av sin eigen nevø, Sturla Sigvatsson.<sup>88</sup>

Sturla hadde sjølv lova kong Håkon Håkonsson at han ville prøve å få lagt Island under kongemakta. Som motyting skulle Sturla få bli ein slags gode eller lensfyrste over landet.<sup>89</sup> Men Sturlas forsøk på å leggje under seg Island enda med at han og fleire av frendane hans mista livet i slaget på Örlygsstaðir i 1238, der han kjempa mot Gissur Torvaldsson og Kolbein Arnorsson Unge.

I 1242 kom Sturlas bror Tord Kakale Sigvatsson tilbake til Island for å gjenvinne sturlungeættas ære. Han hadde vore hos kong Håkon i Noreg då slektingane hans leid det katastrofale nederlaget på Örlygsstaðir. Tord var ein dyktig hærførar og greidde å nedkjempe Kolbein Unge og hans etterfølgjar Brand Kolbeinsson. I 1246 hadde han sikra seg kontrollen over heile Nordlandsfjerdingen. Men Tord vart utfordra av Kolbeins gamle allierte Gissur Torvaldsson. Tord og Gissur vart samde om å dra til kong Håkon i Noreg, for å la han døme mellom dei.<sup>90</sup> Hos kongen var dessutan kardinal Vilhelm av Sabina, som var i Noreg for å krone kong Håkon. Han fungerte dessutan som kongens rådgjevar i saka mellom Tord og Gissur, saman med den nyvigde biskopen av Hólar på Island, Heinrek Kårsson. Kardinalen skal i følgje Håkons saga ha uttalt at det var uhøveleg at islendingane ikkje tente nokon konge, og at det var best om ein mann blei sett til å styre der.<sup>91</sup> Kongen ser i utgangspunktet ut til å ha føretrekt Gissur som den som styrte over Island, medan kardinalen og biskopen gjekk inn for Tord, i følgje Tords Kakales saga fordi Tord hadde mista så mange frendar i slaget på Örlygsstaðir mot Gissur og hans allierte.<sup>92</sup>

Dermed var det Tord som trakk det lengste strået denne gongen. Etter at han hausten 1247 kom tilbake til Island, greidde han å leggje under seg størstedelen av Island ved å knyte til seg dei andre godane med truskapsband. Men allereie i 1249 vart Tord stemna til kong Håkon i Noreg. Han vart av biskop Heinrek og andre skulda for ikkje å halde det han lova kongen.<sup>93</sup> Dersom Tord hadde fått styre lenger, er det sannsynleg at han hadde oppretta eit slags fyrstedøme eller monarki på Island.<sup>94</sup> Dette skjedde altså ikkje, og i staden for Tord

<sup>88</sup> Snorre Sturlason vil bli drøfta meir utførleg på s. 24-29.

<sup>89</sup> HsH (Audne & Magerøy; Mundt) kap. 180; Sts I: s. 439.

<sup>90</sup> Sts II: s. 81.

<sup>91</sup> HsH (Audne & Magerøy; Mundt) kap. 257. Tord Kakales saga (Sts II: s. 83) er mindre monarkisk, og gjengir berre kardinalens råd om at «ein mann burde vere sett over landet.»

<sup>92</sup> Sts II: s. 82-84. Sjå også HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 256-257.

<sup>93</sup> Sts II: s. 84-86; HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 257.

<sup>94</sup> Sveinsson 1953: s. 16.

sendte kong Håkon i 1252 Gissur Torvaldsson, Torgils Bødvarsson Skarde og Finnbjørn Helgason for kjempe for hans sak på Island.<sup>95</sup> Torgils var av sturlungeætta, og var den av dei tre som kunne vise til den største framgangen. Han vart i 1257 Islands største gode.<sup>96</sup> Men styret hans tok brått slutt då han vart drepen av sin tidlegare ven og forbundsfelle Torvard Torarinsson i januar 1258. Bakgrunnen for drapet var ein konflikt mellom dei to angåande kven som skulle styre over Eyafjörður på Nord-Island.<sup>97</sup> Finnbjørn hadde døydd allereie i 1255.<sup>98</sup>

Gissur Torvaldsson var dermed ikkje den første islendingen som hadde fyrstelege ambisjonar. Fleire andre godar ser ut til å hatt liknande ambisjonar. Men Snorre Sturlason vart jaga frå landet, Sturla Sigvatsson fall i kamp mot Gissur Torvaldsson og Kolbein Unge, medan Tord Kakale vart klag for utruskap mot kongen og måtte dra til Noreg. Torgils Skarde ser ut til å ha hatt liknande ambisjonar som sine frendar, men han vart drepen på grunn av ein tvist om styringsretten over Eyafjörður. Ingen av desse fire greidde altså å nedkjempe motstanden og bli eineherskarar over Island. Både andre godar, biskopar og den norske kongen kunne setje ein stoppar for slike ambisjonar.

### **Snorre Sturlason som lendmann og «fólgsnarjarl»**

Eg vil i dette avsnittet sjå nærmare på Snorre Sturlason og hans rolle som kong Håkons lendmann og som Skules jarl. I kva grad førespeglar dette Gissurs jarleverdigheit, og kan Snorres historie bringe meir lys over denne?

I 1218 braut det ut valdeleg strid mellom norske kjøpmenn som handla på Island og Grønland, og oddaverjane, med goden Sæmund Jonsson i spissen. Også Gissur Torvaldssons halvbror, Bjørn Torvaldsson, blei involvert då Sæmunds bror Orm, som også var Bjørns svigerfar, vart drepen av norske kjøpmenn. Striden førte til at skipsfarten mellom Noreg og Island vart stoppa, og i den norske riksstyringa byrja ein å leggje planar om å sende ein hær til Island. Men på denne tida oppheldt Snorre seg hos kong Håkon og Skule jarl i Noreg, og han fekk overtydd dei om å gje opp hærtoktet, og heller løyse konflikten på diplomatisk vis. Sommaren 1220 vart han kongens lendmann, og vart sendt tilbake til Island, for å skape fred for dei norske kjøpmennene der. Det ser også ut som om ein har ønskt at Snorre skulle få lagt Island under den norske kongen, eller i alle fall knyte landet nærmare til den norske

<sup>95</sup> Sts I: s. 476-477; II: s. 118-119; HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 276.

<sup>96</sup> Jóhannesson 1969: s. 226.

<sup>97</sup> Sts II: s. 216-221.

<sup>98</sup> Sts II: s. 200.

kongemakta.<sup>99</sup> Ein må ha innsett kor risikabelt det hadde vore å ha sendt ein heil krigsflåte over havet til Island. Det å knyte til seg lokale stormenn som kunne gjere den same nytta må ha framstått som eit betre alternativ.

I så fall kan vi sjå Snorres lendmannstittel som ein parallel til Gissurs jarletittel 38 år seinare. Liksom Gissur fekk Snorre ein tittel fordi han var på oppdrag frå kong Håkon for å skape fred på Island og leggje landet under kongen. Handelskonflikten med oddaverjane viser at islendingane kunne truge kongens interesser og hans herredøme. Nok eit eksempel på dette trugsmålet viste seg igjen under den andre ribbungreisinga i 1224. Blant Sigurd Ribbungs menn fann Skule jarl oddaverjen Andreas Torsteinsson, som var nevø av goden Sæmund Jonsson og den drepne Orm.<sup>100</sup>

Snorre vart i lag med sonen Orækja dreven frå landet i 1235 av sin ambisiøse nevø Sturla Sigvatsson, som prøvde å leggje Island under seg sjølv og kong Håkon. Vinteren 1238-39 var Snorre, Orækja og freunden deira Torleif Tordsson hos Skule i Nidaros, som no var blitt hertug. Våren 1239 gjorde dei seg klare til å dra til Island med hertugens løyve. Men før dei drog, fortel Snorres nevø Sturla Tordsson i Islendinganes saga om eit gjestebod hos hertug Skule, der hertugen skal ha gitt Snorre jarlsnavn. Til stades var berre nokre få menn: hertugen sjølv, venen og stallaren hans Arnfinn Tjovsson, Olav Tordsson Kviteskald, Orækja, Snorre og Torleif. Sturlas kjelde til denne hendinga er Arnfinn. Dessutan refererer han til Styrme Frode, som i ein årtidsnotis skal ha skrive om «ártið Snorra fólgsnarjarls». Men ifølgje Sturla skal ingen av islendingane ha stadfesta dette.<sup>101</sup>

Fekk Snorre verkeleg jarletittel, og i så fall kva slags jarl vart han? Dei fleste forskarane som har studert saka har omsett «fólgsnarjarl» med «løynd» eller «hemmeleg jarl» (isl. *leynijarl*). Forskarane er stort sett samde om at Skule sannsynlegvis har lova Snorre å bli hans jarl på Island dersom han greidde å ta kongsmakta i Noreg.<sup>102</sup> Vi veit at Skule blei utropt til konge hausten etter, og han må ha planlagt dette ei stund før. Arnfinn hadde ingen grunn til å lyge om Snorris jarletittel, men det er uklart korleis desse opplysingane hamna hos Sturla Tordsson, sidan Arnfinn døydde i 1241, lenge før Sturla sjølv kom til Noreg. Styrme den kloke var i Snorres teneste, det er derfor sannsynleg at han hadde desse opplysingane frå

<sup>99</sup> Sts I: s. 269-270, 277-278; HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 55, 59. Sjå også Johannesson 1969: s. 199-200.

<sup>100</sup> HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 103.

<sup>101</sup> Sts I: s. 444. Den årtidsnotisen som Sturla refererte til, er no gått tapt.

<sup>102</sup> Jóhannesson 1969: s. 210-211; Karlsson 2000: s. 81; Sigurðsson 2008: s. 112. Þorsteinsson (1953: s. 297) var derimot meir skeptisk.

Snorre sjølv.<sup>103</sup> Olav Kviteskald, som også skal ha vore til stades ved gjestebodet, var Sturlas eigen bror. Sturla må etter alt sannsyn ha snakka med han om dette. Grunnen til at Olav ikkje blei nemnt som kjelde, kan vere Sturlas ønske om å unngå å bruke nære slektingar som kjelder. Det kan også vere at Olav ikkje ønskte å bli assosiert med opprørarane Skule og Snorre i altfor stor grad.

Den norske historikaren Nils Hallan har lansert ei alternativ tolking, men som også går ut frå at Skule verkeleg gav Snorre jarlsnamn. Han avviser tydinga «løynd jarl» av «fólg snarjarl», og meiner tittelen referer til øya Storfosna ved innløpet av Trondheimsfjorden.<sup>104</sup> Hallan tenkjer seg derfor at Skule lova Snorre jarletittelen for å oppfordre han til å slå seg ned på Storfosna saman med sine islandske allierte, for å forsvare området mot kong Håkon. Snorres jarledøme låg derfor i Noreg, og ikkje på Island.<sup>105</sup> Etter mitt syn kan både Hallans tolking av Snorre som «Fosnajarl» og den meir vanlege tolkinga at han var «den løynde jarl» ha noko for seg. Men det sparsommelege kjeldematerialet tillét oss ikkje å dra sikre konklusjonar her.

For Snorre var dette den siste sjansen til å vinne tilbake si tidlegare maktstilling, enten det var som jarl på Island eller i Noreg, og han satsa alt på dette siste kortet. Skule, som sikta mot å bli konge over Noreg, må ha sett fordelane med å ha sin gode ven og allierte Snorre til å støtte han med islandske ressursar og hærstyrkar. Men då Snorre, Orækja og Torleif var i ferd med å forlate Noreg, fekk dei brev frå kong Håkon om at han forbaud alle islendingar å forlate landet den sommaren. Dei bestemte seg likevel for å dra.<sup>106</sup> Kong Håkon må ha skjøna at det ikkje var lenge før Skule gjekk ut i open strid mot han, og ville dermed hindre Skule i å få støtte frå Island. Ifølgje den såkalla Olavslova, som regulerte forholdet mellom den norske kongen og islendingane, kunne kongen hindre islendingar i å dra til Island dersom ein fiendtleg hær var viss i Noreg.<sup>107</sup> No har nok kongen tolka denne lova noko vidt, sidan det ikkje var nokon fiendtleg hær i Noreg på dette tidspunktet, men han må ha sett at faren for ufred var overhengande stor. Viktigast var likevel det faktum at Snorre, sannsynlegvis også Orækja og Torleif, var kong Håkons handgjengne menn, og var dermed underlagt

---

<sup>103</sup> Sts I: s. 323, 342.

<sup>104</sup> Hallan meiner at substantivet *folgsn* (= skjul, skjulestad) gjekk ut av språkbruken allereie før vikingtida, og berre overlever i ein del stadnamn langs norskekysten, for eksempel Fosna, Fosnavåg og Fosnes. Han argumenterer vidare for at Snorres jarletittel måtte ha hatt med ein av desse stadane å gjere, og reknar Storfosna som Snorres påtenkte jarlesete. Denne øya er grøderik og ligg strategisk til ved innseglinga av Trondheimsfjorden. Sjå Hallan 1967: s. 73-79.

<sup>105</sup> Hallan 1967.

<sup>106</sup> Sts I: s. 444; HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 195.

<sup>107</sup> NgL I: s. 437-438; Nmd: s. 14-15.

hirdlovgivinga. Hirdskråa er svært klar på dette: «Ingen av kongens edsvorne menn skal fare fra ham uten hans løyve.» Å trasse dette var å bryte eiden om truskap som ein hadde svore til kongen.<sup>108</sup> Dermed hadde Snorre og frendane hans forbrote seg mot både Olavsløva og Hirdskråa.

Tilbake på Island tok Snorre og Orækja tilbake delar av sine tidlegare godord.<sup>109</sup> Sommaren 1241 døydde Snorres kone Hallveig. Ho hadde to søner, Klæng og Orm frå det første ekteskapet sitt med Bjørn Torvaldsson, som var Gissurs bror. Etter moras død reid dei to sønene til stefaren sin, Snorre i Reykholt, for å krevje sin del av arven etter henne. Dei og Snorre vart ikkje samde om dette, og dei reid då til onkelen Gissur. Han hadde eit relativt godt forhold til Snorre, men lova likevel å hjelpe nevøane sine mot han. Gissur slo seg då saman med Kolbein Unge, som hadde vore gift med Snorres dotter Hallbera. Hallbera og Kolbein Unge slutta å leve saman i 1231. Hallbera døydde hausten etterpå, og Snorre pressa Kolbein til å gå med på at han skulle eige halvparten av dei godorda som Kolbein eigde med rette. Men Kolbein skulle fortsatt styre over desse godorda og støtte Snorre på tinga.<sup>110</sup> Dette forliket må ha vore audmjukande for Kolbein, og han må ha sett etter høve til å hemne seg på Snorre. Etter at Gissur hadde kome i konflikt med Snorre pga. arven etter Hallveig, byrja han og Kolbein å leggje planar mot han.<sup>111</sup> Nokre brev frå kong Håkon gav dei påskotet til å rydde Snorre av vegen:

Der stod det, at Gissur skulle la Snorre dra ut [til kong Håkon i Noreg], uansett om han tykte det hugleg eller ikkje, eller alternativt drepe han, fordi Snorre hadde dratt ut mot kongens forbod. Kong Håkon kalla Snorre landssvikar. Gissur sa at han ikkje ville forbryte seg mot kongens brev, og la til at han visste at Snorre ikkje ville dra ut frivillig. Gissur sa då at han ville dra og ta Snorre.<sup>112</sup>

Så drog Gissur med nokre av sine menn til Reykholt og drap Snorre der.<sup>113</sup> Gissur vart kong Håkons skutilsvein allereie i 1229.<sup>114</sup> Det er dermed naturleg at kong Håkon brukte han for å utføre oppdrag som dette. Men det er ikkje usannsynleg at Gissur kan ha brukt kongens brev som påskot for å drepe Snorri utan at kongen hadde gitt han lov til å gå så langt. Dette kan vi ikkje vite, sidan vi ikkje har desse breva. Men det er sannsynleg at kongen kan ha gitt

<sup>108</sup> Hirdskrå kap. 29: «*Engi konongs æiðsuare skal fara fra kononge vttan hans løyuis.*»

<sup>109</sup> Sts I: s. 446-447.

<sup>110</sup> Sts I: s. 335, 345, 359.

<sup>111</sup> Sts I: s. 452-453

<sup>112</sup> Mi omsetjing av Sts I: s. 453: «*Var þar á, at Gizurr skyldi Snorra láta útan fara, hvárt er honum þætti ljúft eða leitt, eða drepa hann at öðrum kosti fyrir þat, er hann hafði farit út i banni konungs. Kallaði Håkon konungr Snorra landráðamann við sik. Sagði Gizurr, at hann vildi með engu móti brjóta bref konungs, en kveðst vita, at Snorri myndi eigi ónauðigr útan fara. Kveðst Gizurr þá vildu til fara ok taka Snorra.*

<sup>113</sup> Sts I: s. 454.

<sup>114</sup> Sts I: s. 342.

drapsløyve, elles hadde nok Gissur blitt iredesett for det på eit seinare tidspunkt. Det vart han ikkje, så langt som vi veit. Uansett er kongens innblanding i saka heilt klar, ifølgje Islendinganes saga.

Framstillinga av den same hendinga i Håkons saga er mykje kortare og ganske annleis: «Denne hausten tok Gissur Torvaldsson livet av Snorre Sturlason i Reykjaholt på Island». <sup>115</sup> Året etterpå blei Orækja fanga av Gissur og Kolbein Unge ved Hvítárbrú, då han forgjeves prøvde å hemne drapet på far sin. Han vart så sendt til kong Håkon i Noreg:

Han kom i kong Håkons vald i Bergen, og kongen gav snart opp vreiden sin mot han for at han hadde fare ut or landet imot hans forbod. Kongen sa da likevel at han hadde meir fortent å døy for den misferda enn far hans. <sup>116</sup>

Sogeteksten legg her skulda på Gissur for drapet på Snorre, kong Håkon er ikkje innblanda. Likevel kan vi tolke kongens utsegn om at han indirekte innrømte at han hadde hatt ein finger med i drapet då han sa til Orækja at han hadde meir fortent å døy enn faren. Forskjellen mellom dei to sogene må forklarast ut frå deira ulike føremål og tendensar. <sup>117</sup>

Dermed vart det ikkje noko av Snorre Sturlasons jarledøme, men forteljinga viser at ideen om slikt ikkje var noko nytt med Gissurs jarletittel i 1258. Gissurs rolle i saka er tosidig. For det første opererte han som kong Håkons lojale hirdmann, og uskadeleg gjorde den opprørskje og illojale Snorre. For det andre var oppgjeret mellom han og Snorre eit internt oppgjer mellom to av Islands mektigaste godar. Han rydde dermed av vegen ein rival og den einaste islendingen utanom han sjølv som kan ha hatt jarlsnamn. Både kong Håkon og Skule gav lendmanns- og jarletittel til Snorre fordi dei tiltrudde han oppgåvene med å skape fred på Island og leggje landet under den norske kongemakta. Ein valde denne strategien i staden for å sende ein krigsflåte. Vi skal no sjå at dette liknar på bakgrunnen for Gissurs jarletittel i 1258.

## Kvifor blei Gissur utpeikt til å vere jarl?

Etter Torgils Skardes død i januar 1258 var Gissur den einaste gjenlevande islendingen som var kong Håkons handgjengne mann. <sup>118</sup> Det å vere kongens handgjengne mann (gno).

<sup>115</sup> HsH (Audne & Magerøy): kap. 243. HsH (Mundt): kap. 243: «*Petta haust tok Gizurr Þorvaldsson af lífi snorra sturluson i Reykia-hollti.*»

<sup>116</sup> HsH (Audne & Magerøy): kap. 244. HsH (Mundt): kap. 244: «*Hann kom a valld hakonar konungs ok gaf konungr skíott vpp reiði sína við hann. Sagði þo at vrækia var betri til fallinn at deyja enn faðir hans.*»

<sup>117</sup> Sjå drøftinga om samtidssogene som kjelder s. 14-17.

<sup>118</sup> Wærdahl 2006: s. 105.

*handgenginn maðr)* innebar at ein hadde svore truskapseid til han, og blei hans hirdmann.<sup>119</sup> Etter Tord Kakales død i 1256 fekk Gissur «meir vørtnad enn tidlegare av kong Håkon» om vi skal tru Sturla Tordsson i Islendinganes saga.<sup>120</sup> Vi har sett at også i 1247 ser det ut som om Gissur var kongens føretrekte kandidat til å styre over Island, men at Tord Kakale blei valt til slutt fordi han hadde kyrkjeleg støtte. P. A. Munch meinte at kong Håkon hadde ein «personlig Yndest for Gissur, og regnede han som sin Frænde». Gissur var nemleg oldeborn av den store islandske goden Jon Loftsson, som igjen var son av Tora, dotter av kong Magnus Berrføtt.<sup>121</sup> Vi har inga kjeldeutsegn på kor stor vekt kong Håkon tilla dette fjerne slektskapet, men mellomalderens nordmenn og islendingar var utvilsamt mykje meir medvitne om slekta si enn det vi er i dag, noko dei islandske ættesogene er eit godt eksempel på. Men at kongen har likt Gissur personleg, er svært sannsynleg. Jóhannesson var derimot av ei anna oppfatning, og meinte at Gissur hadde vore upåliteleg, men at kongen ikkje hadde noko særlig anna val enn å bruke han dersom han ville leggje under seg Island.<sup>122</sup> Det er derimot lite som tyder på at Gissur hadde vore upåliteleg i si kongsteneste. Han hadde vore kongens skutilsvein sidan 1229, i nesten 30 år. Han hadde heile tida oppført seg lojalt overfor kongen, og var sannsynlegvis den som byrja med å leggje stridar mellom seg sjølv og andre islandske stormenn under kongens dom.<sup>123</sup>

Det einaste tilfellet der Gissur kan ha handla mot kongens vilje før han vart jarl, var i tida før han drog til kongen i Noreg sommaren 1254. Islandske historikarar har hevdat at Gissur handla mot kongens vilje her.<sup>124</sup> Bakgrunnen for at Gissur drog til Noreg, var at hans fiender Øyolv Torsteinsson og Rane Kodransson hadde forsøkt å drepe han hausten før ved å setje fyr på garden hans Flugumýri i Skagafjörður. Gissur berga seg, men missa kone og tre søner i brannen.<sup>125</sup> Øyolv og Rane var ombodsmennene som Tord Kakale hadde sett til å styre over høvesvis Skagafjörður og Eyafjörður medan han sjølv var i Noreg. Øyolv vart jaga frå Skagafjörður av Gissur, og var dessutan gift med Sturla Sigvatssons dotter Turid. Etter dette fann Øyolv støtte hos biskop Heinrek, som skaffa han bustad i nærleiken av bispesetet.<sup>126</sup> Det er uklart kvifor biskopen nok ein gong skifta side i konflikten mellom Gissur og Tord Kakales menn.

<sup>119</sup> Meir om dette på s. 32-36.

<sup>120</sup> Sts I: s. 524.

<sup>121</sup> Munch 1852-58, bind IV, del 1: s. 357.

<sup>122</sup> Jóhannesson 1969: s. 227.

<sup>123</sup> Sts I: s. 462; II: s. 67. Sjå også Johannesson 1969: s. 215-216.

<sup>124</sup> Þorsteinsson 1953: s. 303; Jóhannesson 1969: s. 223.

<sup>125</sup> Sts I: s. 484-494.

<sup>126</sup> Sts I: s. 477-481; II: s. 118-119.

Etter brannen sette Gissur etter Øyolv og dei andre brannstiftarane, men dei drog til biskop Heinrek på Hólar, som gav dei både husly og abslusjon for dei syndene dei hadde gjort seg skuldige i. Gissur nekta å angripe brannstiftarane medan dei var i bispesetet, men han forfulgte dei seinare nådelaust, drap fleire av dei og plyndra eigedomane deira. Biskop Heinrek svara med å lyse Gissur i interdikt, men Gissur fekk til gjengjeld Alltinget til å lyse Øyolv og fjorten andre av brannstiftarane fredlause sommaren 1254. Gissurs nevø Teit Einarsson var lovseiemann på Alltinget, og han må ha støtta Gissurs ønske om fredløyse.<sup>127</sup> Då Gissur den same sommaren drog til Noreg, ser ut til å vere fleire grunnar til at han gjorde dette. Han likte därleg å vere under biskopens forbod, og ville finne ein måte å løyse seg frå denne uheldige situasjonen. Han håpa at herren hans, kong Håkon, skulle rydde opp i det politiske kaoset som han no befann seg i. Øyolv hadde tidlegare gått med på å la kongen bestemme i saka mellom han og Gissur. Dessutan øvde både biskop Heinrek og Skálholts-biskopen Sigvard, som begge var nordmenn, sterkt press på Gissur for å få han til å reise til Noreg.<sup>128</sup> Men det ser ut som om Gissur sjølv har ønskt å dra til Noreg og la kongen ordne opp mellom han, Øyolv og biskop Heinrek. Biskopane Heinreks og Sigvards press på å få sendt Gissur til Noreg kan dessutan tolkast som eit ønske om å skape fred på Island ved å la kong Håkon dømme i saka. Eg ser dermed ingen grunn til at Gissur skal ha opptredd mot kongens vilje i dette tilfellet.

Wærdahl har hevda at personlege preferansar og sympati kan ha spelt inn i kong Håkons vurdering då han utnemnde Gissur som jarl i 1258. Ein del av grunngjevinga då Tord Kakale vart sett til å styre Island i 1247 var at han hadde lidd store tap av frendar i slaget på Örlygsstaðir. Dette slaget stod i 1238 mellom sturlungane med Tords bror Sturla Sighvatsson i spissen på den eine sida, og haukdølene og åsbirningane, med Gissur og Kolbein Unge Arnorsson i spissen på den andre sida. Slaget enda med tap for sturlungane, og Sturla, tre av brørne hans, og faren Sighvat missa livet. No etter den tragiske brannen på Flugumýri, var det Gissurs tur til å bli vist sympati. Dessutan meiner ho at jarleutnemninga var ein personleg gest overfor Gissur, sidan han hadde vore i kongens teneste sidan 1229.<sup>129</sup> Det er nok likevel ikkje kongens sympati for Gissur som har vege tyngst i avgjerda med å utnemne han til jarl. Dei politiske grunnane har nok vege tyngre.

<sup>127</sup> Sts I: s. 494-506. Sjå også 7. ættskrá (Haukdælir) i Sts II.

<sup>128</sup> Sts I: s. 495, 502, 506; HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 282.

<sup>129</sup> Wærdahl 2006: s. 101.

Eg går utifrå at kong Håkon valde Gissur som sin representant på Island fordi han var den einaste gjenlevande av kongens islandske hirdmenn. Der var ingen andre aktuelle kandidatar på dette tidspunktet. Dessutan hadde han hadde vore kongens lojale tenar i snart 30 år, gjennom tjukt og tynt. Elles var han allereie ein etablert gode på Island som hadde sin eigen maktabase der. Dette vil eg drøfte i kapittel 3.

## Jarleutnemninga

Sommaren 1258 blei Gissur altså utnemnd til jarl av kong Håkon, og i Islendinganes saga beskrev Sturla Tordsson hendinga slik:

Og i den sommaren, som det no blir fortalt frå, gav kong Håkon Gissur jarlsnamn, og sette han over heile Sørlandsfjerdingen, Nordlandsfjerdingen og Borgarfjörður. Kong Håkon gav jarl Gissur store gåver, før han drog ut om sommaren. Kong Håkon gav Gissur jarlsmerke og lur, og sette han i høgsetet hos seg og let skutilsveinane sine skjenke han liksom seg sjølv. Gissur jarl var bunden til kong Håkon med den lovnaden at kongen skulle få skatt frå Island.<sup>130</sup>

I Håkons saga skreiv Sturla dette om den same hendinga:

Kong Håkon sat om sommaren i Bergen. Gissur Torvaldsson var da hos han. Kongen sendte da bod ut til Island, at han gav Gissur jarlsnamn og sende han ut til Island. Gissur lova til vederlag å frede landet og late alle bønder svare kongen skatt såleis som han før hadde krevd. Gissur tala store ord om at han lett skulle drive igjennom dette. Med jarlsnamnet gav kongen han mange prektige gåver og skildest vel og vakkert med han.<sup>131</sup>

Som det går fram av begge framstillingane, har Gissur blitt kongens jarl i ein høgtideleg seremoni. I Magnus Lagabøtes Hirdskrå kan vi lese meir detaljert om korleis ein slik seremoni skulle gå føre seg. Sjølv om den bevarte Hirdskråa først blei nedskrivne i 1270-åra, kan vi gå ut frå at mykje av stoffet i henne er mykje eldre.<sup>132</sup> Først skulle kongen blåse alle mann til tings der han oppheldt seg. På tinget blei jarlsemnet sett på pallen foran kongens høgsete. Så skulle kongen stå opp og gje jarlsemnet jarlsnamn, ta han i handa og setje han i høgsetet, og gje han eit sverd som symboliserte at han heldt jarledømet som kongens handgjengne mann.

<sup>130</sup> Mi omsetjing av Sts I: s. 524. «*Ok þat sumar, er nú var frá sagt, gaf Hákon konungr Gizuri jarls nafn ok skipaði honum allan Sunnlendingafjórðungr ok Nordlendingafjórðungr ok allan Borgarfjörð. Hákon konungr gaf Gizuri jarli stórgjafir, áðr hann fór út um sumarit. Hákon konungr fekk Gizuri jarli merki ok lúðr ok sette han í háseti hjá sér ok lét skutilsveina sína skjenka honom sem sjálfum sér. Gizurr jarl var mjök heiðbundinn við Hákon konung, at skattr skyldi við gangast á Íslandi.*»

<sup>131</sup> HsH (Audne & Magerøy): kap 297; HsH (Vigfússon & Unger): kap. 260: «*Hakon konungr sat vm sumarit i Bjorgyn. Þa var med honum Giszor Porualdzsun. Konungrinn gaf honum jarlsnafn enn Giszur het i mot at frida landit og laata alla bændr giallda skatt konungi. Bar Giszur þar mikil maal aa at hann mundi þui auduelldiga aa leid koma. Konungrinn gaf honum med jarlsnafninu margar sæmiligar giafir ok leysti hann vel ok sæmili gal ser af hendi.*»

<sup>132</sup> Sjå drøftinga om Hirdskråa som kjelde s. 21.

Dessutan symboliserte sverdet at jarlen skulle oppretthalde lov og rett, støtte kongen og verne kongeriket. Så skulle kongen gje jarlen jarlsmerket, som var ei fane med jarlens banner på. Denne symboliserte jarlens myndighet over dei han skulle styre over, og kongen skulle støtte og styrke jarledømet etter beste evne. Jarlen skulle til slutt gå fram og sverje på ei heilag bok eller ein relikvie sin truskap overfor kongen.<sup>133</sup> Hertug- og jarleiden er bevart, i alle fall slik den var på Magnus Lagabøtes tid, i Hirdskråa og i Landslova av 1274. Landslovas versjon av denne er noko lenger enn Hirdskråas versjon, men begge legg vekt på at ein lover truskap overfor kongen, og følgje kongens retningslinjer i styret av jarle- eller hertugdømet som kongen set ein over. Jarlen/hertugen blir i eiden dessutan medansvarleg med kongen i styret av riket, og er pliktig til å overhalde dei eidane som kongen har svore overfor folket.<sup>134</sup>

Gissur har sannsynlegvis gått gjennom ein slik seremoni, for å bli utnemnd som kong Håkons jarl. Seremonien viser sterke likskapstrekk med tilsvarende seremoniar elles i Europa, der vasallitetsforhold blei inngått. Jarlen var ein av kongens hirdmenn, og alle desse måtte gå gjennom ein seremoni, der dei blei kongens handgjengne menn.<sup>135</sup> Vi kan skilje ut tre hovudelement som konstituerer eit slikt vasallforhold: For det første har vi sverdtaket, det at jarlen mottok eit sverd frå kongen. Sverdtaket understrekte både jarlens stilling som militær leiar og hans underordna posisjon i høve til kongen. Sverdtaket er ei etterlevning etter den tida då hirdmennene først og fremst var ein konges eller ein godes livvakter og krigsfellar.<sup>136</sup> Denne militære funksjonen var framleis eit svært sentralt aspekt ved jarleembetet og dei andre hirdembeta på Gissurs og kong Håkons tid. I følgje Steinar Imsen referer sverdtaket til jarlens to viktigaste funksjonar: «defence and the maintainance of justice».<sup>137</sup> Det å motta eit seremonielt sverd frå nokon, var dessutan eit symbol på at ein vart vedkomandes vasall.<sup>138</sup> I Heimskringla kan vi lese historia om kong Harald Hårfagre (ca. 860-932) som i uvare tok imot eit sverd frå den engelske kongen Adalstein (ca. 893-939). Han blei derfor oppfatta som kong Adalsteins vasall.<sup>139</sup> Også frå det tysk-romerske riket har vi eit eksempel på at den danske kongen Sven III Grate (1125-57) vart den tysk-romerske keisaren Fredrik Barbarossas (1122-90) vasall ved å ta imot keisarens sverd.<sup>140</sup>

---

<sup>133</sup> Hirdskrå: kap. 11.

<sup>134</sup> Hirdskrå: kap. 4; Ngl II: s. 30; Mll: s. 25.

<sup>135</sup> Hirdskrå: kap. 7, 11, 13, 17, 18, 19, 26.

<sup>136</sup> Benedictow 1972: s. 248-252.

<sup>137</sup> Imsen 2000a: s. 166-167.

<sup>138</sup> Hoffmeyer 1980: sp. 554-555.

<sup>139</sup> Heimskringla (Jónsson): s. 66; Heimskringla (Schjøtt & Magerøy): s. 75.

<sup>140</sup> Gesta Frederici (Schmale & Schmidt): bok II, kap. 5.

Det andre seremonielle hovudelementet er at jarlen måtte ta kongen i handa. Det er derfor kongens hirdmenn blei omtala som hans handgjengne menn (gnr. *handgengnir menn*). I denne handlinga ligg det at hirdmannen overgir sin eigen person til kongen.<sup>141</sup> I jarleutnemninga vart dette gjort ved at kongen skulle ta jarlen i handa, og setje han i høgsetet. Når nye hirdmenn skulle utnemnast, måtte dei ta kongen i handa og kysse henne.<sup>142</sup> I den fellesueuropeiske latinske terminologien vart handgangen kalla *homagium*, og vi finn tilsvarande seremoniar i andre europeiske land.<sup>143</sup>

Truskapseiden (lat. *juramentum fidelitatis*), er det tredje hovudelementet i jarleutnemninga, og for så vidt i alle seremoniar der det blir oppretta vassalitetsforhold. Jarlen måtte her sverje på sin truskap overfor kongen, medan han heldt på ei heilag bok eller relikvie. Truskapseiden gjorde forholdet mellom vasall og herre endå meir bindande, då det vart rekna som svært alvorleg å bryte eidar.<sup>144</sup> Då Gissur måtte sverje eid til Sturla Sigvatsson ved Apavatn i 1238, måtte han sverje på ei heilag bok.<sup>145</sup> Vi veit at Gissur seinare braut det han hadde svore overfor Sturla, og det ser ut til å ha vore ei oppfatning blant enkelte at det var mindre alvorleg å bryte tvangseidar.<sup>146</sup>

Gissur var blitt kong Håkons skutilsvein og hirdmann allereie i 1229, og han må ha gått gjennom ein seremoni med sverdtak, handgang og truskapseid allereie då. Hirdskråa har dessutan instruksjonar om korleis slike seremoniar skulle gjennomførast.<sup>147</sup> Då Gissur gjekk gjennom ein ny seremoni då han vart jarl i 1258, fornya han sin truskap overfor kong Håkon medan kongen på si side har gitt han ein høgare rang innanfor hirdorganisasjonen. No fekk han som kongen sete i høgsetet, og skutilsveinane skjenka han, liksom dei gjorde med kongen. Dermed høyrdde han no til eliten innanfor hirdhierarkiet, over han stod berre kongen.<sup>148</sup> Elles var ein del av Gissurs truskapseid at han skulle «frede landet» (dvs. Island), og få bøndene der til å betale skatt til kongen.<sup>149</sup> Dette ser ut til å ha vore dei to hovudmålsetjingane bak kong Håkons islandspolitikk. Islandske forskrarar har lenge hevda at kong Håkon brukte «fredsarbeid» som påskot for å blande seg inn i islandske forhold, skape

<sup>141</sup> Ganshof 1969: s. 79.

<sup>142</sup> Hirdskrå kap. 26.

<sup>143</sup> Ganshof 1969: s. 78-80; Reynolds 1994: s. 19-20; Imsen 2000b: s. 41.

<sup>144</sup> Ganshof 1969: s. 39.

<sup>145</sup> Sts I: s. 414.

<sup>146</sup> Sjå for eksempel Sts II: s. 8, der Tord Kakale prøver å overtyde Sturla Tordsson om at den eiden han svor til Kolbein Unge var ein tvangseid, og at det derfor var legitimt å bryte han.

<sup>147</sup> Hirdskrå: kap. 19, 26.

<sup>148</sup> Imsen 2000b: s. 35.

<sup>149</sup> Sjå sogesitata s. 32.

meir ufred der, og undergrave landets sjølvstende.<sup>150</sup> Men spesielt i dei seinare åra har historikarar hevda at kong Håkon ønskete å framstå som ein *rex iustus*, og at han var oppriktig interessert i å skape fred på Island. Ufreden skuldast derfor hovudsakleg godanes innbyrdes makkampar.<sup>151</sup> Desse var det vanskeleg å få slutt på, så lenge det ikkje fanst ei sentral eksekutivmakt i landet.

Gissurs oppdrag om å få islendingane til å betale skatt til kongen må sjåast i samanheng med kongens ønske om å gjere Island til eit skattland i Noregsveldet. Grunnlaget for at ein gjekk til det steget med å opprette eit islandsk jarledøme må sjåast i samanheng med desse ønska om å gjere Island til eit skattland, og å skape fred der. I 1258 må kong Håkon ha meint at å etablere dette jarledømet, og gjere Gissur til jarl, var det mest fornuftige alternativet for at hans islandspolitikk skulle lukkast. Ved å gje Gissur denne verdigheita, ønskte kongen å inspirere han til ekstra innsats. Dessutan har Jón M. Samsonarson peikt på at med jarletittelen stod Gissur sterkare i høve til dei andre islandske godane, enn dersom han berre var kongens syslemann. Som jarl kunne han skaffe seg hird og tilby større vørdrnad til dei som valde å følgje han.<sup>152</sup> Kong Håkon gjorde dermed Gissur til ein mektigare alliert i kampen for å leggje under seg Island, ved å gje han jarletittel.

Sturla Tordsson fortel i Islendinganes saga at Gissur ikkje vart sett over heile Island, men berre over Sørlandsfjerdingen, Nordlandsfjerdingen og Borgarfjörður. Vi har derimot ei utsegn frå Lögmanns-annalen om at «I Trondheim gjorde kong Håkon Gissur Torvaldsson til den første jarlen over Island.»<sup>153</sup> Det er presten Einar Havlideson som har skrive dette på midten av 1300-talet eller seinare.<sup>154</sup> Samsonarson meinte at Einar må ha misforstått dei kjeldene han brukte, og sannsynlegvis har blanda det saman med at islendingane svara kong Håkon og kong Magnus skatt i 1262-64.<sup>155</sup> Ein treng ikkje å tolke annalsitatet like bokstaveleg som Samsonarson gjorde. Det ser ut som om Einar først og fremst ville få fram at Gissur var den første jarlen nokon sinne på Island. Dette treng ikkje å tyde det same som om at Gissur var jarl over heile Island. Kong Håkon kunne ikkje sette Gissur over fleire område enn Sørlandsfjerdingen, Nordlandsfjerdingen og Borgarfjörður fordi det var berre desse han

<sup>150</sup> Jónsson 1903: s. 101-102; Sveinsson 1953: s. 3, 12ff; Jóhannesson 1969: s. 205; Nordal 1993: s. 384ff, 395ff, 411ff.

<sup>151</sup> Jakobsson 1995; Boulhosa 2005: 100-101; Þorláksson 2011: s. 135. Sjå dette arbeidet s. 76-77 for meir om *rex iustus*-ideologien.

<sup>152</sup> Samsonarson 1958: s. 340-341.

<sup>153</sup> Mi omsetjing av IA: s. 257: «J Prandheim. Gjorde Hakon kongr hinn fyrsta jarl yfir Islande Gisor Þorualldson.»

<sup>154</sup> Storm 1888: s. xxi; Haug 1996: s. 42.

<sup>155</sup> Samsonarson 1958: s. 339-340.

hadde heimel til. Kongen hadde heimel til Borgarfjörður gjennom sine no avdøde hirdmenn Snorre Sturlason og Torleif Tordsson.<sup>156</sup> Nordlandsfjerdingen fekk han heimel til gjennom Tord Kakale og Torgils Skarde, som begge var døde på dette tidspunktet. I Sørlandsfjerdingen hadde kongen heimel til Árnesþing gjennom Gissur. Dessutan hevda han å ha heimel over oddeverjanes område Rangárþing, fordi Sæmundssønene hadde gitt godorda sine under han i 1251.

Kong Håkon let ikkje Gissur få dra til Island som jarl åleine. Med Gissur sendte kongen hirdmannen sin Toralde Kvite for å sjå til at jarlen gjorde det han hadde lova overfor kongen. Samstundes kom det fleire andre kongelege agentar på andre skip, som hadde det same oppdraget.<sup>157</sup> Gissur har dermed vore under ei streng overvakning, noko som tyder på at kongen ikkje kan ha stolt heilt på han. I si erfaring med andre islandske godar hadde kong Håkon opplevd gong på gong at dei ikkje heldt det dei lova kongen, eller at dei i alle fall vart skulda for det. For eksempel skulda den norske biskop Heinrek av Hólar stadig vekk ulike kongsmenn på Island for at dei ikkje heldt lovnadane sine overfor kongen. Han fekk til og med kongen til å tilkalle Tord Kakale til Noreg i 1249. Seinare skifta biskopen side, og øvde press overfor Tords rival Gissur for å få han til å reise til Noreg i 1254.<sup>158</sup> Det er ikkje usannsynleg at kongen derfor ønskte å ha sine eigne menn på Island, nordmenn som ikkje hadde eigne interesser i landet. Desse kunne gje han meir pålitelege og objektive opplysingar om tilhøva der.

For å få ei djupare forståing av kva det innebar at Gissur vart jarl, skal vi no sjå på andre jarlar og jarledøme innanfor det norrøne området i vikingtida og utetter. Dette vil dessutan gjere oss i stand til å setje det islandske jarledømet i ein større historisk samanheng.

## Kva var ein jarl?

I følgje Ebbe Hertzberg var jarletittelen «den høieste verdslige værdighedsbærer næst kongen og (i den senere middelalder) hertugen, men ligesom disse af fyrtelig rang (tiginn); myndighed og stilling overhovedet.»<sup>159</sup> Jarlane var dermed nesten på toppen av samfunnshierarkiet i dei norrøne samfunna; berre kongar og hertugar stod over. Dei eldste norske landskapslovene er tydelege på at jarlar stod mellom kongar og lendmenn i rang.<sup>160</sup> Kongar, hertugar og jarlar var dessutan dei einaste som hadde fyrsteleg rang. Lendmenn og

<sup>156</sup> I følgje IA: s. 27, 66, 133, 192, 330 døydde Torleif Tordsson i 1257.

<sup>157</sup> HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 297.

<sup>158</sup> Sts I: s. 506; II: s. 86; HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 270, 282.

<sup>159</sup> Hertzberg 1895: s. 324.

<sup>160</sup> NgL I: s. 67-68, 172-173; Gulatingslova (Robberstad): s. 190; Frostatingslova (Hagland & Sandnes): s. 75.

andre hirdmenn hadde derimot ikkje det. Jarlen styrte over eit jarlerike (gno. *jarlsríki*), eit omgrep som er tilnærma synonymt med jarledøme (gno. *jarlsdómr/jarlsdæmi*). På same vis har vi både kongerike (gno. *konungsríki*) og kongedøme (gno. *konungsdómr*). Biskopane hadde også fyrsteleg mynde over sine bispedøme (gno. *biskupsdómr/biskupsdæmi/biskupsríki*).<sup>161</sup> Dei delte dermed den fyrstelege makta i eit visst område med ein sekulær fyrste, ein konge, ein jarl eller ein hertug. I seinmellomalderen stod dessutan erkebiskopen over jarlen i rang.<sup>162</sup> Ordet *ríki* finn vi i gamle norske landskapsnamn, som Ranríki (Båhuslen), Raumaríki (Romerike) og Hringaríki (Ringerike). Per Sveaas Andersen definerer ordet slik:

Ordet har grunnbetydningen velde, herredømme og impliserer myndighet som gir makt over noe eller noen (...) I overført betydning ble ordet nyttet om et territorium med en viss samfunnsordning, vanligvis et kongerike eller et territorium med permanent sentral samfunnsmyndighet.<sup>163</sup>

Jarlen hadde politisk mynde over jarleriket sitt, på same måte som kongen hadde det over kongeriket sitt. Jarlen sat dermed på toppen av det politiske hierarkiet i ein slags statsstruktur, eventuelt med ein konge over seg igjen. I Noreg kjenner vi til jarlar så lengt tilbake som vi har skriftlege kjelder. Eddadiktet Rigstula som gir ei mytologisk forklaring på korleis vikingtidas samfunnsklasser oppstod, kan gi oss nokre peikepinnar på korleis ein såg på jarleverdigheita i vikingtida. Her kan vi lese at guden Heimdall som gjekk rundt blant menneska under namnet Rig, befruktar tre ulike kvinner som får sønene Træl, Karl og Jarl. Desse blir så stamfedrane til samfunnsklassene trælane, bøndene og jarlane (aristokratiet). Jarl er lys i håret og i kinna, har kvasse auge, og er ein stor krigs- og idrettsmann. Dessutan lærer han seg runekunst, er rik på gods og raus med gåver. Jarl gifter seg med Erna, dotter av Herse.<sup>164</sup> Herse var ein annan godetittel som vi finn i vikingtidas Noreg, og som må ha stått under jarlen i rang. Jón Viðar Sigurðsson tolkar Rigstula på dette punktet ved at jarlen legg under seg lokale høvdingar (hersar) og inngår ekteskapsalliansar med dei.<sup>165</sup> Rigstula fortel vidare at Jarl og Erna får tolv søner. Den yngste sonen heiter Kon unge (gno. *konr ungr, konungr*), som overgår far sin, brørne sine og til og med guden Rig i runekunst, stridskunst og rang.<sup>166</sup>

I Rigstula er omgrepet jarl eit nokså generelt uttrykk for ein krigarhøvding, og Maurer har ved å samanlikne Rigstula med tyske og engelske kjelder hevda at det opprinneleg var eit

<sup>161</sup> På engelsk er bispedøme framleis bishopric, av gammalengelsk *bisceoprīce*.

<sup>162</sup> Sjå NgL 2. række, bind I: nr. 8.

<sup>163</sup> Andersen 1977: s. 49.

<sup>164</sup> Eddadikt (Bugge): s. 141-147; Eddadikt (Holm-Olsen): s. 115-120.

<sup>165</sup> Sigurðsson 2008: s. 23.

<sup>166</sup> Eddadikt (Bugge): s. 148; Eddadikt (Holm-Olsen): s. 121.

samleomgrep for medlemene av høvdingklassa, som også omfatta hersar og kongar. På Harald Hårfagres tid vart herskarane over landskap og fylke omtala som «jarlar», og ein får dermed ein meir spesifikk bruk av tittelen enn tidlegare.<sup>167</sup> Også Peter Foote og David Wilson støttar ein slik generell bruk av «jarl» i dei tidlegaste tider, og at det frå 800-talet av vart «restricted to men of high rank, who might be independent rulers or subordinate only to kings».<sup>168</sup> I Heimskringla kan vi lese at kong Harald Hårfagre sette ein jarl over kvart fylke, og historia om Namdalskongen Rollaug er illustrerande i denne samanhengen. Rollaug «velte seg ut av høgsetet, og ned i jarlssetet og gav seg sjølv jarlsnamn.» Han vart så kong Haralds jarl over Namdalsfylke.<sup>169</sup> Det er grunn til å tvile på at desse forteljingane refererer til faktiske, historiske hendingar,<sup>170</sup> men denne forteljinga viser at i løpet av hundreåra opp til Snorre Sturlason skreiv Heimskringla på 1220-talet, må dei norske rikskongane ha etablert sitt overherredøme over jarlane. Denne utviklinga er dessutan reflektert i Rigstula, der Kon, den yngste av Jarls søner, reiser seg over frendane sine i styrke, visdom, makt og rang. Sigurðsson meiner dette kan symbolisere at dei norske rikskongane etter kvart heva seg over jarlane og andre høvdingar i rang.<sup>171</sup>

Så langt kan vi konkludere med at jarletittelen ser ut til å referere til personar av høg rang og mynde i vikingtida, som kunne regjere over heile landskap. I den følgjande delen skal vi sjå korleis kongedømet etablerte seg som den øvste instansen på samfunnshierarkiet, og la jarlane under seg.

### Ladejarlar og Mørejarlar

Det fanst jarlar i Noreg også i dei tidlege rikskonganes tid som ser ut til å ha vore relativt sjølvstendige. Men dei to mektigaste jarledynastia var utvilsamt Ladejarlane, som styrte over Trøndelag og Hålogaland (dagens Nordland og Sør-Troms), og Mørejarlane, som styrte over det som i dag er Møre og Romsdal, og som dessutan etablerte seg på Orknøyane. I dag hevdar dei fleste historikarar at forholdet mellom Ladejarlane og kongane av Hårfagreætta hadde karakter av å vere ein likeverdig allianse, der kong Harald og etterfølgjarane hans i hovudsak konsentrerte seg om å sikre seg kontroll med dei sørlege delane av Vestlandet, medan Ladejarlane fokuserte på å kontrollere kystleia frå Trøndelag og nordover.<sup>172</sup>

<sup>167</sup> Maurer 1907-10, bind I, del 1: s. 134-147.

<sup>168</sup> Foote & Wilson 1970: s. 135.

<sup>169</sup> Heimskringla (Jónsson): s. 45-46; Heimskringla (Schjøtt & Magerøy): s. 51-53.

<sup>170</sup> Bøe 1962: sp. 560; Foote & Wilson 1970: s. 136.

<sup>171</sup> Sigurðsson 2011a: s. 82.

<sup>172</sup> Sjå f.eks. Andersen 1977: s. 75-77; Ersland 2000: s. 42-44; Krag 2000: s. 48-49.

Mørejarlane, som regjerte over det som i dag er Møre og Romsdal, ser også ut til å ha hatt ei nokså sjølvstendig stilling i Hårfagrekonganes alliansenettverk.<sup>173</sup> Ragnvald Mørejarl og ætta hans var i likskap med andre vestlendingar opptekne med å ekspandere vestover til Vesterhavsyane. Den eine sonen hans, Gange-Rolv, vart ifølgje sogetradisjonen lyst fredlaus av Harald Hårfagre av di han plyndra i Viken og deretter etablerte seg som hertug i Normandie i Frankrike.<sup>174</sup> Ein annan son av Ragnvald, Rollaug, vart landnåmsmann på Island, medan Ragnvalds bror Sigurd vart den første jarlen på Orknøyane. Seinare blei ein tredje son av Ragnvald, Hallad, jarl på Orknøyane, før ein fjerde son, Torv-Einar til slutt tok makta der og vart det orknøyske jarledynastiets stamfar.<sup>175</sup>

Historia om etableringa av det orknøyske jarledømet er illustrerande i høve til kva ein jarl var for noko, og eg vil dermed sjå nærmare på henne. I følgje den norrøne sogetradisjonen skal Harald Hårfagre ha reist på herjings- og erobringstokter til Hebridane, Man, Orknøyane og Shetland. Han skal ha gjort det på grunn av ufreden og vikingaktiviteten som hadde sitt utgangspunkt der. Kjeldene kjem med ulike og til dels motstridande framstillingar,<sup>176</sup> men hovudpoenget er kong Haralds «lange arm» og makt til å gripe inn i desse øysamfunna i vest. I følgje Orkneyinga saga gav kong Harald Orknøyane og Shetland til Ragnvald Mørejarl, som kompensasjon for tapet av sonen hans Ivar, som fall i ein av Haralds ekspedisjonar i vest. Ragnvald gav øygruppa vidare til bror sin, Sigurd. Kongen gav så Sigurd jarlsnamn, og han blei dermed den første jarlen på Orknøyane.<sup>177</sup>

Historikarane Barbara E. Crawford og William P. L. Thomson har sådd tvil om historisiteten til denne framstillinga av det orknøyske jarledømets opphav. Thomson meiner at kong Haralds erobringstokt i vest er «political propaganda which may or may not have a real basis», for å legitimere den norske kongemaktas overherredøme over Orknøyane rundt 1200.<sup>178</sup> Crawford kontrasterer framstillinga i Orkneyinganes saga med framstillinga i Historia Norvegiæ, der det blir antyda at Ragnvald og ætta hans vann kontrollen over øyriket på eiga hand. Dessutan meiner ho at oppfatninga om at jarledømet var eit foydalt len frå

<sup>173</sup> Krag 2003.

<sup>174</sup> Heimskringla (Jónsson): s. 56; Heimskringla (Schjøtt & Magerøy): s. 64; Landnåmsboka (Benediktsson): s. 314-316; Landnåmsboka (Schei): 141-142.

<sup>175</sup> Om Rollaug, Hallad og Torv-Einar, sjå Os: kap. 5-8 (kapittelinndelinga er den same i Guðmundssons utgåve og i Holtmarks omsetjing); Islendingeboka (Benediktsson): kap. 2; Landnåmsboka (Benediktsson): s. 314-320, 336, 397; Landnåmsboka (Schei): s. 141-143, 148.

<sup>176</sup> Landnåmsboka (Benediktsson): s. 50-51; Landnåmsboka (Schei): s. 49; Os: kap. 4. Sjå også drøftinga i Thomson 2008: s. 24-32.

<sup>177</sup> Os: kap. 4.

<sup>178</sup> Thomson 2008: s. 39.

kongemaktas side, har utvikla seg i løpet av dei følgjande hundreåra. Ho utelukker ikkje at kong Harald kan ha vore på krigstokter på dei britiske øyane, men at Møreætta sannsynlegvis var meir sjølvstendige og eigenrådige enn sogetradisjonen skal ha det til. Ho meiner dessutan at forholdet mellom Møreætta og Hårfagreætta i stor grad var prega av bitter rivalisering. Sogeforteljingane om Gange-Rolv som blei lyst fredlaus av kong Harald er eit eksempel på dette. Eit anna, og meir brutal eksempel er då kong Haralds son Halvdan Hålegg drap Ragnvald Mørejarl og flykta til Orknøyane. Torv-Einar, som då var jarl der, tok hemn på farens vegner ved å drepe Halvdan på eit særslig brutal vis.<sup>179</sup> Vi må hugse at både Orknøyingesaga og Heimskringla vart skrivne av islendingar etter 1200, dvs. omkring 300 år etter kong Harald Hårfagres, Ragnvald Mørejarls og Sigurd Orknøyjarls tid, slik at beskrivingane av politiske tilhøva på denne tida sannsynlegvis er prega av dei politiske tilhøva i sogeneskrivarane samtid.<sup>180</sup>

Dermed ser vi at jarlanes sjølvstendige stilling har fortsatt under rikskongedømet. Dette gjeld også jarlane på Orknøyane, som etablerer seg som praktisk talt sjølvstendige fyrstar der.

### **Ein jarl på Island?**

Også i kjeldeaterialet til Islands eldste historie finn vi påstanden om at Harald Hårfagre prøvde å setje inn ein jarl der. I *Are Torgilsson Frodes* (1068-1148) historiske verk om korleis Island vart bygd, *Landnámsboka*, fortel han ei historie om *Une Gardarsson*, som var son av Gardar, oppdagaren av Island. Une skal ha fått i oppdrag av kong Harald Hårfagre i å legge under seg Island. Han vart lova å bli kongens jarl dersom han greidde dette. Men då folk i nærområdet hans vart klar over planane hans, vendte dei seg mot han, og ville ikkje selje mat eller fe til han. Han vart dermed tvinga til å forlate området, og fann etter kvart husrom hos Leidolv kjempe i Skóghverfi, i Vestur-Skaftafellssýsla på Sør-Island. Heller ikkje her fekk Une noko framgang verken for seg sjølv eller saka si, og etter at han gjorde Leidolvs dotter Torunn gravid, vart han forsøkt tvungen til å gifte seg med henne. Une stakk heller av, men vart innhenta og drepen av Leidolv.<sup>181</sup> Kor gammal denne førestillinga er, er vanskeleg å

<sup>179</sup> Crawford 2010: s. 78-79; 2013: s. 85-92. Sjå også Beuermann 2011: s. 133-136. For kjelder til konfliktane mellom dei to dynastia, sjå Heimskringla (Jónsson): s. 59-61; Heimskringla (Scjøtt & Magerøy): s. 68-69; Os: kap. 8.

<sup>180</sup> Guðmundsson 1965: s. vii-ix, xc-cviii; Thomson 2008: s. 24; Crawford 2013: s. 39-50.

<sup>181</sup> Landnámsboka (Schei): s. 136; Landnámsboka (Benediktsson): s. 299f.

seie.<sup>182</sup> Men historia viser at det seinare i mellomalderen har vore ei førestilling om ein jarl på Island i landnåmstida.

### **Jarlar som riksstyrarar og deira underkuing under kongemakta**

Seinare i vikingtida ser vi at jarlane opptrer som norske riksstyrarar, men deira makt blir til slutt kraftig avgrensa, til fordel for kongemakta. Frå ca. 970 og fram til Olav Haraldssons maktovertaking i 1015 var Håkon Sigurdsson Ladejarl og sønene hans Eirik og Svein dei reelle riksstyrarane i Noreg, med unntak av Olav Tryggvasons regjeringstid (995-1000).<sup>183</sup>

I følgje Heimskringla tillot kongane Olav den heilage, Magnus den gode og Harald Hardråde (1015-66) berre ein jarl om gongen i Noreg, sjølv om det sannsynlegvis var fleire som hadde ambisjonar om å bli jarlar.<sup>184</sup> Vi kjenner ikkje til frå nokon kjelder at det var fleire enn ein jarl om gongen under desse kongane, så det er sannsynleg at Heimskringla formidlar dei verkelege historiske forholda på dette punktet. Dette tyder på at jarleverdigheita hadde gått over frå å vere ein arveleg, fyrsteleg tittel, til å bli ein embetstittel, som berre kongen kunne gje.<sup>185</sup> Denne utviklinga fell saman med at Ladeætta utspelte si rikspolitiske rolle med Håkon Eiriksson jarls fall i 1029.

Møreætta ser ut til å ha lidd same skjebne lenge før, under Tore Tegjande jarl på 900-talet, som var Ragnvald jarls son og etterfølgjar.<sup>186</sup> Men Møreætta levde vidare på Orknøyane, og greidde til og med å etablere eit arveleg jarledøme der. Maurer påpeikte at den gamle jarleverdigheita levde vidare der, med jarlar som arvelege fyrstar.<sup>187</sup> Men også her måtte jarlane bøye seg for kongeleg herredøme. I følgje sogetradisjonen skal fleire orknøyjarlar ha betalt tributt, og/eller anerkjend den norske kongens overherredøme allereie på 900- og 1000-talet.<sup>188</sup> Historikarane er usamde om historisiteten til desse forteljingane, men det er semje om

<sup>182</sup> Landnåmsboka vart som sagt opprinneleg skiven av Are Frode, men hans samtidige Kolskjegg den vise har bidratt med stoff om det sør austlege Island. Den eldste bevarte versjonen av Landnåmsboka stammar frå Sturla Tordsson, og vart sannsynlegvis til i løpet av åra 1275-80. Denne versjonen blir kalla Sturlubók og er basert på den tapte Styrmisbók frå ca. 1220, som igjen er basert på Ares og Kolskjeggs opprinnelege bok frå tidleg 1100-tal. Forskarane meiner at forfattarane bak Sturlubók og Styrmisbók har brukt andre kjelder i tillegg til Ares og Kolskjeggs opprinnelege Landnåmsbok, slik at desse versjonane er lengre enn den opprinnelege. Sjå for eksempel Ellehøj 1965: s. 36-43; Benediktsson 1968: s. cxi-cxx; Pálsson 1997: s. 27-35.

<sup>183</sup> Heimskringla (Jónsson): s. 109-137, 181; Heimskringla (Schjøtt & Magerøy): s. 125-158, 205-206; Sjå dessutan Landnåmsboka (Benediktsson): s. 188-189, 314; Landnåmsboka (Schei): s. 94, 141; Maurer 1907-10, bind I, del 1: s. 144-145; Andersen 1977: s. 99-101, 106-108; Krag 2000: s. 54-55, 59.

<sup>184</sup> Heimskringla (Jónsson): s. 476-477; Heimskringla (Schjøtt & Magerøy): s. 182. Sjå også Bøe 1962; Andersen 1977: s. 143-144, 152.

<sup>185</sup> Maurer 1907-10, bind I, del 1: s. 140ff.

<sup>186</sup> Andersen 1977: s. 77, 138.

<sup>187</sup> Maurer 1907-10, bind I, del 1: s. 140.

<sup>188</sup> Os: kap. 8, 17; Heimskringla (Jónsson): s. 60-61, 265-276; Heimskringla (Schjøtt & Magerøy): s. 69, 297-308.

at seinast under kong Magnus Berrføtt blei det orknøyiske jarledømet lagt inn under norsk overherredøme som resultat av kong Magnus' ekspedisjonar på dei britiske øyane rundt 1100.<sup>189</sup> Men også i løpet av det neste hundreåret ser Orknøyjarlane ut til å ha hatt ei nokså sjølvstendig stilling som arvelege fyrstar. Den norske kongemakta ser ut til å ha blanda seg inn ved innsetjing av nye jarlar, og ved å yte militær støtte i maktkampane mellom rivaliserande jarlar. Det same gjorde dei skotske kongane, og Orknøyjarlane hadde Katanes (eng. Caithness) på nordspissen av det skotske fastlandet i len av den skotske kongen.<sup>190</sup> Lenger enn dette gjekk ein ikkje før på slutten av 1100-talet. I likskap med kongetittelen i det samtidige Noreg, hadde nemleg alle orknøyiske jarlesøner rett til å krevje jarletittelen, noko som lett førte til stridar.<sup>191</sup>

### Norske høgmellomalderjarlar

I drøftinga av jarleverdigheita i høgmellomalderen vil eg ta utgangspunkt i Hirdskråa. Her blir det forklart kva for rettar og plikter som følgde med jarletittelen. Hirdskråa beskriv to typar jarledøme i den norske kongens rike: det innanlandske jarledømet og det i skattlanda. I beskrivinga av dei innanlandske jarledøma fortel Hirdskråa at kongar har tidvis gitt ein del av Noreg som jarledøme til andre medlemer av kongeætta. Desse jarledøma var dessutan ikkje arvelege. Det var heller ingen spesiell del av landet som brukte å vere jarledøme, det var heller ikkje gardar eller gods i landet som var fast jarlegods.<sup>192</sup> Vi har fleire eksempel på jarlar som var i denne posisjonen: Eirik jarl under kong Sverre, Håkon Galen jarl under kong Inge, Skule jarl under kong Håkon Håkonsson, mfl. Desse hadde ein avgrensa del av kongeriket som sitt jarledøme, som dei rådde fritt over, dei var berre pliktige til å yte kongen militær støtte dersom han trengte det. Denne typen jarledøme ser ut til å ha vore eit alternativ til den tidlegare ordninga med samkongedøme. Ein kunne gje eventuelle tronpretendentar jarletittel, og dermed delvis imøtekome ambisjonane deira. Vi kan også sjå på desse jarledøma som fyrstelen i ein større europeisk kontekst, der medlemer av kongeætta hadde rett på eit underhold som tilsvara deira rang.

Alle jarlar måtte sverje truskapseid til kongen og bli hans handgjengne menn. Dette var med på å halde dei som rolege og lojale kongelege undersåttar. Dei innanlandske jarlane kunne også ha viktige posisjonar som militære leiarar og riksstyrarar, spesielt dersom den

<sup>189</sup> Sjå f.eks. Wærdahl 2006: s. 50-53, 63-66; Thomson 2008: s. 74-75, 90; Crawford 2013: s. 104-107, 125-127, 131-134, 165-171.

<sup>190</sup> Os: kap 54, 92. Sjå også Crawford 2013: s. 176, 186.

<sup>191</sup> Wærdahl 2006: s. 70-73.

<sup>192</sup> Hirdskrå: kap. 9.

regjerande kongen var mindreårig eller svak, slik som Håkon Galen var for kong Guttorm og Skule var for kong Håkon Håkonsson i hans tidlege regjeringsår. I ein slik situasjon var desse jarlane medregentar i lag med kongen, og rådde ikkje nødvendigvis over ein spesifikt avgrensa del over kongeriket åleine.

I Noreg kjenner vi ikkje til jarlar i tida frå Harald Hardrådes død i 1066, til kong Håkon Herdebrei gav Sigurd frå Rør jarlsnamn i 1161. Denne utnemninga ut til å vere motivert ut frå militærstrategiske omsyn – med ein gong kong Håkon har gjort Sigurd til jarl, set kongen han over ein del av hæren sin, og sendte han til å verje landet mot Erling Skakke i Konghelle.<sup>193</sup> Erling Skakke blei sjølv jarl over Viken under danekongen Valdemar i 1160-åra, men var samstundes regent for son sin, kong Magnus, så lenge han var mindreårig.<sup>194</sup> Men Erling styrte berre over Viken som danekongens vasall, resten av landet blei styrt av sonen Magnus eller rivaliserande tronpretendentar, som alle var sjølvstendige fyrstar.

Under kong Sverre Sigurdsson blei halvbroren hans, Eirik, jarl i 1188.<sup>195</sup> Grethe A. Blom såg denne utnemninga som ei fortsetjing av samkongedømet, som hadde vore så vanleg i tiåra før. Men Eirik blei jarl, og ikkje konge. Han var derfor under kong Sverre i rang. Blom meiner han likevel kan sjåast på som ein slags samkonge i praksis, sidan han hadde hird, og blei sett over eit rike.<sup>196</sup> Mot Bloms tese kan det innvendast at også Orknøyjarlane hadde hird og rike, men det blir absurd å sjå på dei som samkongar over Noreg av den grunn. Det var ikkje berre eit kongeleg privilegium å ha hird, alle jarlar hadde rett på å ha det, men den måtte riktig nok ikkje vere større enn kongens.<sup>197</sup> Men det ser ut som om det å gjere eventuelle tronpretendentar til jarlar har erstatta samkongedømet som styringsform frå kong Sverres tid, då samkongedømet som politisk styringsform av ulike årsaker ikkje kunne vidareførast lenger.<sup>198</sup>

Praksisen med å utnemne potensielle tronpretendentar til jarlar blei vidareført i 1204, under Sverres etterfølgjar i det vestlandsk-trønderske birkebeinarriket – kong Guttorm Sigurdsson, og seinare kong Inge Bårdsson, som hadde Håkon Galen til jarl. Det samtidige austlandske baglarriket hadde Erling Steinvegg som konge, og Filippus Simonson som jarl.

<sup>193</sup> Heimskringla (Jónsson): s. 616; Heimskringla (Schjøtt & Magerøy): s. 330.

<sup>194</sup> Heimskringla (Jónsson): s. 634; Heimskringla (Schjøtt & Magerøy): s. 348. Sjå også Helle 1974: s. 69-71.

<sup>195</sup> Sverres saga (Jónsson): kap. 103-104; Sverres saga (Koht & Pedersen): kap. 59.

<sup>196</sup> Blom 1972: s. 13. I dei eldste landskapslovene, som var gjeldande rett på kong Sverres tid, blei jarlar sett mellom kongar og lendmenn i rang. Sjå NgL I: s. 67-68, 173; Gulatingslova (Robberstad): kap. 36; Frostatingslova (Hagland & Sandnes): s. 75-76.

<sup>197</sup> Hirdskrå: kap. 12.

<sup>198</sup> Sjå Blom 1972: s. 5-12; Holme 2012 om samkongedømets framvekst og oppløysing.

Både Håkon jarl og Filippus jarl hadde krav på kongsnamn, men kom etter folks oppfatning lenger bak i arverekkja enn dei nominelle kongane.<sup>199</sup> Jarletittel vart nok ein gong måten å løyse spenningane på. I byrjinga ser jarlane i både baglarriket og i birkebeinarriket ut til å vere dei reelle riksstyrarane. Jarlane styrte med hird og hær, og elles med den daglege styringa av riket. Då Inge Bårdsson blei konge i birkebeinarriket i 1204, var Håkon Galen fortsatt jarl, men frå no av hadde han berre kontroll over hird og hær. Dessutan skulle han ha halvparten av kongsinntektene.<sup>200</sup> Utover i kong Ingess regjeringstid ser det ut som om kong Inge og Håkon jarl delte riket mellom seg, og rådde sjølvstendig i kvar sine landsdelar. Kong Inge var likevel Håkons formelle overhovud og lensherre.<sup>201</sup>

Også under Håkon Håkonssons samla norske kongerike etter 1217 har vi ein sterk jarl som fungerer som reell riksstyrar i den unge kongens første regjeringsår, nemleg Skule Bårdsson. Skule var den avdøde kong Ingess halvbror, og Inge gav Skule jarlsnamn på dødsleiet sitt i 1217. Skule fekk med dette styringa over kongens hær og hird.<sup>202</sup> Då Håkon Håkonsson, som var soneson av kong Sverre, blei konge i 1217, i ein alder av 13 år, var det Skule som stod for riksstyringa i dei første av regjeringsåra hans, noko som innebar styringa over hær og hird. Dessutan fekk han rett på inntektene for ein tredjedel av Noreg og ein tredjedel av skattlanda.<sup>203</sup> Då Håkon vart myndig i 1220/21, ser han ut til å ha tatt styringa av landet i eigne hender. Konge og jarl delte hær og hird mellom seg, og den territorielle avgrensinga mellom rika til dei to vart fastare avklara i 1223.<sup>204</sup> Skule rådde fullstendig over inntektene i sin landsdel, og var fritatt lensavgift overfor kong Håkon. Han var likevel pliktig å yte kongen militær støtte «dersom det kom ufred til kongens rike», og var både formelt og reelt kong Håkons vasall og hirdmann.<sup>205</sup> Eit eksempel på dette er at det vart rekna for overtramp dersom Skule bevega seg med ein hær inn på kongens område av landet utan løyre, men dersom kongen gjorde det same på Skules område, var det ingen som reagerte på det.<sup>206</sup> Skules «karriere» som jarl minner mykje om hans forgjengar Håkon Galens «karriere». I byrjinga var dei riksstyrarar og militære leiarar for mindreårige kongar. Når vi les i Baglarsoga at kong Guttorm sette Håkon Galen jarl i høgsetet hos seg, og i Håkon Håkonssons saga at kong Håkon og Skule jarl dei første åra meir eller mindre opererer som

<sup>199</sup> Baglarsoga (Koht & Pedersen): kap. 7-9, 12, 16; Baglarsoga (Jónsson): kap. 4, 6. Sjå også Blom 1972: s. 14.

<sup>200</sup> Baglarsoga (Koht & Pedersen): kap. 12; Baglarsoga (Jónsson): kap. 6.

<sup>201</sup> Baglarsoga (Koht & Pedersen): kap. 35; Baglarsoga (Jónsson): kap. 18. Sjå også Blom 1972: s. 17-18.

<sup>202</sup> Baglarsoga (Koht & Pedersen): kap. 47.

<sup>203</sup> HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 19-22. Sjå også Blom 1972: s. 21f; Helle 1974: s. 99.

<sup>204</sup> HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 54-102, spesielt kap. 98-99. Sjå også Blom 1972: s. 21f. Kong Håkon skulle styre over Austlandet og Vestlandet t.o.m. Nordfjord, medan Skule jarl skulle styre landet nord for dette.

<sup>205</sup> HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 98. Sjå også Kjølås 2013: s. 5.

<sup>206</sup> HsH (Audne & Magerøy): kap. 183-184; HsH (Vigfússon & Unger): kap. 154. Sjå også Kjølås 2013: s. 5.

ein samla einskap utad, ser jarlane ut til å vere ein slags medregentar, men likevel av lågare rang enn kongane. Blom karakteriserer denne typen jarleembete for «riksjarl». <sup>207</sup> Filippus Simonsson hadde også hatt denne posisjonen under baglarkongen Erling Steinvegg. Då konge og jarl seinare skilde lag, mista dei denne «riksdekkjande» posisjonen, og blei heller lensfyrstar i dei områda som kongane sette dei over, med avgrensa makt utanfor desse. <sup>208</sup> Også Sigurd jarl frå Rør under kong Håkon Herdebret og Eirik Sigurdsson jarl under kong Sverre ser ut til å ha hatt ein slik posisjon.

Skule prøvde i 1236 å få kong Håkon til å gå med på at hans uektesfødde son Peter skulle arve jarledømet hans etter hans død, men kongen nekta. <sup>209</sup> Dette viser at heller ikkje den mektige Skule jarl kunne gjere det innanlandske jarleembetet arveleg. Som kjend blei Skule Noregs første hertug i 1237. Han gjekk dermed eit nivå opp i rang i høve til andre jarlar. Samstundes kan ein ha tenkt at den nye hertugtittelen var meir fleksibel enn jarletittelen, som det var knytt så mange sedvanemessige assosiasjonar til. På denne måten kunne det ha vore lettare for kong Håkon å kontrollere Skule og avgrense makta hans. <sup>210</sup> Skule gjorde likevel opprør mot kong Håkon og tok kongsnamn i 1239. Då den gamle jarlen/hertugen braut truskapseiden sin overfor kong Håkon og gjorde opent opprør mot han var det plass for ein ny jarl. Allereie vinteren 1240 etterpå gav kong Håkon Knut Håkonsson jarlsnamn, før Skule fall seinare det same året. <sup>211</sup> Knut var Håkon Galens ektesfødde son, og hadde dermed krav på jarls- eller kongsnamn. Han hadde til og med late seg ta som konge på Romerike i 1226, og hadde skapt ufred i Håkons rike. Men Knut forlikte seg med kong Håkon i 1227. <sup>212</sup> Med Skules opprør hadde kong Håkon anledning til å innsetje Knut som jarl i staden for han. På denne måten imøtekjem han i nokon grad Knuts ambisjonar, og vann dermed hans lojalitet. Dessutan ser Knuts jarletittel ut til å vere nært samanknytt militære behov – i det same brevet som kongen gav Knut jarlsnamn, gav han Knut ordre om å verje Vika og Opplanda mot Skule. <sup>213</sup>

Knut fekk også len frå kongen: «han hadde jamleg fire fylke i Trondheim, og dertil Namdal og halve Sogn.» <sup>214</sup> Knuts jarledøme var derfor mykje mindre enn den tredjedelen av

<sup>207</sup> Blom 1972: s. 22-25. Jamfør Baglarsoga (Koht & Pedersen): kap. 7; HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 18-60.

<sup>208</sup> Blom 1972: s. 26.

<sup>209</sup> HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 187.

<sup>210</sup> Blom 1972: s. 27.

<sup>211</sup> HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 211.

<sup>212</sup> HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 9, 145-148, 153-156.

<sup>213</sup> HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 211.

<sup>214</sup> HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 248.

Noreg og skattlanda, som Skules jarledøme bestod av. Sturla Tordsson fortel oss dessverre ikkje noko om kor mykje råderett Knut hadde over desse områda, og om han måtte betale lensavgift til kongen for dei. Det er sannsynleg at han, liksom tidlegare jarlar av kongeætta, rådde for inntektene av jarledømet åleine. Det er likevel sannsynleg at han hadde därlegare vilkår enn Skule, sidan han hadde eit mykje därlegare forhandlingsgrunnlag enn det Skule hadde. Sikkert er det i alle fall at Knut jarl blei sett over ein viss del av riket, og hadde ein av dei høgaste posisjonane i kongens hird, men at hans påverknad på styringa av kongens rike var avgrensa. Knut døydde i 1261, og vi kjenner ikkje til eventuelle etterkomrarar.<sup>215</sup> Det er sannsynleg at han ikkje hadde ektefødde søner som levde lenger enn han, og som kunne krevje jarletittel etter hans død.

For ingen innanlandske, norske jarlar var tittelen automatisk arveleg. Men alle dei som fekk denne typen jarletittel, var medlemer av kongeætta, og desse har hatt eit legitimt krav på å bli jarl. Derved kan vi seie at denne jarleverdigheita på sett og vis var arveleg. Likevel var jarleverdigheita ein gunst frå kongens side, og gjekk ikkje automatisk i arv frå far til son. Den høgmellomalderlege, innanlandske jarleverdigheita hadde derfor relativt lite til felles med den arvelege og sjølvstendige jarleverdigheita i vikingtida. Denne typen jarleverdigheit skulle halde seg best på Orknøyane, noko som eg vil kome tilbake til seinare.

### **Eit vidare nordisk perspektiv - fyrstelena**

I Danmark og Sverige ser vi samstundes liknande tendensar, der medlemer av kongeætta blir sett over ein del av riket. Her gav ein såkalla fyrstelen til slike, gjerne yngre kongesøner. Eit len var eit område som kongen «lånte» vekk til ein stormann, som styrte det på vegner av kongen, som hans vasall. Denne stormannen hadde i varierande grad politisk og juridisk mynde over dette området. Eit fyrstelen var i hendene på ein stormann av fyrsteleg rang, dvs. ein hertug eller ein jarl. Desse var i Norden medlemer av kongeætta.<sup>216</sup> Den danske rettshistorikaren Poul Johs. Jørgensen skreiv følgjande:

Oprettelsen av Fyrstelenene beroede paa, at de yngre Kongesønner – maaske som et Korrelat til, at Kongemakten ikke mere kunne deles mellom flere – mentes at have Ret til at faa anvist et standsmæssigt Underhold af Riget, hvilket efter Datidens Forhold ikke godt kunde ske paa anden Maade end ved, at Dele af dette blev overladt dem som Len.<sup>217</sup>

---

<sup>215</sup> Sjå Arstad 2002.

<sup>216</sup> Rosén 1966.

<sup>217</sup> Jørgensen 1971: s. 364.

Medlemer av kongeætta hadde derfor rett på «et standsmæssigt Underhold», ein rett og eit behov som dei fekk dekt gjennom fyrstelen. I Danmark var Sønderjylland hertugdøme frå 1100-talet av, og var i lange periodar nærmast sjølvstendig frå det danske kongeriket.<sup>218</sup> Det er elles interessant å merke seg at dette hertugdømet hadde sitt opphav i eit tidlegare jarleembete i området (jarlen i Slesvig). Det vart sannsynlegvis oppretta på slutten av 1000-talet for å forsvare området mot vendarane.<sup>219</sup> I likskap med dei innanlandske norske jarle- og hertugdøma, rådde dei danske hertugane fritt over inntektene frå deira fyrstelen, men var skuldige truskap og krigsteneste overfor kongen. Til motsetning til dei norske jarle- og hertugdøma, var dei danske fyrstelena arvelege. Det er uvisst om dei alltid har vore dette, eller om situasjonen opprinneleg var meir lik den i Noreg, altså at lenet ikkje var automatisk arveleg.<sup>220</sup> I Noreg døydde frå og med Håkon Håkonssons regjeringstid dei innanlandske jarlane og hertugane utan legitime arvingar (slik som Skule Bårdsson og Knut Håkonsson), eller dei vart kongar sjølve (som Magnus Lagabøte og Håkon V Magnusson). Dette bidrog til at det ikkje utvikla seg sjølvstendige fyrstelen på den same måten i Noreg.

Dei norske jarle- og hertugdøma må i likskap med dei i Danmark og Sverige sjåast på som ein måte å skaffe medlemer av kongeætta «et standsmæssigt Underhold» på. Men som også Jørgensen var inne på, heng dette saman med grunntanken bak samkongedømet, at alle kongssøner har rett på fyrsteleg makt, men utover i mellomalderen veks den tanken fram at det er det berre ein av dei som får bli konge. Det let seg derfor sameine å sjå på dei norske jarle- og hertugdøma som fyrstelen, samstundes som ein ser på dei som ein måte å føre vidare det tradisjonelle samkongedømet på.

### **Orknøyjarlar under kongeleg press**

Hirdskråa kategoriserer også jarleverdigheita i skattlanda i ein annan kategori enn den innanlandske jarleverdigheita:

Det er et annet slag når Norges konge gir jarlsnavn til dem han setter over skattlandene sine. Først Orknøyene på de vilkår som framgår av kong Sverres og (Harald Maddadsson) jarls forliksbrev, og med de (tilleggs)bestemmelsene som ble tatt inn i overenskomsten mellom kong Magnus Håkonsson og Magnus jarl Gilbertsson, som forliktes i Bergen da det var gått 1267 år etter vår herre Jesu Kristi fødsel i det fjerde styringsåret til kong Magnus Håkonsson. Så også hvis kongen setter jarl over Island på de betingelsene som kongen synes best, og med Guds forsyn og gode menns råd. Da

<sup>218</sup> Rosén 1966: sp.104-105; Jørgensen 1971: s. 364; Albrechtsen 2008: s. 23-30.

<sup>219</sup> Albrechtsen 2008: s. 22.

<sup>220</sup> Jørgensen 1971: s. 364-366.

må hver av dem nyte den måten som her etter sies om hvordan jarl skal utnevnes, og videre om det som dertil hører av det som der følger.<sup>221</sup>

Også Hirdskråas forfattar(ar) er medvitne om at det her er snakk om eit anna slag (gno. *annar háattr*) jarledøme enn det innanlandske. Det er elles interessant at det ikkje er nemnt noko om arvelegheita av det orknøyiske jarledømet. Dette må ha vore ei uskriven lov gjennom fleire hundre år som forfattaren ikkje såg det nødvendig å skrive ned. Det som var viktig å påpeike, var at alle nye jarlar måtte ta jarledømet som len av den norske kongen.

Jarledømet Orknøyane-Katanes gjennomgjekk rundt 1200 store endringar. Som vi har sett, vart det i alle fall frå rundt 1100 underlagt eit kongeleg overherredøme under både den norske (Orknøyane og Hjaltland) og den skotske kongemakta (Katanes). Men konganes moglegheit og vilje til å utøve eit meir direkte overherredøme over Orknøyjarlane vart skapt i 1195. No fekk kong Sverre eit påskot for å avgrense Orknøyjarlanes makt etter at Harald Maddadson jarl (1158-1206) tok del i øyskjeggopprøret mot hans styre. Etter at Sverre slo opprørarane ved Florvåg utanfor Bergen i 1193, straffa han jarlen ved at han måtte gje frå seg Hjaltland (Shetland), som frå no av blei styrt direkte under kongen. Kongen skulle også ha halvparten av bøtene som vart samla inn på Orknøyane. Ein kongeleg sysselmann vart sett inn for å ta seg av dette. Dessutan vart eigedomane til dei falne opprørarane konfiskerte av kongemakta, der opprøraranes slektningar hadde anledning til å kjøpe dei tilbake innan tre år.<sup>222</sup> Kong Sverres reaksjon på Harald jarls forræderi var hard, samanlikna med illojale norske hirdmenn som Nikolas Arnesson og Gregorius Andresson. Hans Jacob Orning forklarer dette med at Sverre hadde behov for å tvinge periferiane i riket til lydnad. Dei innanlandske, norske hirdmennene kunne han i større grad kontrollere ved hjelp av sitt fysiske nærvær.<sup>223</sup> Han hadde dessutan, i motsetning til kongar før han, tilgang til eit effektivt administrativt apparat gjennom syslemennene. Desse kunne han bruke til å halde kontroll på område så langt unna som Orknøyane.<sup>224</sup> Harald jarl kom dessutan i konflikt med

<sup>221</sup> Hirdskrå: kap. 10: «*Sa er annar hattr. Jarls nams er noregs konongr gefr þæim monnum er han skipar. Ivir. Skatlonð sin fyrst orknæyar við þui skilorde sem vattar skra suærvis konongs oc harallðar jarls. Oc med þæim flæirum æinka malom sem komo .i. sættar giærd þæira. Magnus konongs Hakonar konongs sonar oc Magnus. Jarls Gillibærz sonar þa er þær sættozt .i. biorgvin. Pa er lidnir varo fra burdar tið vaars herra ihesus krist þusunðrað vættra. Tvaun hunðrað vættra. Sæx tigir vættra oc siau vætr. A. Fiorða are rikis Magnus konongs sonar Hakonar konongs. Sua oc ef konongr gerer jall til islanðz með slike skilorðe sem kononge synizt med guðs forsioc goðra mannae raðe. Pa ma til huarsteggia þessa þann hatt nyta sem hær sægir æftir. Huæssu jarl skal gera oc þæt flæira sem hær til heyrir af þui sem þar fyllgir.»*

<sup>222</sup> Sverres saga (Koht & Pedersen): kap. 126; Sverres saga (Jónsson): kap. 124-125; Os: kap. 112..

<sup>223</sup> Orning 2004: spesielt s. 146-147, 177.

<sup>224</sup> Wærdahl 2006: s. 73, 246f; Crawford 2013: s. 245f.

skottekongen Vilhjalm Løve, som han hadde Katanes i len av. Jarlen blei til slutt forlikt med kong Vilhjalm mot ei bot på 2000 pund sølv.<sup>225</sup>

Ein kan spørje seg kvifor kong Sverre let jarledømet på Orknøyane bestå. Det er sannsynleg at Sverre ikkje såg det som tenleg å bryte ein fleire hundre år gammal tradisjon med jarlestyre på Orknøyane. I følgje historikaren Ian Peter Grohse ønskte Sverre og seinare norske kongar å behalde dette jarledømet fordi dei såg nytten av jarlens posisjon som militær leiar. Orknøyjarlane vart på denne tida nærmare knytt til den norske kongens hoff som hirdmenn, og det vart forventa at dei støtta dei norske kongane militært.<sup>226</sup> Dette gir meinig, med tanke på det doble jarledømet Orknøy-Katanes sin posisjon i grenseområda mellom kongeriket Suderøyane (som fram til 1266 låg under den norske kongens overherredøme) og den ekspanderande skotske kongemakta. I staden for å vere avhengig av leidangsstyrkar frå Noreg for å halde fred og verje norske interesser på Vesterhavøyane, var det meir rasjonelt å ha ein lokal fyrste til å ta noko av dette ansvaret.

Etter kong Sverres død i 1202 såg Harald jarl moglegheita til å gjenopprette si sjølvstendige stilling. I følgje Baglarsoga skal han ha latt kongens sysselmann på Orknøyane drepe, og dermed ha sikra seg dei inntektene som han måtte avstå i 1195. Han skal også ha lagt under seg Hjaltland på nytt.<sup>227</sup> Harald jarl ser dermed ut til å ha vore ein sjølvstendig fyrste i sine fire siste leveår, før han døydde i 1206. Haralds søner og etterfølgjarar, samjarlane Jon og David, såg seg nøydde til å inngå forlik med kong Inge etter at det var blitt fred i Noreg etter forliket på Kvitingsøy i 1208. Sannsynlegvis måtte dei godta liknande vilkår som far deira måtte godta i 1195, sidan ein i Hirdskråa frå 1270-åra refererte til «de vilkår som framgår av kong Sverres og Harald (Maddadsson) jarls forliksbrev», med dei tilleggsvilkåra som kong Magnus og Magnus jarl Gilbertsson vart samde om i 1267, i reguleringa av tilhøvet mellom konge og jarl.<sup>228</sup> Orknøyjarlane blei dermed temmeleg vengeklippe, men forsvann ikkje. Nærveret av kongelege syslemenn førte naturleg nok til konfliktar mellom dei og jarlane. I ein slik konflikt blei Jon jarl drepen i 1230.<sup>229</sup> Den drepne jarlens frendar og vener gav drapsmennene grid, og dei to partane vart samde om å dra til Noreg og la kong Håkon dømme i saka. Drapsmennene vart dømde til døden, men på veg tilbake til Orknøyane forliste det såkalla Gødingskipet, med ein stor del av den avdøde jarlens

<sup>225</sup> Os: kap. 112; Crawford 2013: s. 256-257.

<sup>226</sup> Grohse 2013.

<sup>227</sup> Baglarsoga (Koht & Pedersen): kap. 40.

<sup>228</sup> Baglarsoga (Koht & Pedersen): kap. 40; Hirdskrå: kap. 10; Thomson 2008: s. 128; Crawford 2013: s. 261-263.

<sup>229</sup> HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 169-171.

ætt og «dei beste menn på øyane».<sup>230</sup> Med dette var det slutt på det gamle orknøyske jarledynastiet, og jarletittelen gjekk over til deira skotske slektingar: Angus-familien.<sup>231</sup> Men også Angus-jarlane og deira etterfølgjarar fortsatte å ta Orknøyane som len av den norske kongen fram til øyane vart pantsette til Skottland i 1468.

Ei ny utfordring for jarledømet var då det braut ut krig mellom jarlens to overherrar kong Håkon Håkonsson av Noreg og kong Alexander III av Skottland i 1263. Det verkar som om Magnus Gilbertsson jarl greidde å halde seg nøytral i konflikten mellom dei to. Under kong Håkons felttog forsvann han frå Orknøyane, og ser ut til å tatt tilflukt i Skottland.<sup>232</sup> Men nøytraliteten hadde også sin pris. I 1267 måtte Magnus jarl innfinne seg hos kong Magnus Lagabøte i Noreg, og inngå eit nytt forlik med han. Vi kjenner ikkje til dette forliket anna enn frå ein referanse i Hirdskråa. Men her kjem det fram at 1267-forliket hadde tilleggsføresegner i høve til forliket mellom kong Sverre og Harald Maddadsson jarl frå 1195.<sup>233</sup> Imsen meiner at 1267-forliket må sjåast på som eit resultat av kong Magnus' behov for å regulere tilhøvet til jarlen på nytt etter at den politiske situasjonen på Vesterhavøyane hadde endra seg etter Perth-forliket mellom han og skottekongen Alexander III i 1266.<sup>234</sup> Crawford og Wærdahl hevdar derimot at Magnus jarl har oppført seg illojalt overfor kong Håkon og kong Magnus, og at hans stilling derfor blei innskrenka i 1267.<sup>235</sup> Det er uansett sannsynleg at forliket gav kongen større kontroll over jarledømet, og at jarlen no i større grad vart ein kongeleg administrator enn ein sjølvstendig fyrste. Det er òg sannsynleg at når jarlane tok sitt jarledøme i len frå kongen, stod han nokså fritt til å diktere vilkåra.<sup>236</sup>

## Gissurs jarledøme i Noregsvelde-kontekst

Vi kan dele jarleverdigheita i Noregsveldet i to kategoriar, det innanlandske og det i skattlanda. Det islandske jarledømet er karakterisert som eit skattlands-jarledøme i Hirdskråa.<sup>237</sup> At det opphøyrte å eksistere som politisk realitet ved Gissur Torvaldssons død i 1268, må tolkast som at jarletittelen hans aldri var arveleg. Det var heller ikkje dei samtidige jarledøma i Noreg. Dei norske jarlane høyrte til kongeætta, men jarleverdigheita gjekk ikkje automatisk i arv frå far til son. Det var derfor ikkje noko i tradisjonen eller i dei aktuelle politiske tilhøva som skulle tilseie at Gissurs jarledøme skulle vere det heller. Det var berre

<sup>230</sup> HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 172-173.

<sup>231</sup> Wærdahl 2006: s. 88; Thomson 2008: s. 134-137; Crawford 2013: s. 277-288.

<sup>232</sup> Wærdahl 2006: s. 90f; Crawford 2013: s. 293-301.

<sup>233</sup> Hirdskrå: kap. 10.

<sup>234</sup> Imsen 2000a: s. 169.

<sup>235</sup> Wærdahl 2006: s. 90-91; Crawford 2013:s. 304-306.

<sup>236</sup> Crawford 2013: s. 292f, 305f.

<sup>237</sup> Hirdskrå: kap. 10.

Orknøyjarlane som hadde greidd å etablere eit arveleg jarledøme. No var Gissur utan arvingar då han døydde i 1268, sidan familien hans omkom i brannen på Flugumýri i 1253. Gissur hadde andre slektingar som kunne arve tittelen hans. Slekt hans, haukdølene, blei ført vidare av nevøen hans Klæng Teitsson og hans søner Orm og Torvald.<sup>238</sup> Teoretisk sett kunne desse ha arva Gissurs jarletittel på same måten som Angus-familien arva den orknøyske jarletittelen etter 1231. Men det blei ikkje tilfellet for det islandske jarledømet. Jarletittelen som Gissur fekk i 1258 var til han sjølv og ingen andre.

Det er likevel interessant at ein i Hirdskrå og i Landslova, som blei skrivne ned fleire år etter Gissurs død, fortsatt var open for moglegheita om at ein ny jarl kunne setjast inn på Island. Eg vil i eit seinare kapittel drøfte årsaker til at dette likevel ikkje skjedde. Når det islandske jarledømet ikkje var arveleg, skil det seg frå det orknøyske, og har dermed meir til felles med dei innanlandske, norske jarledøma. Men Gissur var ingen tronpretendent av kongsetta som ein prøvde å blidgjere ved å gje dei jarletittel. Det var heller ikkje Orknøyjarlane. Verken Gissur eller Orknøyjarlane hadde full kontroll over jarledøma sine – dei måtte dele inntektene med kongen. På den måten var kan ein seie at dei to jarledøma var i same kategori. Men på eit viktig område var dei ulike. P. A. Munch karakteriserte Gissur som ein «kongelig Statholder og Agent» som hadde som mål å leggje Island under kong Håkon og skape fred i landet. I praksis, meinte Munch, var Gissur meir ein sysleman enn ein verkeleg jarl, og kunne kontrollerast og tilbakekallast når som helst. Dei orknøyske jarlane var derimot «virkelige Lensfyrster, i hvis Bestyrelse av Lenet Kongen ikke blandede sig.»<sup>239</sup> Det kan hevdast mot det siste punktet at kongen faktisk blanda seg inn i styringa av Orknøyjarlens len då kong Sverre sette inn ein sysleman på Orknøyane, som skulle krevje inn hans del av inntektene i jarledømet. Orknøyjarlens posisjon kan dermed ikkje seiast å ha vore like sjølvstendig som Munch ville ha det til. Crawford argumenterer dessutan for at Orknøyjarlens posisjon i løpet av 1200-talet var i ferd med å endre seg til ein posisjon som likna på Gissurs:

The position of the earl was now more as royal officer than independent chieftain, and his authority was delegated to him by the king; in principle his duty was to manage the country on behalf of the sovereign. This brought the position of earl in Orkney nearer to that of an earl in Iceland, an appointment which was made just at this time.<sup>240</sup>

Det islandske jarledømet ser ut til å vere danna på ad hoc-basis, som ei løysing på ein politisk situasjon, noko som også ser ut til å vere tilfellet dersom vi reknar med at Skule Bårdsson

<sup>238</sup> Sjå ættskrá nr. 7 (Haukdælir) i Sts II.

<sup>239</sup> Munch 1852-58, bind IV, del 1: s. 357.

<sup>240</sup> Crawford 2013: s. 305-306.

gjorde Snorre Sturlason til jarl over Island i 1239. Jarledømet var eit middel i kampen for å få lagt Island under den norske kongemakta. Det var altså ikkje meint til å vare, sjølv om Hirdskråa i teorien opna for moglegheita. Som vi har sett i høve til jarleverdigheita generelt, ser det militære aspektet ut til å vere ein viktig del av jarlens oppgåver. Då Gissur svore på at han skulle «frede landet» og «late alle bønder svare kongen skatt», ser dette ut til å vere hans to hovudoppgåver i hans nye embete. Jarledømet hans bestod av «heile Sørlandsfjerdingen, Nordlandsfjerdingen og Borgarfjörður», som han styrte på vegner av kong Håkon. Hans oppdrag var å få heile Island under kongen, og skape fred i det splitta landet.

## Oppsummering

I dette kapittelet har eg drøfta kva ein jarl i Noregsveldet var for noko og bakgrunnen for utnemninga av Gissur som jarl i 1258. Kong Håkon blanda seg inn i islandske tilhøve for å sikre seg mot truslar mot si eiga kongemakt og norske handelsinteresser. Han ser dessutan ut til å ha hatt eit oppriktig ønske om å framstå som ein rex iustus som såg det som sitt ansvar å få slutt på den destruktive og opprivande sturlungastriden på Island. Fleire islandske godar hadde prøvd å gjere seg fortent til ein fyrsteleg tittel ved å prøve å leggje Island under seg sjølve og kong Håkon. Men dei mislukkast på grunn av motstand frå andre islandske godar eller at dei blei klaga for utruskap og måtte dra til Noreg. Gissur vart jarl i 1258 fordi kong Håkon trond ein mektig og lojal vasall for å skape fred og leggje Island under kongemakta. Kongen valde denne strategien framføre å sende ein krigsflåte til landet, noko som ville ha vore eit risikabelt foretak. Gissur var på dette tidspunktet den einaste gjenlevande av hans islandske hirdmenn, og hadde vist seg å vere ein lojal og beherska hirdmann i dei åra han hadde tent kongen. Kong Håkon ser dessutan ut til å ha likt Gissur personleg.

Gissur var som skattlandsjarl i same situasjon som Orknøyjarlen, begge var den norske kongens fremste representantar på høvesvis Orknøyane og Island. Deira embete har særleg hatt militære funksjonar, og dei var pliktige til å dele inntektene frå jarledøma med kongen. Men medan det orknøyske jarledømet var arveleg, vart det islandske ikkje det. På den måten hadde det islandske jarledømet meir til felles med dei innanlandske, norske jarle- og hertugdøma, som ikkje var automatisk arvelege, og som blei oppretta for å løyse politisk spente situasjoner. I Noreg vart det vanleg å gje jarle- eller hertugtittel til medlemer av kongeætta. På den måten prøvde ein å unngå tronstrid i einkongedømets tid. I Danmark og Sverige danna ein hertugdøme av dei same grunnane, men her fekk hertugdøma i større grad leve sine eigne liv, sjølvstendig frå kongemakta. Gissur var derimot berre fjernt beslektat med den norske kongeætta, og han fekk jarletittel først og fremst for å gjere han betre i stand til å

kjempe for kongens sak på Island. Jarledømet hans var heller ikkje arveleg, på same måte som dei innanlandske norske jarledøma.

## Kapittel 3: Jarledømets maktgrunnlag

I dette kapittelet vil eg sjå på grunnlaget for Gissurs makt som jarl på Island frå 1258. Eg vil konsentrere meg om perioden fram til 1261. Då kom den kongelege norske utsendingen Hallvard Gullsko til Island for første gong, noko som innebar endringar i Gissurs maktposisjon. For å analysere Gissurs maktgrunnlag vil eg dra nytte av den britiske sosiologen Michael Manns modell, der han opererer med fire ulike maktkjelder som ein har basert samfunnsmakt på gjennom historia: politisk, militær, økonomisk og ideologisk makt.<sup>241</sup>

Kong Håkon hadde sett Gissur over område som han hadde heimel til, noko som er eit eksempel på ei rein politisk maktkjelde som Gissur kunne nytte seg av. Men ikkje alle godane i desse områda ville anerkjenne jarlens og kongens overherredøme. Korleis greidde Gissur å sikre seg makta over jarledømet sitt, og greidde han å sikre heile det området som kong Håkon hadde sett han over? Korleis styrte Gissur jarledømet sitt, og kva var det politiske, militære, økonomiske og ideologiske maktgrunnlaget for dette? Dette vil vere problemstillingane for dette kapittelet.

Eg går ut frå at Gissurs makt ikkje berre var basert på hans posisjon som den norske kongens jarl. Han var allereie ein mektig og etablert gode på Island før han blei jarl. Det vil derfor vere nødvendig å sjå på visse utviklingstrekk i det politiske systemet på Island, for at vi kan forstå Gissur og jarledømet hans fullt ut.

### Politisk makt: Den politiske situasjonen på Island i 1258

I dette avsnittet skal eg sjå på kva slags politiske maktstrukturar som eksisterte på Island og i Noregsveldet på Gissurs tid, og korleis han gjorde nytte av desse. Michael Mann definerer politisk makt som sentralisert, institusjonalisert og territorialisert regulering av sosiale relasjoner. Den eller dei som kontrollerer desse relasjonane, oppnår politisk makt over dei menneska som er involverte i desse relasjonane.<sup>242</sup>

Eg vil begynne med å sjå på denne typen relasjoner på Island på Gissurs tid, og ta utgangspunkt i den politiske situasjonen då han vendte tilbake som jarl i 1258. Mesteparten av Island var på dette tidspunktet styrt av fem-seks godeætter, som i løpet av hundreåra opp til 1258 hadde konsolidert makta si i større område. Dette skjedde på bekostning av den opphavlege maktstrukturen på Island, der landet hadde vore oppdelt i mange mindre høvdingdøme, eller godord, som dei vart kalla. Kor mange godord det opprinneleg var, er

<sup>241</sup> Mann 2012, bind I: s. 22-28, 379-397, 518-524.

<sup>242</sup> Mann 2012, bind I: s. 26-27.

usikkert. Estimata varierer frå 36 til 60.<sup>243</sup> Island hadde vore gjennom ein prosess med maktkonsentrasjon, og historikarane karakteriserer denne overgangen som eit skifte frå det gamle systemet med mange og små godord, til eit nytt system som vaks fram på slutten av 1100-talet og byrjinga av 1200-talet. No vart godorda samla i færre og større *rike*.<sup>244</sup> Også i kjeldematerialet blir *goðorð* delvis erstatta med *ríki* i denne perioden.<sup>245</sup>

Dei som eigde godord blei kalla *godar* i den eldste tida. Seinare blei dei som regel kalla *godordsmenn* eller *hövdingar*. For å markere kontinuiteten frå dei gamle islandske godane, og fram til Gissur og andre islandske hövdingar på hans tid, kjem eg til å omtale dei som eigde godord som godar. Etter 1264 heldt alle godane godorda sine på vegner av den norske kongen, og eg vil dermed omtale dei som hövdingar i denne perioden. Godane var ansvarlege for å hjelpe og beskytte sine tilhengarar med tvistar på tinga. Dessutan var det inga sentral eksekutivmakt som kunne setje lover og dommar ut i livet. Dette måtte dei involverte partane gjere på eiga hand. I praksis vart det derfor slik at goden måtte hjelpe tilhengjarane sine med å setje dommane ut i livet. Desse tilhengarane var bønder som var tingmenn for ein gode. Det vil seie at dei forplikta seg til å støtte goden sin på tinga, og goden forplikta seg til å støtte sine tingmenn. Vi kan med Jón Viðar Sigurðsson karakterisere dette forholdet som eit patron-klient-forhold.<sup>246</sup> Patron-klient-modellen er særleg kjent frå det republikanske Roma i antikken som ein asymmetrisk allianse mellom to partar, der begge hadde noko å gje. Patronen var forventa å støtte klientane sine i rettssaker, og gje dei fysisk vern mot fiendar. Det å ha ein mektig verjar var avgjerande i eit samfunn som mangla både politi og offentlege påtalemynndigheter. Dersom ein klient hamna i økonomisk uføre, var patronen ansvarleg for å forsørgje han. På den andre sida var klientane pliktige til å yte politisk støtte til sin patron i folkeforsamlinga og til å stille opp i patronens private hær. I alle fall i teorien hadde klienten anledning til å forlate sin patron dersom patronen ikkje oppfylte sine plikter overfor han, og finne seg ein ny patron.<sup>247</sup>

Vi ser dermed at den romerske patron-klient-modellen viser sterke likskapstrekk med det islandske gode-tingmann-forholdet. Dei islandske tingmennene ser likevel ut til å ha stått friare enn dei romerske klientane. I utgangspunktet var forholdet mellom gode og tingmann

<sup>243</sup> Lárusson 1960: s. 17; Jóhannesson 1969: s. 47; Maurer 1969: s. 54f; Sigurðsson 1993: s. 59.

<sup>244</sup> Jóhannesson 1969: s. 51; Sigurðsson 1993: s. 69-93; Karlsson 2000: s. 76ff; 2004: s. 213-315.

<sup>245</sup> Sjå bruken av *ríki* i Sts I: s. 280, 309, 333, 351, 354, 360, 365, 386, 397, 414, 440, 474; II: 4, 43, 81, 86, 118, 119, 125, 127, 131, 145, 149, 175, 185, 202, 227, 288, 289.

<sup>246</sup> Sigurðsson 1995: s. 155; 2010: s. 39f.

<sup>247</sup> Qviller 1999: s. 33-40. Sjå dessutan Qviller 2000 for ei meir generell tilnærming til patron-klient-modellen i ulike historiske samfunn.

eut nokså laust forhold, tingmennene kunne når som helst gje seg under ein annan gode dersom dei ikkje var fornøgde med den dei hadde. Opphavleg var godorda derfor ikkje territoriale einingar med faste grenser, sidan godanes makt var basert på personlege band til tingmennene.<sup>248</sup> Dette skulle endre seg då godorda blei samla til større rike på 1100- og 1200-talet. Rika vart no i større grad fast avgrensa, territoriale einingar.<sup>249</sup> Men det var framleis nokre ætter som berre kontrollerte eitt godord. Eg vil no undersøkje Gissurs maktposisjon ved å sjå på rika i dei ulike delane av Island, for å finne ut av kva område som han styrt over, og kva område som var kontrollert av hans allierte og motstandarar.

Gissur Torvaldsson var opphavleg ein av dei godane som kontrollerte eit rike på Island. Han var av haukdalsætta, som tradisjonelt hadde heldt til i Árnesþing i Sørlandsfjerdingen. I alle fall rundt 1230 styrte haukdølene alle godorda i dette området.<sup>250</sup> Mange i denne ætta var prestevigde og lærde menn. Dei var sentrale i innføringa av kristendomen på Island og for etableringa av bispesetet i Skálholt.<sup>251</sup> Haukdølene fortsette tradisjonen med å vere biskopar, og på byrjinga av 1200-talet var Gissurs onkel Magnus Gissursson (d. 1237) biskop.<sup>252</sup> Det var også tradisjon blant haukdølene å bli lovseiemenn. Det er interessant at alle lovseiemennene på Island i perioden 1253-71 var nevøar eller svograr av Gissur. Nevøen hans Teit Einarsson (d. 1258) vart lovseemann i 1253 på Gissurs anbefaling.<sup>253</sup> I 1259 vart Kjetil Torlaksson (d. 1273) den nye lovseemannen. Han var prest og sannsynlegvis gode i Hítardalur, og var gift med Gissurs syster Halldora. Kjetils og Hallberas son Torleif (d. 1289) etterfølgde i 1263 faren som lovseemann. Torleif og ein annan mogleg nevø av Gissur, Jon Einarsson (d. 1306), byta på å ha dette embetet fram til det vart lagt ned ved innføringa av Járnsiða i 1271.<sup>254</sup> Det er sannsynleg at Gissur støtta desse til å bli lovseiemenn, på same måte som han støtta Teit til å bli det i 1253. For Gissur var det gunstig at det var ein frende eller svoger av han som var lovseemann. På denne måten hadde

<sup>248</sup> Lárusson 1960: s. 14-16; Jóhannesson 1969: s. 51; Sigurðsson 2010: s. 36-41.

<sup>249</sup> Jóhannesson 1969: s. 197; Karlsson 1975: s. 31-39; Sigurðsson 1993: s. 71.

<sup>250</sup> Forskarane er usamde angåande når haukdølene fekk kontroll over heile Árnesþing. Sigurðsson (1993: s. 71) meiner dei hadde det allereie frå midten av 1000-talet av, Jóhannesson (1969: s. 193) rekna med at dei hadde kontroll på byrjinga av 1100-talet, medan Karlsson (2004: s. 286-288) hevdar at det ikkje var før rundt 1230 at ætta fekk alle godorda i Árnesþing på sine hender.

<sup>251</sup> Haukdølen Gissur Kvite Teitsson (levde på slutten av 900-talet og byrjinga av 1000-talet) var ein av pådrivarane for innføringa av kristendommen på Island og sonen Isleif (1006-80) vart landets første innfødde biskop. Biskop Isleifs son Gissur (1042-1118) vart også biskop, han gjorde Skálholt til fast bispesete og fekk lovfesta tienden. Biskop Gissur oppnådde eit stort ry, og blir i fleire kjelder omtala som «konge og biskop over Island». Dette referer til biskop Gissurs autoritet og leiarposisjon, både som gode og biskop. Sjå f.eks. Jóhannesson 1969: s. 105-126; Jakobsson 1994: s. 33ff.

<sup>252</sup> Sjå 7. ættskrá (Haukdælir) i Sts II.

<sup>253</sup> Sts I: s. 479.

<sup>254</sup> IA: s. 67, 134, 135, 137, 192, 330, 331. Sjå også 7. og 14. ættskrá (Haukdælir og Hítdælir) i Sts II. Det er usikkert om Jon Einarsson var av haukdalsætta, men det er mykje som tyder på at han var bror av den tidlegare lovseiemannen Teit Einarsson. Sjå Sigurðsson 1886: s. 34.

han større påverknad på Alltinget, sidan lovseiemannen var leiar for dei rettslege og politiske prosessane der.<sup>255</sup>

Oddaverjane var den andre mektige godeætta i Sørlandsfjerdingen.<sup>256</sup> Rundt 1200 hadde dei tatt kontroll over alle godorda i Rangárþing, men etter 1220 smuldra makta deira opp, av omdiskuterte grunnar.<sup>257</sup> Dei fortset likevel å vere ein maktfaktor å rekne med ut fristatsperioden. Tord Kakale Sigvatsson fekk i 1249 godane Filippus og Harald Sæmundssøner, av oddaverjaætta, til å dra til Noreg, der dei gav godorda sine i Rangárþing til kong Håkon, og fekk dei tilbake som kongelege len ved å bli kongens handgjengne menn. Men begge to drukna i 1251, på veg tilbake til Island.<sup>258</sup> Det ser ut som om oddaverjane med dette såg seg løyste frå kongens overherredøme, og dei tok Tord Andreasson som gode.<sup>259</sup> Når no kongen likevel kravde Rangárþing, og sette Gissur over det i 1258, var det ein kime til konflikt mellom Gissur og oddaverjane.

I Austfjordsfjerdingen regjerte svinfellingane og austfjordingane. Men i byrjinga av 1220-åra tok svinfellingane kontrollen over austfjordinganes rike og blei dermed dei første til å kontrollere to rike.<sup>260</sup> I 1258 var svinfellingane Orm Ormsson og Torvard Torarinsson godar i Austfjordsfjerdingen.<sup>261</sup> Orms territoriale interesser kom i første omgang ikkje i konflikt med Gissurs jarledøme, sidan dette ikkje omfatta Austfjordsfjerdingen. Gissur hadde likevel ansvar for å få han under kongemakta på sikt. Situasjonen var annleis med Torvard, sidan han også kravde makt i Eyafjörður i Nordlandsfjerdingen. Dette hørde som kjend med til Gissurs jarledøme. Dessutan hadde Torvard forbrote seg mot kongemakta fordi han hadde drepe dei

---

<sup>255</sup> For lovseiemannens funksjonar, sjå for eksempel Lárusson 1966; Jóhannesson 1969: s. 40-42.

<sup>256</sup> Dei nådde høgdepunktet av makta si i siste delen av 1100-talet, då Jon Loftsson (1124-97) var deira gode. Hans innverknad blei merka over heile Island, og viktige saker blei lagt fram for han. Derfor er han blitt kalla «Islands ukrona konge». Jons mor, Tora, var dessutan dotter av den norske kongen Magnus Berrfött, og Jons farfar var Sæmund Sigfusson Frode (1056-1133) som var prest og gode. Sæmund var den første frå Norden som var utdanna i Frankrike, og blir saman med Are Torgilsson Frode rekna for å ha etablert den norrøne sogeskrivingstradisjonen. Denne ættebakgrunnen må ha hjelpt på Jons og oddaverjanes suksess. Dessutan baserte dei makta si på kontroll over kyrkjestedar og Jons son Pål (1155-1211) vart biskop i Skálholt. Sjå for eksempel Þorsteinsson 1953: s. 233-237. Sjå dessutan 3. og 4. ættskrá (Oddaverjar) i Sts II.

<sup>257</sup> Sjå Jóhannesson 1969: s. 193; Þorláksson 1989: s. 14-19, 142-145; Sigurðsson 1993: s. 71-72, 114-115; Karlsson 2004: s. 281-286.

<sup>258</sup> Sts I: s. 473-474. Det ser ut som om Sæmundssønene vart direkte vasallar av kongen, og ikkje av Tord Kakale.

<sup>259</sup> Ólsen 1908: s. 7; Þorsteinsson 1953: s. 302-303.

<sup>260</sup> Þorsteinsson et.al. 1985: s. 66f; Sigurðsson 1993: s. 73. Gunnar Karlsson (2004: s. 273-286) har sett spørsmålsteiken ved oppfatninga om at austfjordingane var ei av dei store godeættene i fristatstidas Island. Han peiker på at dei ikkje blir nemnde i slektstre slik som dei andre ættene, og derfor må sjåast på som ein konstruksjon av moderne historikarar. Han reknar likevel med at svinfellingane tok kontroll over heile Austfjordsfjerdingen i 1220-åra.

<sup>261</sup> Ólsen 1908: s. 6, 12-13. Sjå også 46. ættskrá (Svínfellingar) i Sts II.

kongelege hirdmennene Torgils Skarde Bødvarsson og Berg Åmundsson. Gissur må dermed ha fått mynde frå kong Håkon til å døme Torvard for drapa.<sup>262</sup>

I Nordlandsfjerdingen vaks det i løpet av mellomalderen fram to rike. Det eine hadde utgangspunkt i Skagafjörður, og det andre i Eyafjörður. I Skagafjörður og Húnaþing var åsbirningane den mektigaste godeætta.<sup>263</sup> Dei prøvde aldri å få valt nokre av sine eigne til det nærliggjande bispeembetet i Hólar, slik som haukdølene gjorde i Skálholt.<sup>264</sup> Åsbirningen Kolbein Unge Arnorsson (1208-45) vart ein av dei største godane på Island, og størstedelen av sturlungen Tord Kakales saga skildrar hans kamp mot Kolbein. Etter Kolbeins død gjorde både hans frende Brand Kolbeinsson og sturlungane Tord Kakale og Torgils Skarde krav på åsbirninganes rike. Brand vart drepen av Tord Kakales menn i etterkant av slaget på Haugsnes i 1246.<sup>265</sup> Då Gissur kom til Island i 1258, ser makttihøva i dette området ut til å ha vore noko uavklara sidan Torgils Skarde nettopp var blitt drepen. Men Brand Kolbeinssons enke Jorunn og deira søner Kalv og Torgeir ser ut til å ha hatt ei leiande stilling i området på dette tidspunktet.<sup>266</sup>

Danninga av riket i Eyafjörður starta rundt 1180, då Gudmund Torvaldsson (d. 1212) byrja å utvide makta si der. Det er usikkert kor stort riket hans har vore.<sup>267</sup> Men riket hans kom i 1215 i hendene til sturlungen Sigvat Sturlason. Dermed kjem vi til sturlungane, som perioden 1220-64 i islandsk historie er oppkalla etter. Desse var nykommarar på arenaen, dei stamma alle frå Hvamm-Sturla Tordsson (1116-83), som budde på Hvammur i Dalir i Vestfjordsfjerdingen. I dette området byrja ikkje rikedanninga før etter 1200, og Hvamm-Sturla styrte berre over eitt godord, men greidde å utvide dette. Tre av sönene hans, Tord (1165-1237), Sigvat (1170-1238) og Snorre (1179-1241) skulle derimot bli av dei mektigaste godane på Island.<sup>268</sup> Eldstemann Tord overtok farens godord, og fekk i tillegg kontroll over eit godord til. Sigvat overtok som sagt riket i Eyafjörður i Nordlandsfjerdingen, og greidde å utvide dette ytterlegare. Yngstemann Snorre byrja sin veg til makta ved å gifte seg med

<sup>262</sup> Ólsen 1908: s. 13.

<sup>263</sup> Forskarane usamde om når godorda i området vart samla på åsbirninganes hender. I følgje Sigurðsson (1993: s. 74-75) fekk dei kontroll over heile Skagafjörður allereie på midten av 1000-talet, og over heile Húnaþing omkring 1200. Karlsson (2004: s. 292) hevdar derimot at dei ikkje fekk kontroll over heile Skagafjörður før i 1192, og at dei ikkje hadde nokon godord i Húnaþing før rundt 1240. Sjå også 34. ættskrá (Åsbirningar) i Sts II.

<sup>264</sup> I staden valte åsbirningen Kolbein Tumason (1171-1208) å støtte Gudmund Arason (1161-1237) til å bli biskop der i 1201. Men Gudmund viste seg å vere meir interessert i å kjempe for kyrkjas fridom, enn å stadfeste dei godanes makt over denne. Det braut dermed ut open strid mellom Kolbein og biskop Gudmund. Dette kostar Kolbein livet i eit slag mot biskopens menn i 1208.

<sup>265</sup> Sts II: s. 79.

<sup>266</sup> Sts I: s. 525-526.

<sup>267</sup> Jóhannesson 1969: s. 188; Sigurðsson 1993: s. 73.

<sup>268</sup> Sjå 18. og 19. ættskrá (Sturlungar) i Sts II.

Herdís, dotter av Berse den mektige, som budde på Borg på Mýrar i Borgarfjörður. Han overtok svigerfarens godord der, og med det som utgangspunkt greidde han å samle mesteparten av Borgarfjörður og delar av Húnaþing under seg i løpet av få år.<sup>269</sup> Då Snorre vart drepen i 1241, kravde kong Håkon heimel til Borgarfjörður fordi Snorre hadde vore hans hirdmann. Húnaþing kom på åsbirningen Kolbein Unges hender.<sup>270</sup> Men Snorres frende Torvard Tordsson ser ut til å ha vore den som har rådd mest over Borgarfjörður fram til sin død i 1257. Etter det ser Ravn Oddsson ut til å ha tatt styringa over området. Ravn styrte dessutan over den sørlege delen av Dalir.<sup>271</sup> I følgje Reykjavíkjarðarbók-versjonen av Islendinganes saga skal alle dei største bøndene i Borgarfjörður ha blitt Ravns tiltrudde menn (gno. *trúnaðarmenn*) allereie i 1250.<sup>272</sup> Det er dermed mogleg, som Ólsen meinte, at Torleif styrte over området med Ravns støtte. Ólsen utdjupa ikkje av kva slags art forholdet mellom Torleif og Ravn var.<sup>273</sup> Til det er nok kjeldegrunnlaget for vagt.

I Vestfjordsfjerdingen hadde også andre ætter enn sturlungane godord. Men på Gissurs tid var alle godane i dette området, med eitt mogleg unntak, tilknytt sturlungane gjennom ekteskap. Desse skulle seinare utøve politisk og militært press på Gissur, så det er nødvendig å drøfte den politiske situasjonen i dette området også. Den mektigaste av desse godane var Ravn Oddsson, som skulle bli Gissurs sterkeste motstandar, og ein av dei leiande islendingane etter Gissurs død i 1268. Han budde på Sauðafell i Arnarfjörður, som ligg vest i Vestfirðir. Han styrte over morsætta *seldølenes* gamle godord der.<sup>274</sup> Ravn hadde vore ein av Tord Kakales menn, og var gift med Sturla Sigvatssons dotter Turid. Han var derfor politisk og dynastisk tilknytt sturlungeætta, og støtta dei som overfall Gissur og hans familie på Flugumýri i 1254. Når Ravn no sat med makta i Borgarfjörður i tillegg, skapte det ytterlegare splid mellom han og Gissur, sidan Borgarfjörður som kjend høyrd til Gissurs jarledøme.

Dei andre godane i Vestfirðir var Einar Torvaldsson og Vigfus Gunnsteinsson. Einar var son av Snorre Sturlasons dotter Tordis og Torvald Snorresson, av *vatnsfjordætta*.<sup>275</sup> Einar styrte no over vatnsfjordinganes gamle godord nord i Vestfirðir, medan Vigfus styrte over Reyknesgodordet i sør, og var gift med Gudny, dotter av sturlungen Sturla Sigvatsson.<sup>276</sup>

<sup>269</sup> Karlsson 2004: s. 288-292.

<sup>270</sup> Sjå Sts I: s. 440, der det blir fortalt at «...lagði Kolbeinn ungi undir sik allan Norðlendingafjórðung ok tók heimildir á öllum goðorðum af þeim mönnum, er átt höfðu at fornu.» Sjå også Karlsson 2004: s. 296-297.

<sup>271</sup> Ólsen 1908: s. 7-8; Samsonarson 1958: s. 342.

<sup>272</sup> Sts II: s. 289.

<sup>273</sup> Ólsen 1908: s. 7-8.

<sup>274</sup> Sjå 23. ættskrá (Rauðsendir og Sandamenn) i Sts II.

<sup>275</sup> Sjå 27. ættskrá (Vatnsfirðingar) i Sts II.

<sup>276</sup> Ólsen 1908: s. 10-11; Karlsson 2004: s. 272-273. Sjå også 22. ættskrá (Staðarhólsmenn) i Sts II.

Både Einar og Vigfus var dermed i svogerskap med sturlungane, men dei ser ikkje i første omgang ut til i å ha kome i vegen for Gissurs jarledøme. Ein annan gode i dette området var sturlungen og sogeforfattaren Sturla Tordsson, som rådde over Snorrungagodordet vest i Dalir, og som dessutan prøvde å utvide makta si til Borgarfjörður.<sup>277</sup> Han vart dermed ein potensiell rival til Ravn Oddsson for å få kontroll over desse områda. På Snæfellsnes rådde sturlungen Bødvar Tordsson saman med dei gjenlevande sönene sine Sigvat og Gudmund. Bødvar var den no avdøde Torgils Skardes far og Sturla Tordssons bror. Han rådde saman med dei gjenlevande sönene sine Sigvat og Gudmund..<sup>278</sup> Sør for dei hadde sannsynlegvis *hitdølen* Kjetil Torlaksson ættas gamle godord med sentrum på garden Kolbeinsstaðir.<sup>279</sup> Kjetil har vi sett var gift med Gissur Torvaldssons syster Halldora.<sup>280</sup> Alle dei andre fjerdingane var i hendene på ei eller to godeætter, medan i Vestfjordsfjerdingen hadde heile fem ætter rike eller godord. Det var dermed det mest politisk oppstykkja og desentraliserte området på Island. Av denne årsaka må konge og jarl ha nedprioritert å ta makta her i første omgang. Dette må sjåast på som ein av grunnane til at Gissur ikkje vart jarl over heile Island. Unntaket var sjølvsagt Borgarfjörður, som ser ut til å ha fått ein meir konsolidert og sentralisert maktstruktur, og som samstundes låg meir sentralt til, i høve til Gissurs eigen maktbase lenger søraust, i Árnesþing.

Det ser ut som om Gissur berre rådde over Árnesþing i førstninga. B. M. Ólsen meinte at han kan ha rådd over Kjalarsnesþing i tillegg.<sup>281</sup> Då Gissurs allierte, åsbirningen Kolbein Unge Arnorsson, låg på dødsleiet i 1245, ønskte han at Gissur skulle arve hans godord i Nordlandsfjerdingen, saman med Kolbeins frende Brand Kolbeinsson. Gissur avslo overraskande nok dette tilbodet, og svara at han ikkje var budd til å overta godorda i nord. Resultatet blei at Brand blei gode i åsbirninganes gamle område Skagafjörður, medan sturlungen Tord Kakale fekk godorda i Eyafjörður, som hadde tilhøyrt far hans tidlegare.<sup>282</sup> Tord og Brand kom snart i open konflikt, og Brand blei drepen etter slaget på Haugsnes i 1246. Etter dette tok Tord over Skagafjörður, og styrte no over heile Nordlandsfjerdingen.<sup>283</sup> Gissurs avslag av godorda i nord viser hans realpolitiske sinnelag – han må ha skjøna at folket i Nordlandsfjerdingen heller ville ha Brand og Tord som godar, og at det ville ha vore vanskeleg å halde desse frå å krevje makt på sikt.

<sup>277</sup> Ólsen 1908: s. 10; Samsonarson 1958: s. 342.

<sup>278</sup> Ólsen 1908: s. 11.

<sup>279</sup> Karlsson 2004: s. 239. Kjetil var dessutan lovseiemann i perioden 1259-63 (sjå dette arbeidet s. 56-57).

<sup>280</sup> Sts I: s. 62, 283.

<sup>281</sup> Ólsen 1908: s. 5, 10.

<sup>282</sup> Sts II: s. 68-69.

<sup>283</sup> Sts II: s. 70-80.

Tord Kakale var kong Håkons handgjengne mann, og fekk i opprdag å leggje Island under kongen. Men Tord fall i kongens unåde, og måtte dra til Noreg i 1249.<sup>284</sup> I staden sette kongen i 1252 Gissur Torvaldsson, saman med sturlungen Torgils Bødvarsson Skarde og Finnbjørn Helgason over dei godorda som han hadde heimel til på Island. Dei tre forplikta seg til å støtte kvarandres og kongens sak på Island. I følgje Torgils Skardes saga fekk Gissur berre att kontrollen over dei gamle godorda sine på Sør-Island (Árnesþing), medan han ifølgje Islendinganes saga vart sett over størstedelen av Nordlandsfjerdingen i tillegg. Torgils skulle rå over arven etter opprøraren Snorre Sturlason i Borgarfjörður. Det er noko uklart kva slags område Finnbjørn skulle styre over.<sup>285</sup> Det er likevel sannsynleg at kongen sette Gissur over delar av Nordlandsfjerdingen, sidan han nokså raskt reid til Skagafjörður. Folket der gjekk med på å ta han som sin gode.<sup>286</sup> Det er lite sannsynleg at forfattaren av Islendinganes saga, den elles så nøyaktige og pålitelege Sturla Tordsson, skulle skrive at kongen gav Gissur heimel til Nordlandsfjerdingen dersom han i realiteten ikkje fekk det. Det hadde dessutan vore svært ulikt Gissur dersom han tok makta i eit område som han ikkje hadde krav på. Gissur sette så sønene sine Hall og Isleif over det riket han hadde på Sør-Island.<sup>287</sup>

Då Gissur drog til Noreg sommaren 1254, etter han hadde mista kone og søner i Flugumýri-brannen hausten før, sette han nordmannen Tore Arntorson Tott over Árnesþing medan han var i Noreg. Tore vart gift med Gissurs niese Herdis. Over Skagafjörður sette Gissur svinfellingen Odd Torarinsson, som han nyleg hadde inngått allianse med.<sup>288</sup> Odd blei drepen vinteren 1255, og Nordlandsfjerdingen vart no open for andre. Både Torgils Skarde, Finnbjørn Helgason og Odds bror Torvard Torarinsson kravde makt der. Men både Torgils og Finnbjørn blei drepne i maktkampane i nord. Torvard var den som drap Torgils, og bøndene i Eyafjörður var av den grunn motvillige til å ta han som gode.<sup>289</sup> I 1258 drog Loft Halvdansson, nevø av den tidlegare goden i Eyafjörður, sturlungen Tord Kakale, til Eyafjörður, der han busette seg på familiegarden Grund. Han var der då Gissur kom tilbake det same året.<sup>290</sup> Ólsen meinte at bøndene i Eyafjörður foretrakk Loft som gode framføre Torvard og Gissur, sidan også Gissur hadde gjort seg upopulær i området, då han i etterkant

<sup>284</sup> Sjå s. 24.

<sup>285</sup> Sts I: s. 476-477; II: s. 118-119; HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 276. I følgje Islendinganes saga vart Gissur sett over «nesten heile Nordlandsfjerdingen» og Finnbjørn over «Reykjadalur og nord til Jökulsá». I følgje Torgils' saga fekk Gissur berre att det gamle området sitt Árnesþing i sør, medan Finnbjørn fekk landet «nord for Vaðlaheiði».

<sup>286</sup> Sts I: s. 477.

<sup>287</sup> Sts II: s. 149.

<sup>288</sup> Sts I: s. 502, 505, 510; HsH (Audne & Helle; Mundt): kap 282.

<sup>289</sup> Sts I: s. 512-519; II: s. 173-209.

<sup>290</sup> Sts II: s. 222.

av Flugumýri-brannen i 1254, hadde dratt på hemntokter i området. Loft var derimot i slekt med dei førre godane i Eyafjörður, sturlungane Tord Kakale og Sigvat Sturlason.<sup>291</sup> Vi finn ikkje noko grunnlag i kjeldematerialet for at Loft vart teken som gode over Eyafjörður, men det kan ikkje utelukkast at han hadde ambisjonar om det. Det er òg sannsynleg at mange bønder i området ønska han som gode. I Skagafjörður ser Brand Kolbeinssons søner Kalv og Torgeir ut til å ha inntatt ei leiande stilling i Gissurs fråvær.<sup>292</sup>

Våren 1259 drog Gissur til Nordlandsfjerdingen og la under seg både Skagafjörður og Eyafjörður utan motstand. Han kjøpte garden Staður (i dag Reynistaður) i Skagafjörður, og busette seg der.<sup>293</sup> Gissur styrt over Skagafjörður før han drog til Noreg i 1254, og folket ser ut til å mottatt han godt der. Brandssønene Kalv og Torgeir ser også, i alle fall formelt, ut til å ha akseptert hans styre i Skagafjörður.<sup>294</sup> Også folket i Eyafjörður ser, i følgje dei sparsommelege opplysingane i Islendinganes saga, ut til å ha tatt vel imot han og gitt han gaver. Det skal likevel ikkje utelukkast at folket der var mindre begeistra for Gissur enn det soga gir uttrykk for, og at dei heller foretrakk Loft Halvdansson som gode. Når folket i Eyafjörður likevel bøyer seg for Gissur i 1259 må det sjåast på som at dei har akseptert det kongelege bodet som gav Gissur rett på Eyafjörður. Dei hadde heller ingen annan sterk leiar som kunne samle dei.

Gissur baserte dermed si politiske makt på det tradisjonelle herredømet som ætta hans hadde over Árnesþing, medan herredømet hans over Nordlandsfjerdingen i stor grad hadde grunnlag i at kong Håkon hadde tileigna seg godorda i dette området tidlegare, og han delegerte makta her vidare til Gissur. Men Gissur skulle møte motstand frå dei delane av hans jarledøme som enno ikkje hadde bøygd seg for hans og kongens styre, dvs. oddaverjane i Rangárþing og Ravn Oddsson og hans støttespelarar i Borgarfjörður. Dessutan hadde svinfellingen Torvard Torarinsson eit krav på Eyafjörður.

## **Politisk og militær makt: Styringsstrukturane i Gissurs jarledøme**

I dette avsnittet vil eg sjå på korleis Gissur sjølv gjekk fram for å etablere sin eigen politiske og militære styringsorganisasjon i jarledømet sitt. I førre avsnitt tok eg føre meg Manns definisjon av politisk makt, medan militær makt ser han som motivert ut frå eit ønske om fysisk forsvar og angrep. Den som kontrollerer militære ressursar, kan utøve sosial kontroll

---

<sup>291</sup> Ólsen 1908: s. 9.

<sup>292</sup> Sts I: s. 525-527; Ólsen 1908: s. 8-9.

<sup>293</sup> Sts I: s. 525.

<sup>294</sup> Sts I: s. 525-526.

gjennom bruk av eller trugsmål om vald.<sup>295</sup> Sidan dei politiske og militære aspekta ved styringsorganisasjonen i mellomalderens statssamfunn er vanskeleg å skilje frå kvarandre, har eg valt å drøfte både dei politiske og militære funksjonane i Gissurs styringsapparat samstundes. Gissurs handgjengne menn hadde nemleg både politiske og militære funksjonar. Jesse L. Byock hevdar at «Gizurr quickly set out to establish a political structure based on vassalage.»<sup>296</sup> Gissur blei kjend med denne typen strukturar under sine opphold ved kongens hoff i Noreg. Eg vil i denne delen drøfte meir inngåande desse føydale strukturane som Gissur etablerte. Kva var nytt i høve til det som hadde vore vanleg på Island før? Og kva for slag strukturar var det han tok i bruk?

Vi byrjar i sommaren 1258, då Gissur segla til Island etter at han hadde fått jarlsnamn. Han landa på Eyrar på sørkysten, og slo seg til på den nærliggjande garden Kallaðarnes for vinteren. I følgje Sturla Tordsson «sat han [Gissur] der med mykje folk om vinteren, og hadde eit storstått hushald der. Han hadde tatt med seg mykje drikkevarer ut [til Island], og det var ofte drukke mykje den vinteren.»<sup>297</sup> Ved å halde slike gjestebod, knytte Gissur til seg lokale bønder som støttespelarar. Det var svært vanleg at islandske godar under fristatstida gjorde dette for å knyte venskap (*gno. vinátta*) med bøndene. I følgje Jón Viðar Sigurðsson var denne typen venskap eitt av dei viktigaste grunnlag for godanes makt. Gjestebod og gåver var dei viktigaste midla for å etablere og oppretthalde venskapa.<sup>298</sup>

I løpet av denne vinteren kom Øyolv Torleifsson og Gutterm Guttermsson.<sup>299</sup> Øyolv og Gutterm er nemnt blant Gissurs *heimamenn* (eint. *heimamaðr*) frå tida før han drog til Noreg.<sup>300</sup> Kva ligg så i dette omgrepet? I følgje Johan Fritzner er ein *heimamaðr* ein «Mand. Person som har sit Tilhold, sit Hjem i ens hus.»<sup>301</sup> Omgrepet *heimamenn* kunne i følgje Sigurðsson referere til vanlege gardsarbeidarar, som arbeidde på godens gard, men også til godens personlege eskorte eller livvakt.<sup>302</sup> Desse budde i godens hushald, og blir dessutan referert til som fylgevener (*gno. fylgðarmenn*) og huskarar (*gno. húskarlar*). Dei fleste av desse kom frå lågare sosiale lag, og var avhengige av godanes støtte for å klatre på den sosiale

<sup>295</sup> Mann 2012, bind I: s. 25-26.

<sup>296</sup> Byock 1986: s. 37.

<sup>297</sup> Mi omsetjing av Sts I: s. 525: «Sat hann þar með fjölmenni um vetrinn ok hafði rausn mikla í búi. Hann hafði mikil drykkjarföng út haft, ok var oft drukkit fast um vetrinn.»

<sup>298</sup> Byock 1988: s. 130-132, 203-220; Sigurðsson 1993: s. 146-151; 2008: s. 78-80; 2010: s. 21-41.

<sup>299</sup> Sts I: s. 525.

<sup>300</sup> Sts I: s. 497.

<sup>301</sup> Fritzner 1886-96, bind I: s. 765.

<sup>302</sup> Sigurðsson 1993: s. 88.

rangstigen. I tillegg til eskorte- og livvaktsteneste, vart fylgjevenene brukta til å spionere, som sendebod, og som bødlar.<sup>303</sup>

Den norske kongens hird hadde eit tilsvarende opphav som dette, altså som kongens eskortar og livvakter, men på 1200-talet hadde hirda utvikla seg til å bli tyngdepunktet for den verdslege, kulturelle eliten i landet. Det var dessutan hirda som kongen brukte til å administrere sitt vidstrakte rike.<sup>304</sup> Det å bli kongens hirdmann vart særskilt ærerikt.<sup>305</sup> Å gå i kongsteneste vart derfor noko som blei ettertrakta blant menn av dei fremste ættene både i Noreg og på Island. Sigurðsson hevdar at dei islandske godane lærte av dei norske konganes hirdorganisasjon - og sjølv tok til å bruke sine tiltrudde menn (gno. *trúnaðarmenn*) til å administrere sine maktområde.<sup>306</sup> Vi har allereie sett at Gissur og andre godar sette inn slike tiltrudde menn over områda sine, dersom dei oppheldt seg i ein annan del av landet eller reiste utanlands. Dei var som regel storbønder, som fekk meir prestisje og høgare sosial status ved å samarbeide med godar. Deira oppgåver var rådgjeving, forhandle med og spionere på motstandarar, og å samle bondehærar.<sup>307</sup> Det islandske systemet med tiltrudde storbønder som godanes representantar ute i distrikta, og fylgjesmenn som budde i godanes hushald, og var hans personlege livvaktar og eskorte, kan med god grunn samanliknast med den norske kongens hirdorganisasjon med bordfaste og ikkje-bordfaste hirdmenn, og gjestar.

Kvar skal vi då setje Gissurs heimamenn Øyolv og Guttorm i denne samanhengen? Vi har sett at dei var i Gissurs følgje både før han drog til Noreg i 1254, og etter at han kom tilbake i 1258. Guttorm blir dessutan nemnt eit par gongar i Torgils Skardes saga. Her er han i Torgils' følgje, og stelte Torgils' lik etter at han vart drepen.<sup>308</sup> Det ser dermed ut som om han vart Torgils' heimamann eller fylgjeven etter at Gissur drog til Noreg i 1254. Han gjekk så i Gissurs teneste igjen, sidan Torgils vart drepen januar 1258. Noko meir veit vi ikkje om han eller Øyolv.

I kva grad kan vi seie at Gissur hadde si eiga hird, og korleis gjekk han fram for å skape denne? Sturla fortel at under Allhelgemessa (1. november) 1258 «vart 30 menn gjort til Gissur jarls handgjengne menn, somme som hirdmenn, andre som gjestar.»<sup>309</sup> I Håkons saga

<sup>303</sup> Sigurðsson 1993: s. 88-89.

<sup>304</sup> Imsen 2000b: s. 42-46; Sigurðsson 2008: s. 118.

<sup>305</sup> Sjå f.eks. Orning 2004: s. 66-69.

<sup>306</sup> Sigurðsson 1993: s. 86-89.

<sup>307</sup> Sigurðsson 1993: s. 88-89.

<sup>308</sup> Sts II: s. 209, 220.

<sup>309</sup> Mi omsetjing av Sts I: s. 525: «Um vetrinn allraheilagrumsessu gerðust menn handgengnir Gizuri jarli, þrír tigir manna, - sumir hirðmenn, sumir gestir.»

skreiv Sturla at dette var «mange gode menn som gjekk han til hande og gjorde eid til han (Gissur) og svor kong Håkon truskap.»<sup>310</sup> Det er sannsynleg at dei svore ein eid som likna bondeeiden som vi finn i Håkon Håkonssons tronfølgjelov frå 1260.<sup>311</sup> Stort sett den same ordlyden finn vi att i bondeeiden i Landslova frå 1273.<sup>312</sup> Det tyder på at eiden var eit standardformular som vart tatt med i lovene av gammal sedvane. Som vi har sett, var sedvanen den viktigaste rettskjelda i mellomalderen.<sup>313</sup> Dermed skaffa Gissur kong Håkon nye undersåttar, som hylla kongen som sitt overhovud. Samstundes skaffa Gissur seg sine eigne hirdmenn. I følgje Hirdskråa var jarlen den einaste utanom kongen sjølv og hertugen som hadde rett til å ha hird, men likevel ikkje fleire enn det kongen og «kloke menn» har fastsett.<sup>314</sup>

Gissur har latt seg ytterlegare påverke av den norske hirdorganisasjonen, då han kalla desse mennene sine *handgjengne menn*. Vi finn ikkje dei islandske godanes fylgjesvener eller tiltrudde menn omtala som *handgjengne menn* eller *hirdmenn* før dette. Berre dei som hadde gått i teneste hos ein utanlandsk konge (som regel den norske) blei omtala som dette.<sup>315</sup> Når Sturla skriv at nokre av dei handgjengne mennene vart hirdmenn, medan andre vart gjestar, referer han til den same inndelinga som vi finn i den norske kongens hirdorganisasjon. Gissur har brukt den som modell for å byggje opp sin eigen hirdorganisasjon. Også i Hirdskråa blir kongens handgjengne menn delt inn i dei eigentlege hirdmennene og gjestane. Det var også separate stemner for hirdmenn og gjestar. Dei eigentlege hirdmennene stod høgare enn gjestane i rang, og blant hirdmennene finn vi hertugar, jarlar, lendmenn, skutilsveinar, kanslarar, stallarar og merkesmenn.<sup>316</sup> Gjestane var likevel også kongens sverdtakarar, og måtte sverje den same eiden til kongen som hirdmennene måtte. Dei var eit slags politikorps som kongen kunne sende til å speide for seg og bruke til vaktteneste. Dessutan kunne dei brukast til å fengsle og eventuelt drepe kongens fiendar, og konfiskere deira gods.<sup>317</sup> I Hirdskråa vart også gitt retningslinjer for gjestanes oppførsel når dei var ute på oppdrag. Dei skulle «akte seg for ran og tjuveri og aller helst kvinners fred og fé.» Dessutan skulle dei ikkje

<sup>310</sup> HsH (Audne & Magerøy): kap. 297; HsH (Mundt): kap 297: «*Urdi fyrir þetta margir godir menn til at gjorazst honum handgeingner ok soru honum eid en hakoni kongi trunat.*»

<sup>311</sup> Sjå Nmd: s. 108-111, § 8; NgL II: s. 310, § 8.

<sup>312</sup> MLI: s. 26-27; NgL II: s. 31-32.

<sup>313</sup> Sjå drøftinga om lover som kjelder på s. 19-21.

<sup>314</sup> Hirdskrå: kap. 12.

<sup>315</sup> Sts I: s. 116, 119, 137, 308, 315, 342, 386; II: s. 107-116, 122, 128, 131, 145, 226, 235, 270, 271, 274, 275, 278, 289. Her blir berre islendingar og nordmenn i kongens teneste omtala som *handgengnir menn* eller *hirðmenn*.

<sup>316</sup> Hirdskrå: kap. 7-20, 37-38.

<sup>317</sup> Hirdskrå: kap. 38-43; Kongsspegen (Holm-Olsen): s. 41; Kongsspegen (Hellevik): s. 87-88. Sjå også Seip 1960: sp. 337-338; Helle 1974: s. 201.

angripe «sakeslause menn», og prøve å ta lovbytarar til fange, heller enn å drepe dei.<sup>318</sup> Det er sannsynleg at Gissurs menn har sett det som meir ærefullt å bli omtalt med dei nye norske titlane, enn med dei gamle islandske som dei hadde hatt tidlegare. Dette kan ha gjort det meir attraktivt å gå i Gissurs teneste.

Sturlungen Tord Kakale Sigvatsson etablerte i 1242 det første gjestevesenet nokon sinne på Island. I kjeldene finn vi ingen referansar til at han hadde hird, men han hadde sjølvsagt følgjevener og tiltrudde menn slik som andre islandske storgodar. Likevel fortel Tords saga at han gav den ambisiøse smedsonen Asbjørn Gudmundsson leiarskapet over ei gruppe menn som han kalla gjestar. Asbjørn og gjestane reiste rundt og tvang folk til å gå med på Tords side med vald. Dei lemlestal eller drap gjenstridige.<sup>319</sup> Tords gjestar kan dermed ikkje seiast å ha følgt dei etiske retningslinjene som Hirdskråa la opp til, men dei ser ut til å ha vore eit effektiv verkty for Tord i hans kamp for herredømet på Island. Tord var dermed før Gissur i å etablere eit gjestevesen på Island, men Tords menn blei verken omtala som hans handgjengne menn eller hirdmenn, slik som Gissurs menn no blei.

Som nemnt over hadde Gissur rett til å ta seg hird sidan han var jarl. Det var derfor i fullt samsvar med det som var forventa av ein jarl at Gissur tok seg hird hausten 1258. Det måtte også ha vore i kongens interesse at Gissurs handgjengne menn også svore truskapseid til han. Men for å få desse mennene til å gå over på si side, lova Gissur i følgje Sturla meir enn han kunne halde:

Han la til at kong Håkon hadde gjeve han denne namnbota [dvs. jarletittelen] såleis at det skulle ikkje koste han ein penning, og ingen skatt skulle leggjast på landet for den skuld. Han sa òg at dei menn som gjekk han til handa, skulle ha den same namnbota i Noreg hos kong Håkon.<sup>320</sup>

Gissurs påstand om at hans jarletittel ikkje skulle medføre at islendingane måtte betale skatt til kongen viste seg å vere usann.<sup>321</sup> Han hadde sjølv svore overfor kongen at han skulle få islendingane til å gjere nettopp det. Då han lova dei som ville bli hans handgjengne menn at dei skulle ha dei same namnebøtene hos kongen som hos han, kan både han og mennene hans ha trudd at dei skulle ha dei same namnebøtene hos Gissur som hos kongen. Som islendingar

<sup>318</sup> Hirdskrå: kap. 39-40.

<sup>319</sup> Sts II: s. 12-13, 27-28, 35-43. Sjå også Orning 1997: s. 479-481.

<sup>320</sup> HsH (Audne & Magerøy): kap. 297; HsH (Mundt): kap 297: «*Pat let hann ok fylgia at hakon hafdi suo gefit honum pessa nafnbot er hann skyldi pat aunguan pening kosta ok eingi skattur skyldi uid pat legiaz a landit. Sagdi hann ok um þa menn er honum giorduzt hand-geingner hird-menn eda skutilsueinar at peir skyldu þulikar nafnbætur hafa j norigi af hakoni kongi.*»

<sup>321</sup> Sjå s. 82-85.

var dei nemleg vande med å ha meir vidtgåande rettar i Noreg enn andre utlendingar.<sup>322</sup> Det er dermed mogleg at Gissur hadde misforstått kva slags mynde han hadde motteke frå kongen.

Det er også mogleg at Gissur ikkje var heilt sannferdig ved å love dette. Med desse lovnadane fekk Gissur lokka folk over på si side. Sturla fortel vidare at folk seinare fekk greie på at det Gissur hadde lova dei ikkje stemde, men at dei framleis heldt truskapen sin overfor jarl og konge.<sup>323</sup>

I 1259 blei Sturla Tordsson og nevøen hans Sigvat Bødvarsson Gissurs menn.

Kjeldene samstemmer ikkje om korleis og når dette skjedde. I Torgils Skardes saga står det at begge møtte opp på Alltinget om sommaren - og blei jarlens menn der. Men Sturla skreiv sjølv i Islendinganes saga at han ikkje var til stades på dette Alltinget.<sup>324</sup> Dersom vi anerkjenner Sturla som forfattaren bak også denne delen av Islendinganes saga, slik som dei fleste forskrarar i dag reknar med, er det usannsynleg at han skulle gi feil informasjon angåande kvar han sjølv var sommaren 1259. I følgje han sjølv vart ikkje han og Sigvat Gissurs handgjengne menn før i november det same året.<sup>325</sup> Det er likevel sannsynleg at Sigvat var på Alltinget i 1259, og at forfattaren eller ein seinare avskrivar av Torgils' saga tok med Sturlas namn i denne samanhengen ved ein feil.<sup>326</sup> I følgje både Torgils' saga og Skálholts-annalen fekk Sigvat lyst Torvard Torarinsson fredlaus på dette Alltinget fordi han hadde drepe Sigvats bror Torgils Skarde.<sup>327</sup>

I det islandske fristatssystemet der det ikkje fanst nokon utøvande makt, låg det på Sigvat å krevje oppreising av Torvard. Det Sigvat i praksis fekk i Alltingsdommen, var det rettslege løyvet til å krevje oppreising av Torvard. Han søkte derfor hjelp hos Gissur med dette, og blei i lag med onkelen Sturla Gissurs handgjengne mann i november 1259. Dei to sturlungane ser ut til å ha hatt ulike motivasjonar for å bli Gissurs menn. For Sigvat var det utvilsamt for å få ein sterk støttespelar i kampen mot Torvard. Sigvat var gode på Snæfellsnes saman med far og bror sin. Av denne grunn var det for Gissurs vedkomande attraktivt å få

<sup>322</sup> Gulatingslova (Robberstad: s. 198; NgL I: s. 71) gav islendingar «hauldsrett medan dei er i kjøpeferder, til dei har vore her 3 vintrar, og har fått bustad her; då skal han ha slik rett som menn vitnar at han er rettkomen til.» Islendinganes hauldsrett i Noreg er stadfest i den såkalla Olavsløva, avtalen som islendingane i følgje tradisjonen skal ha blitt samde med kong Olav den heilage om (Nmd: s. 12-15; NgL I: s. 437-438).

<sup>323</sup> HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 297.

<sup>324</sup> Sts I: s. 525; II: s. 223. Ølsen (1908: s. 15) støtte seg til framstillinga i Torgils' saga og hevda at Sturla og Sigvat var til stades på Alltinget sommaren 1259 og vart Gissurs menn der. Denne oppfatninga har sitt opphav i at Ølsen meinte at dei delane av Islendinganes saga, der Gissur var hovudpersonen, stamma frå ei eiga Gissurs saga, som ikkje var skriven av Sturla. Sjå drøftinga om Gissurs saga i dette arbeidet s. 17.

<sup>325</sup> Sts I: s. 527.

<sup>326</sup> Samsonarson 1958: s. 343-344.

<sup>327</sup> Sts II: s. 223; IA: s. 192.

Sigvat som sin mann. Gjennom Sigvat utvida Gissur makta si til Snæfellsnes. Sturla hadde vore alliert med Gissur allereie før han drog til Noreg i 1254, og han hadde gifta vekk dottera si Ingebjørg til Gissurs son Hall, som omkom i brannen på Flugumýri. Sturla fortel at han og Gissur heldt kontakten gjennom sommaren 1259, og at han var med på Gissurs hærtokt mot Tord Andreasson hausten det same året.

Gissur lova Sturla tittelen *lendmann*. Med denne tittelen «lova Gissur jarl Sturla Borgarfjörður og anna heider der».<sup>328</sup> Også lendmannstittelen hadde Gissur tatt med seg fra den norske kongens hird. I den norske hirdorganisasjonen var det berre hertugen og jarlen som stod over lendmannen i rang. Noko som kjem fram i tydinga av sjølve ordet *lendmann* er at kongen var pliktig til å utstyre lendmannen med land/jordegods. I følgje Hirdskråa hadde lendmannen rett på «...lendmanns verdighet og slike veitsler som hører til lendmanns rett. Og det er femten marks veitsle.»<sup>329</sup> Vi kan ikkje utan vidare gå ut frå at den norske kongens Hirdskrå også gjaldt for Gissurs hird, men vi må rekne med at han opererte med liknande føresegner overfor si eiga hird, sidan han ser ut til å ha imitert den politiske organisasjonen. Saman med Jón M. Samsonarson vel eg dermed å tolke Sturlas eige utsegn om kva Gissur lova han som at han blei lova eit sysselmannsembete over Borgarfjörður.<sup>330</sup> Dessutan tolkar eg «anna heider der» som ein referanse til det jordegodset som Sturla blei lova i dette området. Det er sannsynleg at dette var det jordegodset som Snorre Sturlason og Torvard Torarinsson hadde eigd. Som lendmann hadde Sturla rett til å ha væpna huskarlar i følgjet sitt, og var pliktig til å yte herren sin (dvs. Gissur) militær støtte.<sup>331</sup>

Gissur og Sturla stadfesta forholdet dei imellom med to giftarmål. Sturlas dotter Ingebjørg vart gift for andre gong, no med Tord Torvardsson frå Saurbær i Eyafjörður. Tords far Torvard ser ut til å ha vore ein av Gissurs tiltrudde storbønder i Eyafjörður, som han brukte til å styre området for seg.<sup>332</sup> Sturla gifta dessutan ei anna dotter, Gudny, med Kalv Brandsson. Som vi har sett, var Kalv son av den tidlegare Skagafjörður-goden Brand Kolbeinsson, men ser ut til å ha akseptert Gissurs styre. Vi må derfor sjå på Kalv som ein lokal, tiltrudd storbonde i Gissurs styringshierarki, liksom Torvard på Saurbær. Med desse giftarmåla blei Sturla tilknytt Gissurs politiske nettverk. På mellomalderens Island var i

<sup>328</sup> Mi omsetjing av Sts I: s. 526-527: «Hét Gizurr jarl Sturlu Borgarfirði ok þar öðrum sæmðum með.»

<sup>329</sup> Hirdskrá: kap. 13: «... lændz manz sòmð oc slikum væizlum sem byriar til lændzmanz rettar. En þat er fimtan marka væizla.»

<sup>330</sup> Samsonarson 1958: s. 344.

<sup>331</sup> Hirdskrá: kap. 14; Hertzberg 1895: s. 396-397.

<sup>332</sup> Sts I: s. 482, 500, 527; II: s. 45, 192.

likskap med andre førmoderne samfunn ekteskap ein av dei viktigaste metodane for å inngå og oppretthalde politiske alliansar og nettverk.<sup>333</sup>

Med dette hadde Gissur og Sturla gått inn i ein allianse som gagna dei begge. Som vi har sett, sat Sturla allereie med makta i dei vestlege Dalir i Vestfjordsfjerdingen. Dessutan prøvde han å utvide sitt maktområde til Borgarfjörður, der onkelen hans Snorre Sturlason tidlegare hadde rådd. Men Sturlas problem var Ravn Oddsson, den mektigaste goden i Vestfjordsfjerdingen, som også ser ut til å hatt makt i Borgarfjörður. Sturla må derfor ha innsett at den einaste måten han kunne vinne Borgarfjörður på, var i allianse med Gissur. Sturla og Ravn var allierte då dei begge var Tord Kakales tiltrudde menn, men etter at Ravn gjekk over på brannstiftaranes side før brannen på Flugumýri i 1253, vart dei to bitre fiendar.<sup>334</sup> Ravns allianse med brannstiftarane gjorde han dessutan til ein fiende av Gissur. Dersom Gissur skulle få kontroll over Borgarfjörður, slik som han hadde rett på i høve til kong Håkons bod, var ein konfrontasjon med Ravn uunngåeleg. Det var dessutan lettare for han å overvinne Ravn med Sturlas hjelp. Gissur kan også ha hatt eit anna motiv for å gjere felles sak med Sturla. Han kan ha vore upopulær blant folk i Borgarfjörður fordi han hadde drepe den tidlegare goden deira, Snorre Sturlason.<sup>335</sup> Han kan derfor ha føretrekt å ha Snorres nevø Sturla Tordsson til å styre området for seg.

Sigvat Bødvarsson var derimot mindre nøgd med alliansen med Gissur. Forholdet mellom dei to vart aldri godt. Sturla forklara det med at Sigvat ikkje fekk nokre namnbøter slik som han sjølv, og dermed følte seg lurt av jarlen til å bli hans handgjengne mann.<sup>336</sup> I Torgils Skardes saga er Sigvats misnøye forklara med Gissurs manglande vilje til å støtte Sigvat i kampen mot Torvard Torarinsson, som hadde drepe bror hans.<sup>337</sup>

Som andre mellomalderske fyrstar styrte Gissur i stor grad gjennom menn som var personleg bundne til han gjennom truskapseidar og ekteskap. Han var avhengig av dei for å administrere dei områda han styrte over. Også militært var han avhengig av dei. Desse mennene danna derfor den politiske og militære ryggraden i Gissurs styringssystem. Denne måten å styre på var meir utvikla i Noreg enn på Island, og Gissur har i stor grad danna sitt styringssystem etter norsk førebilete, samstundes som han vidareførte eldre islandske tradisjonar.

<sup>333</sup> Sjå for eksempel Magnúsdóttir 2003.

<sup>334</sup> Sjå for eksempel Sts II: s. 207-208, 211-215.

<sup>335</sup> Olsen 1908: s. 7.

<sup>336</sup> Sts I: s. 527.

<sup>337</sup> Sts II: s. 223.

## Militær makt: Konflikten mellom Gissur og Tord Andreasson 1259-60

Det tydelegaste eksempelet for Gissurs bruk av militærmakt var den væpna konflikten han hadde med oddaverjanes leiar Tord Andreasson i 1259-60. Dette er det einaste høvet der vi med sikkerheit kan slå fast at Gissur tvang sine krav gjennom ved bruk av militærmakt.

Opptakten til konflikten var at sommaren 1259 drog Gissur til Alltinget med tingmennene sine. Der møtte han oddaverjen Tord Andreasson, som møtte med mange av sine folk. Det var ein kald og uvenleg tone mellom dei to på tinget, noko som det også var mellom dei då Gissur oppheldt seg på Sør-Island hausten og vinteren før.<sup>338</sup> Det er tydeleg at Tord følte seg trua av Gissur. Han visste at kongen og jarlen meinte å ha rett på godorda hans i Rangárþing. Seinare på sommaren prøvde han å svekke Gissur ved å prøve å eggje opp Kalv og Torgeir som var sønene til den no avdøde åsbirningen Brand Kolbeinsson. I følgje Sturla var det ikkje mykje venskap mellom dei to Brandssønene og Gissur sjølv om dei var frendar.<sup>339</sup> Brørne ser ut til å ha anerkjend Gissurs styre før han reiste til Noreg i 1254.<sup>340</sup> Dei var fødde i 1240-41 og var den gong mindreårige. No nærma dei seg 20-årsalderen, og ein kunne tenkje seg at dei byrja å bli klare for å krevje makt sjølv. Det var i alle fall dette som Tord prøvde å få dei til å gjere – han sende ein viss Krake med eit brev, der han eggja brørne til ikkje å akseptere audmjukinga ved å vere under Gissur. Brørne burde heller krevje farsarven sin ved å alliere seg med han mot Gissur.<sup>341</sup> Brørne tok ikkje Tords utfordring, men meldte frå til Gissur at han måtte vere på vakt. Noko meir spesifikt ville dei ikkje seie.<sup>342</sup> Sannsynlegvis ville dei ikkje avsløre Tord, som også var frenden deira. Gissur fekk likevel vite om heile planen ved at han fanga Tords sendemann Krake.<sup>343</sup>

Tord Andreassons framstøt mot Gissurs styre i nord fekk han til å reagere. Han samla seg ein hær på til saman 800 menn og gjekk mot Tord. Dessutan sende han menn til Eyafjörður.<sup>344</sup> Det er sannsynleg at desse skulle sikre området mot Torvard Torarinsson. Tord gjøymde seg i Þórmörk-skogen på Sør-Island. Han var sannsynlegvis talmessig underlegen Gissur, og våga ikkje ein open konfrontasjon. Gissur styrte over eit større område og hadde fleire tingmenn enn nokon annan islandsk gode. Han kunne dermed samle større hærstyrkar enn sine rivalar. Gissur svara med å herje og rane i Tords område Rangárvellir, og Tord gjekk til slutt med på ein våpenkvile med Gissur. Dei vart samde om at Tord skulle vere hos jarlen

<sup>338</sup> Sts I: s. 525.

<sup>339</sup> Sts I: s. 526.

<sup>340</sup> Sts I: s. 482-483.

<sup>341</sup> Sts I: s. 526.

<sup>342</sup> Sts I: s. 526-527.

<sup>343</sup> Sts I: s. 527.

<sup>344</sup> Sts I: s. 526.

den neste vinteren. Dette skjedde ikkje, men det vart i alle fall fred mellom dei to på ei stund.<sup>345</sup> Sannsynlegvis har Tord gått med på å ta Gissur som sin overherre, sidan kongen meinte å ha heimel til godorda på Rangárvellir, og hadde lagt dei til Gissurs jarledøme. Gissur har ønskt å ha Tord under oppsikt, og prøvd å få han til å vere hos seg, slik at han ikkje kunne skape meir ufred.

Sommaren 1260 fekk Gissur endeleg lagt under seg oddeverjane og deira område Rangárþing. Bøndene frå Rangárþing møtte Gissur på Þingskálar, og var leidde av Bjørn Sæmundsson og Loft Halvdansson. Der svor dei truskapseid til Gissur og kong Håkon. Sturla fortel at goden deira, Tord Andreasson, var i Gissurs følgje denne sommaren, og var med han i Skagafjörður gjennom vinteren.<sup>346</sup> Vi har sett at hausten før hadde Tord gått med på å vere hos Gissur den følgjande vinteren, men at han ikkje heldt lovnaden sin. Korleis Gissur hadde fått han til å bli hos han denne gongen, veit vi ikkje, men det er nok riktig, som B. M. Ólsen meinte, at Tord var med Gissurs gissel.<sup>347</sup> I den situasjonen hadde nok ikkje bøndene noko anna val enn å bøyte seg for jarlens vilje. Det er også interessant at Gissur forhandla med bøndene direkte. Det var ikkje nok at goden deira underkasta seg. Dette må sjåast i samanheng med det tradisjonelle bandet mellom tingmann/bonde og høvding/gode på fristatstidas Island. Dette bandet var av personleg og direkte art, og hadde ingen plass for mellommenn, slik som i meir gjennomført foydale samfunn i kontinental-Europa. På denne måten la Gissur under seg dei motvillige oddaverjane og deira tingmenn. Eksplisitt bruk av militärmakt og vald var nødvendig for å underkue dei.

## Gissurs økonomiske maktgrunnlag

Før vi går vidare, vil det vere nødvendig å sjå på det økonomiske maktgrunnlaget for Gissurs jarledøme. Grunnlaget for økonomisk makt er kontroll over produksjon, distribusjon, handel og forbruk. Den som kontrollerer desse ressursane, kan bruke dei til å byggje opp sin eigen maktbase, og dermed dominere eit samfunn.<sup>348</sup> For det islandske jarledømets del, må ein for det første ta utgangspunkt i korleis godar i fristatstidas Island fekk inntekter, og kva dei brukte inntektene til. For det første var *tingfarekaupet* (gno. þingfararkaup) ei inntektskjelde for fristatens godar. Alle tingfarekaupsbønder dvs. sjølveigande bønder og jordeigarar med ein viss formue, måtte knyte seg til ein gode. Dei vart dermed ein godes *tingmenn*. Nokre av

<sup>345</sup> Sts I: s. 526-527; IA: s. 192.

<sup>346</sup> Sts I: s. 527.

<sup>347</sup> Ólsen 1908: s. 20.

<sup>348</sup> Mann 2012, bind I: s. 24-25. Mann byggjer sin teori rundt dette på tidlegare marxistiske og weberianske teoriar, men i motsetnad til Marx ser han ikkje økonomisk makt som den avgjerande faktoren som driv historia framover, men som ein av fleire maktkjelder.

tingmennene blei med goden til det årlege Alltinget. Dei tingmennene som ikkje reiste måtte betale tingfarekaup til goden, som igjen måtte betale tingfarekaup til dei tingmennene som vart med han til Alltinget.<sup>349</sup> Avgifta kan dermed sjåast på som ein slags kompensasjon til dei tingmennene som reiste til Alltinget. Det er usikkert kor mykje tingfarekaupet var på, og kor stor del av denne som gjekk i godens lomme.

Dei fleste forskarar reknar med at tingfarekaupen aldri spelte noko avgjerande rolle for godanes økonomi, men at han la grunnlaget for ei meir «moderne» skatteoppkrevjing seinare i mellomalderen.<sup>350</sup> I denne samanhengen bør sauetollen (*gno. sauðatollr/sauðakvøð*) sjåast. Denne dukkar opp i kjeldene på 1200-talet. Det er naturleg å tenkje seg at når godorda blei samla på færre hender i løpet av mellomalderen, ville godane i større grad bli i stand til å presse større ytingar ut frå bøndene. Ifølgje Islendinganes saga fekk Gissur ein sau av kvar tingfarekaupsbonde i Skagafjörður, då han etablerte sitt herredøme over området i 1259. Dette var til underhald av Gissurs hushald, ikkje til å kompensere tingmennene som skulle til Alltinget.<sup>351</sup> Det ser dermed ut som om det har vore ei utvikling frå tingfarekaup til sauetoll. Sannsynlegvis måtte tingfarebøndene betale sauetoll i tillegg til tingfarekaup.<sup>352</sup> Etter kvart som ein gode knytte til seg fleire og fleire storbønder, var han avhengig av større inntekter for å halde på og utvide maktposisjonen sin.

Sauetollen ser ut til å ha blitt kravd i første rekke når ein ny gode skulle etablere seg i eit område. Dette ser ut til å ha vore vanleg praksis i Skagafjörður også før Gissur. Både Kolbein Unge Arnorsson, Brand Kolbeinsson og Torgils Skarde gjorde det same då dei vart godar i området.<sup>353</sup> Også då Gissurs gard Flugumýri blei brent ned i 1253, hjelpte bøndene i området han med å etablere ein ny bustad på Ás på Hegranes.<sup>354</sup> Her er det likevel snakk om ei eingongsavgift, og ikkje om noko fast inntekt for godane. Vi kan heller sjå på sauetollen som ei slags etableringshjelp for å få godens hushald oppe å gå, slik at han raskare kunne setje i gang med å utøve dei pliktene som han hadde overfor sine tingmenn. Når tingfarekaup og sauetoll ikkje kan forklare det økonomiske grunnlaget for godanes makt har forskarane lansert ulike teoriar på kva som i staden var det økonomiske grunnlaget for godanes makt. Eg presenterer først dei ulike teoriane heilt kort før eg drøftar dei i meir detalj.

<sup>349</sup> Grágás: Konungsbók (Finsen): kap. 23, 81, 89.

<sup>350</sup> Þorsteinsson 1953: s. 101; 1966: s. 85; Benediktsson 1970; Rafnsson 1974: s. 134-142; Byock 1988: s. 82-87; Sigurðsson 1993: s. 118-120; Karlsson 2004: s. 166-169, 316-318.

<sup>351</sup> Sts I: s. 525.

<sup>352</sup> Þorláksson 2011: s. 144.

<sup>353</sup> Sts I: s. 311, 496; II: s. 69, 196.

<sup>354</sup> Sts I: s. 496.

Jesse L. Byock meiner at godanes baserte si økonomiske makt på at dei hadde betydelege inntekter av å operere som talsmenn for bønder som kom i konflikt med andre bønder eller godar. Bøndene måtte betale både for den rettslege hjelpa og det fysiske vernet mot fiendar. I eit samfunn som manglar ei sentral, utøvande makt var ein avhengig av å ha ein godes støtte i slike tilfelle.<sup>355</sup> Byocks hypotese er blitt kritisert av Jón Viðar Sigurðsson, som meiner at dette skjedde berre i relativt få tilfelle, når ein bonde kom i konflikt med sin eigen gode, og derfor måtte søkje støtte hos ein annan gode. Han meiner at desse tilfella var altfor tilfeldige og usikre til at godane kunne basere verksemda si på dei. Han meiner derimot at godanes økonomiske fundament først og fremst låg i kontroll over både verdsleg og kyrkjeleg gods.<sup>356</sup> Sigurðssons hypotese har i sin tur blitt kritisert av Gunnar Karlsson for å vere for generell. Han peiker på at vi har fleire eksempel på godar som var fattige på jordegods (for eksempel Orækja Snorrason, Tord Kakale Sigvatsson og Torgils Skarde Bødvarsson). Desse godane var avhengige av friviljuge og ufriviljuge ytingar frå bøndene for å oppretthalde makta si. Men Karlsson ser også at for ein del andre godar var kontroll over jordegods hjørnestenen i deira maktgrunnlag.<sup>357</sup>

Dersom vi brukar desse hypotesane på Gissurs tilfelle, finn vi ikkje eksempel i kjeldene på at han har drive den typen talsmannsverksemd som Byock beskrev. Det vil ikkje seie at han ikkje har gjort det, men sogeskrivarane har i alle fall ikkje sett det som ein vesentleg del av hans maktgrunnlag. Vi har allereie sett at Gissur lova kong Håkon at han skulle få islendingane til å betale skatt, men lova samstundes islendingane at dei skulle sleppe dette. I 1260 sende kongen brev til Gissur og skreiv at han ville ha skatt frå Island. Men Gissur viste seg lite viljug til å innføre dette, og islendingane gjekk ikkje med på å betale skatt før dei svor truskap til den norske kongen i 1262-64.<sup>358</sup> I dei første åra av Gissurs tid som jarl betalte ikkje islendingane skatt i streng forstand. I neste kapittel vil eg drøfte dette meir inngåande. Men for no kan det konstaterast at Gissur sannsynlegvis ikkje hadde regulære skatteinntekter før 1262.

Kva var då det økonomiske grunnlaget for Gissurs makt? I følgje Sigurðsson var det på 1200-talet hovudsakeleg to måtar godane skaffa seg eit solid økonomisk fundament på; kontroll over bondekyrkjer (gno. *bændakirkjur*) og stader (gno. *staðir*), og ved å eige fleire rike og sentrale gardar.<sup>359</sup> Etter innføringa av kristendommen vart det på Island vanleg at

<sup>355</sup> Byock 1988: s. 165-182.

<sup>356</sup> Sigurðsson 1993: s. 120-137.

<sup>357</sup> Karlsson 2004: s. 316-333.

<sup>358</sup> HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 300, 311. Sjå også Þorláksson 2011: s. 143-144.

<sup>359</sup> Sigurðsson 1993: s. 122-140.

godar og storbønder bygde kyrkjer på gardane sine som dei kontrollerte. I mange tilfelle var dei sjølve preste- eller diakonvigde. Dermed mottok kyrkjebonden halvparten av tienden og dei andre kyrkjelege avgiftene. Eventuelt kunne kyrkjebonden leige ut kyrkja si til ein prest. Ein slik gard der det stod ei kyrkje vart kalla ein bondekyrkjestad.<sup>360</sup> Det vart også vanleg å gje jord til ei kyrkje, og til og med heile gardar. Dersom kyrkja eigde heile eller eller ein betydeleg del av den garden som ho stod på, vart komplekset kalla ein *staðr*. Stadane var svært ettertrakta, sidan dei gav inntekter både frå sjølve kyrkjene og det tilknytte jordegodset. Frå slutten av 1100-talet og spesielt på 1200-talet kom dei rikaste stadane under kontroll av dei store godeættene. Fleire historikarar reknar kontroll med stadane som ein heilt sentral del av godeættenes økonomiske fundament på 1200-talet.<sup>361</sup>

Det å kontrollere gods generelt ser ut til å vere sjølve hjørnestenen i godanes økonomiske fundament. Giftarmål var ein vanleg måte å tilegne seg godset på.<sup>362</sup> Snorre Sturlason var på 1220- og byrjinga av 1230-talet den rikaste mannen på Island. Denne posisjonen nådde han ved å gifte seg sjølv eller døttrene sine til gods og godord.<sup>363</sup> Det å ha dette økonomiske fundamentet var avgjerande for å hevde seg i maktkampen mellom godeættene. Det at austfjordingane bukka under i maktkampen på byrjinga av 1200-talet, kan delvis forklarast med at dei berre kontrollerte ein gard, og ikkje fleire sentrale storgardar, slik som deira rivalar.<sup>364</sup>

Kva gods styrte så Gissur over? Sigurðsson reknar med åtte gardar som han og ætta hans kontrollerte: Haukadalur, Bræðratunga og Einholt i Biskupstungur, Hruni i Hrunamannahreppur, Hraungerði, Hróarsholt og Kallaðarnes i Flói, og Reykir i Ölfus. Alle desse ligg i haukdølenes kjerneområde på Sør-Island. To-tre av desse var stader, dei andre hadde bondekyrkjer. Til saman var desse gardane taksert til rundt 440 storhundre (c). Til samanlikning kontrollerte svinfellingane gardar taksert til rundt 350c, oddaverjane 810c og åsbirningane 450c. Snorre Sturlason kontrollerte derimot enorme 2600c på det meste.<sup>365</sup>

Då Gissur fekk godord på Nord-Island, kjøpte han i tillegg gardar der. I 1253 kjøpte han Flugumýri i Skagafjörður av biskop Heinrek, som hadde fått garden av Helga Sæmundsdotter, enka etter den avdøde Skagafjörður-goden Kolbein Unge.<sup>366</sup> Ved å busette

<sup>360</sup> Stefánsson 1973: s. 20-34.

<sup>361</sup> Sjå f.eks. Stefánsson 1973: s. 70-80; Sigurðsson 1993: s. 135; Vésteinsson 2003: s. 125-132.

<sup>362</sup> Sigurðsson 1993: s. 135.

<sup>363</sup> Sts I: s. 304, 319, 322-323, 335, 345, 359.

<sup>364</sup> Sigurðsson 1993: s. 130.

<sup>365</sup> Sigurðsson 1993: s. 130-135. 1c er eit storhundre, dvs. 120 (gno. *hundrað*). 1c i denne samanhengen er 120 alner vadmal eller verdien av éi ku. Dersom ein gard var verdt 100c, var den altså verdt  $120 \times 100 = 12000$  alner vadmal eller 100 kyr. Sjå Magnús Már Lárusson 1962; Björn Lárusson 1967: s. 32f.

<sup>366</sup> Sts I: s. 478.

seg på Kolbeins godesete Flugumýri gav Gissur eit klart signal om at han hadde overteke Kolbeins posisjon. På denne garden stod dessutan ei bondekyrkje,<sup>367</sup> noko som gav ekstra inntekter for den som kontrollerte henne. Gissurs allierte Odd Torarinsson budde der etter brannen i 1253.<sup>368</sup> Gissur flytta aldri tilbake dit, noko som er forståeleg ut frå dei grufulle hendingane der i 1253.

Då Gissur kom tilbake til Island i 1258, busette han seg som kjend på Staður, også i Skagafjörður. Staður var, som namnet impliserer, ein stad.<sup>369</sup> Gissur kjøpte den eine halvdelen av garden av Pål Kolbeinsson, som var bror av den tidlegare Skagafjörður-goden Brand. Både Brand og faren Kolbein budde på Staður medan dei levde.<sup>370</sup> Garden var dermed i likskap med Flugumýri eit godesete som var strategisk å sikre seg for Gissur. Men den andre halvdelen av Staður tilhørde presten Einar Illugason. Gissur fekk Einar til å gje seg hans halvdel på det lokale våtinget i 1259.<sup>371</sup> Magnús Stefánsson meiner at Pål Kolbeinsson og bispestolen på Hólar eigde kvar sin halvdel av Staður. Presten Einar ser ut til å ha disponert bispestolens del, og bispesetet var vakant i 1259. Det er på denne bakgrunnen vi må sjå Einars overdraging av bispestolens del av eigedomen til Gissur. Gissur betalte heile kjøpssummen til Pål, sidan ætta hans (åsbirningane) opphavleg hadde eigmælt heile garden.<sup>372</sup> Det er tvilsamt om Einar hadde rett til å overdra bispestolens eigedom til ein verdsleg kjøpar, og vi skal ikkje utelate at dette førte til konflikt då Hólar fekk ein ny biskop i 1263. Som seg høver for godesete, var både Flugumýri og Staður rike gardar. Flugumýri var taksert til 100c, medan Staður låg på 120c.<sup>373</sup> Korleis Gissur har fått råd til å kjøpe desse gardane, er uklart. Då Gissur oppheldt seg i Noreg, sette kongen han over syssel der.<sup>374</sup> Det er mogleg at Gissur har brukta inntektene frå dette til å kjøpe gardane. Elles er det også mogleg at han har selt noko av godset sitt på Sør-Island for å få råd til gardane i nord.

Ettersom ikkje alle godane i fristatstidas Island kunne basere makta si på jordegods, ser sauetoll av bøndene og direkte plyndring ut til å ha utgjort ein sentral del av det økonomiske maktgrunnlag hos nokre.<sup>375</sup> Vi har sett at Gissur tok sauetoll av bøndene i Skagafjörður ein gong og plyndra på Rangárvellir i 1259. Men denne plyndringstokta ser primært ut til å vere motivert ut frå militærstrategiske omsyn. Gissur prøvde å lokke fram sin

<sup>367</sup> Stefánsson 2000: s. 155.

<sup>368</sup> Sts I: s. 503.

<sup>369</sup> Stefánsson 2000: s. 69-70.

<sup>370</sup> Sts I: s. 142; II: s. 45, 72.

<sup>371</sup> Sts I: s. 525.

<sup>372</sup> Stefánsson 2000: s. 70.

<sup>373</sup> Sts I: s. 525; Lárusson 1967: s. 255.

<sup>374</sup> Sts I: s. 476; II: s. 84.

<sup>375</sup> Karlsson 2004: s. 331-333.

fiende Tord Andreasson som gøynde seg for han. Desse inntektskjeldene var dermed altfor tilfeldige og avgrensa til at Gissur kunne basere makta si på dei.

Dermed ser Gissurs økonomiske maktposisjon hovudsakeleg ut til å vere basert på dei gardane han kontrollerte. Desse gav både økonomisk avkastning og gjorde han i stand til å utøve politisk kontroll over områda rundt. Behovet for å ha ein slik maktbase på Nord-Island ser derfor ut til å ha vore motivasjonen bak at han kjøpte og busette seg på gardane Flugumýri og Staður. Men som vi også har sett, kan ikkje Gissur seiast å vere noko særleg rikare enn andre islandske godar på si tid. Oddaverjane hadde nesten dobbelt så verdifullt gods som han. Det må ha gjort dei i stand til å gjere motstand mot Gissur så lenge som dei gjorde. At det var Gissur som kom til å styre over store delar av Island krev derfor andre forklaringar. At kongen sette han over Sørlandsfjerdingen, Nordlandsfjerdingen og Borgarfjörður var avgjerande for at hans styre blei akseptert i desse områda. Utan kongens innblanding hadde han nok ikkje styrt over stort meir enn haukdølanes kjerneområde Árnesþing. Dermed blir det no nødvendig å sjå på Gissurs ideologiske maktbase.

### Ideologisk makt: Gissur som gode og som kongens representant

I følgje Michael Mann har den som kan definere normar og kva som er meiningsfullt i eit gitt samfunn, ideologisk makt der. Ideologisk makt har den som på ulike måtar greier å legitimere sin posisjon ved å vise til felles normar, verdiar, rituell praksis og estetikk.<sup>376</sup> I løpet av høgmellomalderen vart det norske kongedømet utbygd som normgivande institusjon, der kongen i større grad vart sett på som Guds representant, som hadde rett og plikt til å styre og dømme over sine undersåttar. Som den norske kongens jarl og representant på Island må vi rekne med at noko av kongens vørtnad og opphøgde stilling kom Gissur til gode. I tillegg hadde han som islandsk gode den autoriteten som tradisjonelt høyrde med denne stillinga. *Kongsspegle*, som sannsynlegvis vart skrive i Noreg på 1250-talet,<sup>377</sup> er den viktigaste kjelda vi har til den politiske ideologien i det norske kongedømet på Gissurs tid. I følgje dette skriftet er kongen

oppføgd og heidra på jorda og at alle gjev seg under han som under Gud, det er at kongen syner fram Guds eigen høgleik; for han ber Guds eige namn og sit på det høgste dommarsetet på jorda, så ein kan sjå såleis på det at ein heidrar Gud sjølv når ein ærar kongen, for det namnet skuld som han har av Gud.<sup>378</sup>

<sup>376</sup> Mann 2012, bind I: s. 22-23.

<sup>377</sup> Bagge 1979: s. 3-14.

<sup>378</sup> Kongsspegle (Hellevik): s. 143-144; Kongsspegle (Holm-Olsen): s. 73: «...tighnaðr oc miclaðr a iorðu. Oc aller luta til hans sæm til guðs þa ero þau þar til gong at konongrinn mærkir guðligha tign því at hann bærr nafn sialfs guðs oc sitr hann ihinu hæsta domsæti á iorðu oc er þat sva at virða sæm maðr tigni guð sialvan þa er hann tignnar konong fíri nafns þæss sacar er hann hævir af guðe.»

Kongsspeigelens konge styrer altså på nåde frå Gud, og som Guds representant på jorda har han ei sær opphøgd stilling. Hans undersåttar er skuldig han truskap og må bøye seg for hans rettferdige dommar og leiarskap. Denne idealtypen av ein konge blir ofte i forskingslitteraturen karakterisert som ein *rex iustus*.<sup>379</sup> Det er mykje som tyder på at ein del islendingar på Gissurs tid vart fascinert av tanken å tene ein slik konge.<sup>380</sup> Kardinal Vilhelm av Sabinas utsegn frå 1247 om at islendingane burde «tene ein konge, slik som alle andre folk i verda», gir uttrykk for det same idealet, sjølv om det er usikkert om kardinalen sjølv har uttalt dette.<sup>381</sup> I så fall er det interessant dersom forfattaren bak Håkons saga, islendingen Sturla Tordsson, har lagt denne utsegna i kardinalens munn. Den britiske litteraturvitaren David Ashurst meiner dessutan å ha funne det same tankegodset i *Alexanders saga*, ei omsetjing av historia om Alexander den store frå latin til norrønt av ein islandsk omsetjar. Ashurst meiner at denne omsetjaren bevisst har tilpassa sin versjon av Alexander-historia til dei politiske forholda på Island i hans samtid på midten av 1200-talet. Spesielt i episoden mellom den skytiske utsendingen og Alexander har omsetjaren sannsynlegvis sett som ein parallel til diskusjonane angåande kongeleg norsk styre på Island i hans eiga samtid. Moralen i episoden er at ein bør overgje seg til ein framand konge dersom det er til det beste for folket, vere lydige mot denne kongen, og ikkje sjå på skatteinbøra som kongen pålegg som øydeleggjande for folkets fridom.<sup>382</sup> Dette kan tyde på at rex iustus-ideologien var trengt igjennom i delar av den islandske overklassa, og dette må samstundes ha gjort det lettare for Gissur å legitimere sitt styre som kongens representant. Men som vi skal sjå i neste kapittel, var det framleis på Gissurs tid mange islendingar som var skeptiske til å bli kongelege undersåttar. Spesielt var skatteplikta hard å svegle for mange.

Gissur ser ut til å ha kombinert dei eigenskapane som ein tradisjonell islandsk gode skulle ha, med dei høviske, fyrstelege idealane som han møtte i Noreg. Sjølv om han hadde sine fiendar, må han ha vore ein populær gode som det var lett å like. Sturla Tordsson beskrev hans karaktertrekk som følgjande:

Gissur var middels høg av vekst og tok seg bra ut. Han var velbygd, snarøygd – hadde kvasse auge med eit viseleg uttrykk. Han var meir veltalande enn dei fleste menn her i landet, blid i målet og hadde ei god røyst. Han gjekk aldri brått fram i ei sak og hans råd vart høgt verdsatt. Likevel hende det ofte at han brydde seg lite dersom han var usamd med høvdingar eller med frendane sine, og dei visste ikkje kven han ville støtte.

---

<sup>379</sup> Sjå for eksempel Bagge 1979: s. 230.

<sup>380</sup> Sigurðsson 2008: 144-146.

<sup>381</sup> Sjå s. 15-16.

<sup>382</sup> Ashurst 2009: s. 202-223.

Han var frenderik, og dei fleste av dei beste bøndene sør i landet og andre stader var venene hans.<sup>383</sup>

Gissur hadde typiske eigenskapar som ein islandsk gode skulle ha: ein god utsjånad, vere veltalande, intelligent, venesæl og omgjengeleg. Marvin Taylor har undersøkt talemåten hans i Islendinganes saga og funne ut at han har mykje til felles med høvisk tale i den kontinentaleuropeiske hoffkulturen. Det er sannsynleg at han er blitt prega av denne under sine opphold ved kongens hoff i Noreg. Dette skilde han ut frå andre islendingar. Taylor opnar for at det er sotas forfattar Sturla Tordsson som konstruert denne talemåten for Gissur i soga. Han ser det likevel som meir sannsynleg at Gissur faktisk snakka slik, fordi han var ein sjølvsikker, bereist, kultivert og utdanna mann som derfor visste korleis han skulle uttrykke seg for å imponere dei rundt seg.<sup>384</sup> Av den grunn kan Gissur ha blitt oppfatta som «fyrsteleg» av sine samtidige, noko som må ha hjelpt på hans maktambisjonar. Han var ein person der gamle islandske tradisjonar, og dei nye, kontinentaleuropeiske ideane møttest. Då det vart kjend at han var den som kong Håkon hadde utvalt til å styre sine islandske område, må det ha styrka hans autoritet.

## Oppsummering

Eg har i dette kapittelet drøfta korleis Gissur la under seg det jarledømet som han hadde fått tildelt av kongen, og grunnlaget for hans maktposisjon. Han greidde – utan nemneverdig valdsbruk å leggje under seg både Nordlands- og Sørlandsfjerdingane. Her var hovudsakeleg politiske og ideologiske maktmiddel tilstrekkelege. Kjeldene gir ikkje inntrykk av at bruk av eller trugsmål om vald var nødvendig for å leggje under seg desse områda. Unntaket var Rangárvellir, der ein militær ekspedisjon måtte til for å pasifisere oddaverjen Tord Andreasson. Det var likevel ein del av jarledømet som han enno ikkje hadde fått lagt under seg: Borgarfjörður. Samstundes som Gissur la under seg store delar av Island, bygde han ut sin politiske organisasjon ved å bruke lokale storbønder og godar som mellommenn. Desse sikra hans politiske og militære maktposisjon. Han sikra si påverknadskraft på Alltinget ved å støtte slektingar og svograr til å bli lovseiemenn. Han hadde dessutan sitt personlege følgje av menn som fungerte som hans livvaktar, speidarar, osv. Alle desse var personleg knytte til han gjennom truskapseidar og venskapsband. Desse opprettholdt han gjennom gåver og

<sup>383</sup> Mi omsetjing av Sts I: s. 402: «*Gizurr var meðalmaðr á vöxt ok allra manna bezt á sik kominn, vel limaðr, snareygðr, - ok lágu fast augun -, ok skýrligr í viðbragði, betr talaðr en flesfir menn hér á landi, blíðmæltr ok mikill rómrinn, engi ákafamaðr ok pótti jafnan inn drjúgligsti til ráðagerðar. En þó bar svá oft til, þá er hann var við deilur höfðingja eða venzlamanna sinna, at hann var afskiptalítill, ok pótti þá eigi víst, hverjum hann vildi veita. Hann var fraendríkr, ok flesfir inir beztu bændr fyrir sunnan land ok viðar våru vinir hans.*»

<sup>384</sup> Taylor 1994.

gjestebod. Denne måten å styre på var ikkje ny i islandsk samanheng. Det nye var dei impulsane frå den norske kongens hirdorganisasjon som Gissur tok med seg heim til Island. Gissurs menn blei etter at han vart jarl hans hirdmenn og handgjengne menn, noko som kjeldene er tydelege på. Dei nye norske titlane kan ha gjort det meir attraktivt og ærefullt å gå i Gissurs teneste. Det fremste eksemplet er Sturla Tordsson, som blei Gissurs lendmann, ein tittel som var fullstendig ny i islandsk samanheng.

På det økonomiske området kan ikkje ytingar frå den generelle bondebefolkinga forklare jarledømets materielle grunnlag. Til det var den for irregulær og lite omfattande. Gissur måtte, som andre islandske godar, i hovudsak basere seg på inntekter frå sine eigne godseigedomar. Det er òg mogleg at han hadde spart seg opp eit overskot frå inntektene sine som syslemann i Noreg. Eit solid økonomisk grunnlag var avgjerande for å oppretthalde og utvide sin maktbasis gjennom gåver og gjestebod. Dessutan må Gissurs personlege eigenskapar og hans posisjon som den norske kongens jarl ha hjelpt han til å oppnå sine ambisjonar - hans styre over store delar av Island er utenkjeleg med mindre han styrte dei på vegner av den norske kongen.

## Kapittel 4: Island blir norsk skattland – jarlens rolle

Dette kapittelet vil ta føre seg perioden etter 1261. Eg set ei skiljeline i dette året fordi det var då den kongelege norske utsendingen Hallvard Gullsko kom til Island. Han utøvde eit ytterlegare press på Gissur jarl i prosessen med å få Island lagt under den norske kongen ved mellom anna å samarbeide med Gissurs fiendar på Island. I løpet av åra 1262-64 svor islendingane truskap og skatt til den norske kongen. Denne prosessen er som tidlegare nemnt blant dei mest undersøkte og omdiskuterte hendingane i Islands historie.<sup>385</sup> Den er blitt drøfta grundig av mange forskrarar, og eg skal ikkje gjere det same her. Eg vil derimot konsentrere meg om Gissur jarls rolle i prosessen. Kva var Gissurs rolle då islendingane svor skatt og truskap til den norske kongen i 1262-64? Opererte han som kongens hirdmann, eller som talsmann for sine tingmenn? Endra stillinga hans seg etter dette? Kvifor knytte kong Håkon til seg andre godar enn berre Gissur, for å få lagt Island under seg? Det er elles nokre av Gissurs handlingar som treng ei nærmare undersøking. For det første har vi sett at han lova islendingane at dei ikkje trondgå å betale skatt, verken til han eller til kongen, dersom dei blei hans handgjengne menn.<sup>386</sup> Kvifor var både Gissur og hans landsmenn så motvillige mot skatteinbetaling? Eg vil så drøfte dei siste fire åra av Gissurs liv, etter at heile Island var komne under den norske krona (1264-68). Til slutt skal eg drøfte om det islandske jarledømet gjekk i grava med Gissur, eller om det var seinare jarlar på Island.

### Gissur, Ravn og Borgarfjörður

Eg skal i denne delen undersøkje Gissurs rolle i konfliktane som førte fram til at islendingane til slutt svor skatt og truskap til den norske kongen i 1262-64. Kvifor tok kong Håkon Borgarfjörður frå Gissurs jarledøme, og kvifor endra han strategi ved å samarbeide med andre godar i tillegg til Gissur? Eg byrjar med då Hallvard Gullsko kom til Island i 1261 for å fremje kongens krav. Sturla Tordsson fortel i Islendinganes saga følgjande om ankomsten hans:

Sommaren etter kom eit skip til Hvítá i Borgarfjörður, skipsstyraren der var Hallvard Gullsko. Han kom med brev frå kong Håkon. Då vart Ravn Oddsson sett over Borgarfjörður, som vart tatt frå Gissur jarl. Men jarlen hadde tidlegare sett Sturla Tordsson over området. Sturla meinte at Gissur ikkje hadde heldt det som han hadde lova han med fagre ord.<sup>387</sup>

<sup>385</sup> Sjå s. 19-20.

<sup>386</sup> Sjå s. 66-67.

<sup>387</sup> Mi omsetjing av Sts I: s. 528: «Um sumarit eftr kom skip í Hvítá í Borgarfirði, var þar stýrimaðr Hallvarðr gullskór. Hann fór með bréfum Håkonar konungs. Þá var Hrafni Oddssyni skipaðr Borgarfjörðr, en tekinn af Gizuri jarli, en jarl hafði skipat áðr Sturlu Þórðarsyni. Þótti Sturlu þá eigi efnd við sik af Gizuri jarli þau in

Kvífor vart Gissur fråteken Borgarfjörður? Ein kan tenkje seg at sidan han enno ikkje hadde fått lagt området under seg, ønskte kong Håkon å få Ravn over på si side ved å gje han Borgarfjörður. Dette var eit rasjonelt val, sidan Ravn ser ut til å ha vore den mest innflytelsesrike mannen i området på dette tidspunktet. Han har sannsynlegvis lova truskap til kong Håkon og tatt både Borgarfjörður og det gamle godordet sitt i Vestfirðir som syssel frå kongen, sjølv om han ikkje reiste til kongen og avla homagium før i 1269.<sup>388</sup> Med dette missa Gissur også ein viktig alliert, nemleg Sturla Tordsson. Sitatet frå Islendinganes saga viser at Sturla vart sint på Gissur, han dikta òg ei strofe der han kritiserte Gissur for at han ikkje heldt lovnaðen sin om å gje Sturla Borgarfjörður i len.<sup>389</sup> Med dette endra kong Håkon strategi i sin islandspolitikk. Til no hadde han satsa på Gissur åleine, og rekna med at han skulle få lagt landet under hans styre. Då Gissur viste seg å ikkje vere i stand til å greie dette så raskt som han ville, valte han i staden å knyte til seg fleire godar for å oppnå dette målet. Gissur beheldt likevel resten av jarledømet for resten av livet.

Det hadde vore vanskeleg for Gissur å leggje under seg Borgarfjörður før 1261 fordi han først i 1260 greidde å pasifisere oddaverjane i søraust. Gissur ønskte nok å pasifisere oddaverjane før han eventuelt gjekk vidare til Borgarfjörður.<sup>390</sup> Elles kunne han ha risikert å hamne i ein farleg tofrontskrig. Sturla kan derfor ikkje heilt ha tatt innover seg dei politisk-strategiske realitetane på Island då han kritiserte Gissur. Sturla trong ein syndebukk for kvifor han ikkje fekk oppfylt sine ambisjonar om å bli lendmann i Borgarfjörður. Ved å framstille Gissur som motvillig til å fremje kongens sak på Island, blei han denne syndebukken. På den måten unngjekk Sturla å setje kong Håkon eller Hallvard Gullsko i eit dårleg lys. I *Tatten om Sturla* kan vi lese om hans vidare lagnad. Han vart jaga frå Island av Ravn Oddsson i 1263. Han drog då til kong Magnus Lagabøtes hoff i Noreg, der han etter kvart vann kongens venskap og vart hans hirdmann, skald og sogeskrivar.<sup>391</sup>

Ved å setje Sturla opp mot Gissur på denne måten, oppnådde Hallvard å isolere Gissur politisk. Ein isolert Gissur var mindre i stand til å motsetje seg kongens krav. Det var spesielt på eitt område at Gissur ikkje hadde oppfylt krava, nemleg kravet om skatt frå Island. Kongen hadde rett til å døme ein jarl, dersom jarlen ikkje følgde kongens påbod.<sup>392</sup> I Håkons saga

---

fögru heit, er fram våru mælt við hann.» Sjå også HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 311 om Hallvards ankomst til Island.

<sup>388</sup> Wærdahl 2006: s. 100, 142.

<sup>389</sup> Sts I: s. 528.

<sup>390</sup> Olsen 1908: s. 17.

<sup>391</sup> Sts II: s. 227-236. Sjå også IA: s. 67, 330.

<sup>392</sup> Hirdskrå: kap. 12.

påstår Sturla at kongen hadde fått vite at Gissur hadde gjort lite for å krevje skatt av islendingane. Vi veit at kongen hadde sine menn på Island som heldt eit auge med Gissur og rapporterte tilbake til han. Han sette til og med ein av sine hirdmenn, Toralde Kvite, til denne oppgåva. Elles fortel Håkons saga at kongen sendte ut mange av sine tiltrudde menn (*trúnaðarmenn*), til å halde eit auge med jarlen.<sup>393</sup> Sannsynlegvis var desse utsendingane gjestar, sidan denne typen oppgåver vanlegvis vart tildelt gjestane.<sup>394</sup> Det må derfor ha vore uvanleg at kongen sendte ein av sine hirdmenn på det same oppdraget. Men det viser kor høgt kongen prioriterte å spionere på Gissur.

Kongen hadde vinteren 1259-60 fått greie på at Gissur hadde gjort lite for å fremje hans krav på Island. Han sendte derfor tidleg på året 1260 sine hirdmenn Ivar Arnljotson og Pål Lindsauma til Island med nokre brev, som skulle lesast opp på Alltinget. Der gjorde kongen greie for «kor stor skatt han ville ha av landet, og like eins kva jarlen skulle ha.» Sidan vi ikkje har desse breva i dag, veit vi ikkje kva dette delingsforholdet var. Vi har derimot seinare kjelder som kan gje oss ein peikepinn på dette. Dette vil eg drøfte seinare i kapitlet. Gissur gjekk inn for kongens sak, men «somt annleis enn det som stod i breva». Bodskapen fekk ei blanda mottaking på tinget, men sørlendingane, som var Gissurs største vener, tala mest imot skatten. Det heile enda med at Ivar og Pål måtte reise heim til Noreg utan å få oppnådd noko særleg. «Dei sa at sunnlendingane ikkje ville ha nekta skatten så djervt om dei hadde visst at det var tvert imot det jarlen ønskte.»<sup>395</sup> Mi tolking av dette er at Gissur må ha spelt eit dobbeltspel der han gav eit inntrykk av å halde lovnadane sine overfor islendingane om at dei ikkje trøng å betale skatt til den norske kongen, og samstundes hadde lova kong Håkon at han skulle arbeide for at islendingane skulle svare kongen skatt.

Tydelegvis gjennomskoda ikkje Ivar og Pål Gissurs dobbeltspel. Men det må kong Håkon og hans rådgjevarar ha gjort, og i følgje soga «syntest kongen at Gissur hadde ikkje gjort meir til å fremje saka hans enn han hadde lova eller fått lønn for». <sup>396</sup> Det er mogleg at Sturla har overdrive Gissurs motvilje mot å arbeide for kongens sak, men det er tydeleg at kong Håkon var misnøgd med Gissurs framdrift. Kvifor var kongen så utålmodig? Svaret kan ligge i kongens andre store utenrikspolitiske sak på denne tida, nemleg striden med Skottland

<sup>393</sup> HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 297.

<sup>394</sup> Sjå s. 65-66 om gjestane.

<sup>395</sup> HsH (Audne & Magerøy): kap. 300; HsH (Mundt): kap. 300: «*Pat peira flutningr at sunnlendingar mundu ei suo diarfliga hafa neitat skattinum ef peir uissi ath þat uæri j moti uilia jallzinss.*»

<sup>396</sup> HsH (Audne & Magerøy): kap. 303; HsH (Mundt): kap. 303: «...sauugdu [sic] konginum sitt erindi huertt ordit uar fanzt konginum suo j at gizur mundi ecki meira af hafa tekit at flytia laugmal en hann hafdi heitid eda kongr laun fyrir sellt.»

angåande Sudrøyane og Man. Skottekongen Alexander II prøvde i 1240-åra å få kong Håkon til å avstå øyane diplomatisk. Håkon nekta, og ein planlagd skotsk invasjon av øyane vart stoppa av Alexanders død i 1249. Rundt 1260 fekk sonen hans Alexander III full kontroll med styringa i Skottland og fortsette farens ekspansive politikk.<sup>397</sup> Kong Håkon må no ha innsett at eit oppgjer med skottane sannsynlegvis var nært føreståande. Han må derfor ha ønskt å avslutte sine engasjement andre stader så raskt som mogleg, slik at han kunne konsentrere seg om Sudrøyane og Man. Hausten 1261 kom det bod frå Grønland at folket der hadde svore skatt og truskap til den norske kongen.<sup>398</sup> Det som stod igjen no, var å få islendingane til å gjere det same. Kongen hadde därleg tid, og må ha meint at han ville ha meir framdrift i å leggje under seg Island dersom han sende Hallvard Gullsko til landet for å presse Gissur, og eventuelt støtte han i hans oppdrag. Ein annan del av den nye strategien var å knyte til seg andre godar som Ravn Oddsson.

## Den upopulære skatten

Vi har no sett at kong Håkon gjekk vekk frå å samarbeide med berre Gissur, sidan han ikkje viste seg å vere like effektiv som kongen hadde håpa. For det første har vi sett at Gissur ikkje makta å leggje under seg Borgarfjörður. For det andre var Gissur motvillig til å innføre skatt i jarledømet sitt. Kvifor hadde han slike motførrestellingar til dette? Skatten ville jo også gje han ekstra inntekter. Først må vi sjå på kva som blei meint med *skatt* i denne samanhengen. Innbyggjarane i dei norske kystdistrikta betalte leidangsskatt til kongen. Leidangen var opprinneleg dei norske bøndenes plikt til å stille opp som ein militær styrke når kongen trong det. Dette fortsatte han å vere ut heile mellomalderen. Men i løpet av 1100-talet la den militære leidangsplikta grunnlaget for den faste, årlege leidangsskatten, som bøndene måtte betale til kongen i fredstider.<sup>399</sup> Den skatten som innbyggjarane i skattlanda betalte var også ei fast økonomisk avgift. Men i motsetning til den norske leidangen, innebar skatten i skattlanda ingen militære plikter overfor kongen.<sup>400</sup> Då han lova sine landsmenn i 1258 at dei skulle sleppe skatt, ser det ut til å vere motivert frå eit ønske om å skaffe seg tilhengjarar.<sup>401</sup> Formelt sett var det kong Håkon som hadde styringsretten i Nord- og Sørlandsfjerdingen, og Gissur styrte dei på vegner av han. Men sjølv om Gissur no heldt jarleembetet sitt på nåde frå kong Håkon, var hans maktposisjon på Island framleis avhengig av støtte frå tingmennene i

<sup>397</sup> Bjørgo 1995: s. 72.

<sup>398</sup> HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 311.

<sup>399</sup> Bull 1920: s. 32-57.

<sup>400</sup> Bjørkvik 1970: sp. 424-426. Sidan islendingane ikkje hadde leidangsplikt, kunne Ravn Oddsson nekte dette då kong Eirik Magnusson prøvde å frå leidangsstyrkar frå Island i 1286. Sjå dette arbeidet s. 101.

<sup>401</sup> HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 297.

godorda hans. Han var avhengig av at dei anerkjente hans leiarskap, og av at dei stilte opp for han på tinga og i militære konfliktar. Då sørlendingane protesterte mot skatt i 1260, viser det at det var sterk motstand på Sør-Island. Dei fleste av bøndene i Nordlandsfjerdingen hadde derimot gått med på å betale skatt allereie i 1255, på oppfordring av dei kongelege hirdmennene Torgils Skarde og Ivar Englason, og biskop Heinrek av Hólar.<sup>402</sup> Når vi ikkje høyrer om protestar frå nordlendingane angåande skatten på Altinget i 1260, har det nok å gjere med at dei allereie hadde svore skatt.

Håkons saga fortel at Hallvard Gullsko drog til Island i 1261 for at Gissur «skulle halde den avtalen som han hadde gjort med kongen.»<sup>403</sup> Dette galdt i første rekkje kravet om skatt frå Island, ei sak som Gissur hadde prøvd å unngå i det lengste. Motstanden mot skatten blant sørlendingane må ha ført til at han vegra seg mot dette. Dette viser at den sjølveigande islandske bondestanden framleis var ein politisk maktfaktor å rekne med, og som turte å trasse både jarl og konge. Då Hallvard kom til Island i 1261 og gjorde kongens krav kjend der, kom det for dagen kva Gissur hadde lova kongen. Håkons saga fortel at han sat på Nord-Island vinteren 1261-62 og drøfta med bøndene der kva han skulle gjere med dette. Bøndene lova han «store pengar for å greie den skatten som var kravd. Somme bønder lova to hundre, somme eit hundre, somme tolv øyrar eller ti øyrar, somme noko mindre.»<sup>404</sup> Det er mogleg at nordlendingane heller ikkje hadde betalt skatt etter at dei hadde lova det i 1255, og derfor følte seg forplikta til å gjere opp for seg av den grunn. Men då Hallvard Gullsko fekk vite om dette, gav han beskjed om at

[...] kongen ikkje ville at bøndene skulle bli plaga med så stor skatteinsetting. Han sa at kongen ville ha lydnad av bøndene og så stor skatt av landet at det ikkje vart for tungt for dei å greie han, og imot dette lova han føremoner og rettarbøter.<sup>405</sup>

Fleire historikarar har hevda at Gissur og bøndene prøvde å kjøpe seg fri frå kongens skattekrav og krav om lydnad ved å betale ein stor eingongssum. På den måten ville dei fri seg frå det dei hadde lova kongen.<sup>406</sup> Det kan òg vere at sidan bøndene i Nordlandsfjerdingen allereie hadde gått med på å betale skatt (i 1255), ønskte dei no å betale den skatten som dei skulda kongen. Sidan Gissur sat i nord denne vinteren, var nok dei fleste bøndene som var hos

<sup>402</sup> HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 283.

<sup>403</sup> HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 311.

<sup>404</sup> HsH (Audne & Magerøy): kap. 311; HsH (Mundt): kap. 311: «...bændur hetu jarli storfe at leysa bat gialld er a uar kallad. Hetu sumer bændur cc. Sumer c. Sumer xij aurum eda x. Aurum. Sumer mune minna.»

<sup>405</sup> HsH (Audne & Magerøy): kap. 311; HsH (Mundt): kap. 311: «...kongrin villde ecki at bændur være pinder til suo mykilla fegiallda. Sagde hann at kongrin villde hafa hlydne af bændum oc slikan skatt af lande sem peim yrde aunguer afar-koster i at giallda ok het þo þar i mot linendum ok rettarbotum.»

<sup>406</sup> Þorsteinsson 1953: s. 308-309; 1966: s. 286; Jóhannesson 1969: s. 230-231; Maurer 1969: s. 136-137.

han frå dette området. Det ser likevel ut til å vere ein viss motvilje, i alle fall blant sørlendingane, mot å betale skatt og sverje lydnad til den norske kongen. Kvifor fann islendingane dette problematisk? Som sitatet ovanfor frå Håkons saga viser, var ikkje skattebyrda meint å vere tung frå kongens side. Og det var ho heller ikkje. I følgje Jonsbok, islendinganes lovbok frå 1281, skulle kvar bonde med eit visst minimum av eignelutar betale 20 alen vadmal i skatt.<sup>407</sup> Det vart forventa av ei god vekkone at ho skulle veve meir enn 20 alen i veka, og dette tilsvara tre prosent av bondens eigedom. Denne skatten kan ikkje sjåast på som ei tung økonomisk belastning, og det var nok ikkje det som islendingane såg som problematisk med henne heller.<sup>408</sup>

Vi må derfor sjå vekk frå reine økonomiske forklaringar på kvifor det var slik ein motvilje mot å betale skatt. Historikaren Helgi Þorláksson meiner at for fristatstidas islendingar innebar det å betale skatt tap av fridom og sosial ære. Han eksemplifiserer dette med forteljinga om Einar frå Þverá, som i følgje Snorre Sturlason i Heimskringla skal ha overtydd sine landsmenn om at dei ikkje burde gje skattegåver til kong Olav Haraldsson, fordi det innebar ufridom og trældom.<sup>409</sup> No hadde riktignok islendingane betalt tingfarekaup og sauetoll til godane sine og tiend til kyrkja tidlegare, noko som ser ut til å ha vore akseptert på 1200-talet. Det er nok sannsynleg, som Þorláksson peikar på, at bøndene forventa å få noko tilbake når dei betalte dette.<sup>410</sup> Når ein bonde eitt år betalte tingfarekaup, kunne han eit anna år forvente å motta tingfarekaup dersom det var hans tur til å bli med til Alltinget. Elles forventa bonden at goden hans skulle støtte han i konfliktar. Sauetollen som blei kravd inn frå bøndene av goden, var som vi såg i førre kapittel, ein måte for å få ein ny gode raskt opp å gå, slik at han kunne utøve sine plikter overfor tingmennene sine. Dette innebar både rettsleg og fysisk vern. På denne måten kunne bøndene også her rekne med å få noko igjen for den sauetollen som dei betalte. Dei fremste bøndene forventa også å bli invitert på gjestebod hos goden sin, for på den måten å få ei motyting for den støtta dei hadde gitt goden. Då Torgils Skarde fekk sauetoll frå bøndene i Skagafjörður i 1255, arrangerte han etterpå eit gjestebod for dei fremste bøndene i området, og gav dei gåver. Dette gjorde Torgils til ein svært populær gode.<sup>411</sup> Når bonden betalte tiend til kyrkja, kunne han til gjengjeld dra nytte av dei tenestene som kyrkja tilbydde.

<sup>407</sup> Jónsbók (Schulman): s. 28-29.

<sup>408</sup> Sigurðsson 2011a: s. 123f, Þorláksson 2011: s. 137.

<sup>409</sup> Þorláksson 2011: s. 137-138.

<sup>410</sup> Þorláksson 2011: s. 139.

<sup>411</sup> Sts II: s. 200, 207.

Ein skatt til den norske kongen ville derimot vere noko anna, sidan skatten forsvann til Noreg, og islendingane ikkje visste om dei ville få motytingar. Han var derfor i deira auge ikkje noko gāve i eigentleg forstand.<sup>412</sup> For å få islendingane til å sverje lydnad og skatt til kongen, måtte Hallvard Gullske derfor overtyde dei om at dei for det første skulle få motytingar frå kongens side, for det andre at kongen kunne tilby betre vilkår enn det dei islandske godane kunne. Vi har sett at då Hallvard fekk høyre om at Gissur og nordlendingane prøvde å kjøpe seg fri frå skatten, svarte han at kongen i gjengjeld for lydnad og skatt kunne gje islendingane «føremmonner og rettarbøter». Både Jón Viðar Sigurðsson og Helgi Þorláksson ser på dette som eit avgjerande argument for at islendingane godtok kongeleg styre. Ved å love islendingane «føremmonner og rettarbøter» viste Hallvard at dei fekk noko tilbake for den skatten som dei betalte.<sup>413</sup> Eg skal kome tilbake til ulike argument for å sverje skatt og truskap i avsnittet om Gizararsáttmáli. Men først må vi sjå på korleis islendingane til slutt svore skatt og truskap til den norske kongen, og kva for rolle Gissur spela i dette.

## Alltinget i 1262

Vi har sett at kong Håkon gjekk vekk frå strategien med å bruke éin mann (Gissur) til å leggje Island under seg, til igjen å bruke fleire islandske godar, då han gav Ravn Oddsson Borgarfjörður i 1261.<sup>414</sup> Med Ravn og hans vestfjordingar på si side, var kongens utsending Hallvard Gullske i ein posisjon til å presse Gissur, nordlendingane og sørlendingane til å gå med på kongens krav på Alltinget sommaren 1262. Kva var Gissurs rolle i dette avgjerande alltingsmøtet? Prøvde han å motsette seg Hallvards og kongens krav, eller aksepterte han den nye situasjonen? Og korleis forholdt han seg til Ravn og dei andre som nettopp var blitt kongens menn?

Sturla fortel i Håkons saga følgjande om at Hallvard hadde fått Ravn og vestfjordingane over på si side, og brukte dei til å legge press på Gissur:

Hallvard kom da vestafrå og fortalte at store flokkar var samandregne lenger vest, og at alle hadde lova å gå med på kongens tilbod, og at dei var meinte å ri til tings og hjelpe fram kongens sak der, i fall ho ikkje fekk framgang på annan måte.<sup>415</sup>

Islendinganes saga legg til at Ravn og vestfjordingane kom med 720 mann, medan Gissur kom med 960 mann.<sup>416</sup> I tillegg sendte vestfjordingane bod til Gissurs fiendar oddaverjane og

<sup>412</sup> Þorláksson 2011: s. 139.

<sup>413</sup> Sigurðsson 2011a; s. 122-128; Þorláksson 2011: s. 139.

<sup>414</sup> Sjå s. 80-83.

<sup>415</sup> HsH (Audne & Magerøy): kap. 311; HsH (Mundt): kap. 311: «Kom halluardur þa vestan ok sagdi at flockar voru saman dregner fyrir vestan herad oc hofdu aller heitid at ganga vnder kongs mal ok ætludu at ridatil þings ok flytia þar kongs erinde ef ecki gengizt ella vid.»

Torvard Torarinsson om at dei skulle kome til Alltinget med sine tingmenn.<sup>417</sup> Torvard hadde nettopp inngått forlik med og betalt böter til sturlungen Sigvat Bødvarsson, ein av vestfjordsgodane, angåande drapet på Sigvats bror Torgils Skarde. Han betalte òg for drapa på Torgils' menn Berg Åmundsson og Asbjørn Illugason.<sup>418</sup> Og Gissur følte seg openbart pressa i situasjonen, hans posisjon var trua frå fiendtlege godar både aust og vest, og ei kongemakt som kunne ta frå han heile jarletittelen hans, dersom han ikkje følgde kongens påbod.<sup>419</sup> Han bestemte seg derfor til slutt for å gjere eit framstøyt mot tingmennene sine for å få dei til å sverje skatt og truskap til den norske kongen. Han såg seg til og med nøydd til å klage dei som ikkje gjekk med på dette for meinråd mot hans eige liv. Ikkje uventa var nordlendingane lettast å overtyde, sidan dei allereie i 1255 hadde lova kongen skatt.<sup>420</sup> Bøndene var no klare til å sverje eiden:

Etter dette vart lagretten sett; dei fleste av dei beste mennene frå Nordlendingfjerdingen og av sunnlendingane utafor Tjorså svor da kong Håkon land og tegnar og skatt for alltid, med slike vilkår som det brevet vitna som vart oppsett etterpå.<sup>421</sup>

Vi ser at det var «dei beste mennene» frå både Nordlands- og Sørlandsfjerdingane som svor på vegner av alle innbyggjarane i sine landsdelar. Gissur svor sjølv ikkje truskapseid denne gongen, fordi han hadde gjort det tidlegare.<sup>422</sup> Med dette vart dei den norske kongens skattepliktige undersåttar. Det sørlendingane, nordlendingane og kongemakta vart samde om, vart skrive ned i eit brev som Jóhannesson meinte var identisk med det handskriftet som han kalla for *Gizurarsáttmáli*.<sup>423</sup> Men som vi skal sjå seinare i dette kapittelet, er det svært problematisk å bruke dette 1500-tals-handskiftet som kjelde til det sørlendingane, nordlendingane og kongemakta vart samde om i 1262. Det brevet som Sturla refererte til i Håkons saga er for lengst gått tapt. Men vi må rekne med at det har vore utgangspunktet for dei seinare handskriftene som blir kalla *Gizurarsáttmáli* og *Gamlí sáttmáli*.

Sturla gjer elles eit poeng i Håkons saga av at «sunnlendingane utafor Tjorså», dvs. dei som budde austaf elva Þjórsá, ikkje svore. Desse var oddaverjanes tingmenn. Vi såg i førre

<sup>416</sup> Sts I: s. 529.

<sup>417</sup> HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 311.

<sup>418</sup> Sts II: s. 223-226.

<sup>419</sup> Ólsen 1908: s. 29.

<sup>420</sup> HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 311. Sjå også Jóhannesson 1969: s. 232.

<sup>421</sup> HsH (Audne & Magerøy): kap. 311; HsH (Mundt): kap. 311: «Epter þetta var skipat logretta ok soru flester hiner beztu menn vr nordlendinga-fjordungi ok af sunnlendingum fyrir vtan þiorssa Hakoni kongi land ok þegna oc æfinlegan skatt med slikum skildaga sem bref þat vottar er þar var epter giort.»

<sup>422</sup> Jóhannesson 1969: s. 232.

<sup>423</sup> Jóhannesson 1969: s. 232.

kapittel at dei svor truskap til jarl og konge i 1260, og at goden deira Tord Andreasson inngjekk forlik med Gissur.<sup>424</sup> Det er derfor oppsiktsvekkjande at dei ikkje følgde Gissurs leiing og svor skatt på Alltinget. Dei må på dette tidspunktet ha vore i opposisjon til både konge og jarl, sjølv om dei hadde svore truskapseid til begge. Den eiden som dei svor i 1260 må dei ha sett på som ein tvangseid, og var derfor i opposisjon.<sup>425</sup> Håkons saga fortel at etter at sørlandingane og nordlendingane hadde svore truskap og skatt på Alltinget i 1262, drog Gissur med flokken sin austover til Laugardalur (i dag tettstaden Laugarvatn), og blei der ei stund.<sup>426</sup> P. A. Munch meinte at Gissur heldt dei der i beredskap mot oddaverjane, medan B. M. Ólsen meinte at Gissur heldt dei der på oppfordring av Hallvard Gullsko, inntil vestfjordingane hadde svore skatt og truskap. På denne måten kunne Hallvard bruke Gissurs menn som eit pressmiddel mot vestfjordingane, på same måten som han like før hadde brukt vestfjordingane som eit pressmiddel mot Gissur.<sup>427</sup> Etter mitt skjønn kan både Munchs og Ólsens tolkingar ha noko føre seg. Gissur ønskte i denne spente politiske situasjonen å sikre seg mot truslar både frå vestfjordingane, oddaverjane og austfjordingane.

Etter dette fortel Håkons saga at Hallvard Gullsko drog saman med Skálholts-biskopen Sigvard til Þverá-tinget i Borgarfjörður, der dei møtte vestfjordingane og deira godar Ravn Oddsson, Sigvat Bødvarsson, Sturla Tordsson, Einar Torvaldsson og Vigfus Gunnsteinsson. Desse godane svor den same eiden som nordlendingane og sørlandingane hadde svore tidlegare. Kvar av dei hadde tre tingmenn til å sverje i lag med dei, i tillegg til tre bønder frå Borgarfjörður.<sup>428</sup> Dermed hadde no heile Vestfjordsfjerdingen svore skatt og truskap til den norske kongen. Dei islendingane som gjenstod no var dei sørlandingane som budde austafør Þjórsá, og austfjordingane.

Ifølgje Islendinganes saga blei Gissur forlikt med Ravn og sonen hans Sturla framfor kyrkjedøra på Alltinget i 1262, med biskop Sigvard, abbed Brand Jonsson, Sigvat Bødvarsson og Sturla Tordsson som vitne.<sup>429</sup> Men som vi nettopp har sett, fortel Håkons saga at Ravn og vestfjordingane stoppa på Þverá-tinget, og svor skatt og truskap til kongen der. Kven skal vi

<sup>424</sup> Sjå s. 70-71.

<sup>425</sup> Jóhannesson 1969: s. 232.

<sup>426</sup> HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 311.

<sup>427</sup> Munch 1852-58, bind IV, del 1: s. 371-372; Ólsen 1908: s. 30-31.

<sup>428</sup> HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 311. Framstillinga om dei same hendingane i Islendinganes saga (Sts I: s. 528-529) er kortare enn den i Håkons saga, og gjer eit inntrykk av at vestfjordingane svor skatt og truskap på Alltinget i lag med nordlendingane og sørlandingane. Men det er slett ikkje sikkert at det er Sturla Tordsson som har skrive denne siste delen av Islendinganes saga. Om det er han som står bak, er det truleg at teksten seinare er blitt forkorta og omarbeidd. Sjå drøftinga og referansar til relevant forskingslitteratur i dette arbeidet s. 17.

<sup>429</sup> Sts I: s. 529.

lite på av desse to ulike framstillingane? Dersom Islendinganes saga har rett i at Gissur og Ravn blei forlikt på Alltinget i 1262, må det ha skjedd i løpet av sommaren dette året, siden både abbed Brand, Sigvat Bødvarsson og Sturla Ravnsson drog til Noreg dette året.<sup>430</sup> Men vi har sett at Håkons saga fortel at Gissur oppheldt seg i Laugardalur i tida etter Alltinget. Jóhannesson foreslo derfor at vestfjordingane drog til Alltinget etter at dei svor eidane på Þverá-tinget. Der møtte dei Gissur, som hadde vendt tilbake frå Laugardalur. I framstillinga i Islendinganes saga har derfor dei to ulike Alltingsmøta i 1262 blitt slått saman til eitt møte, dvs. både møtet der Gissurs tingmenn svor skatt og truskap til kongen, og forliksmøtet mellom Gissur og Ravn.<sup>431</sup> Jóhannessons teori er logisk sett den einaste moglege forklaringa dersom vi vil ta forteljinga i Islendinganes saga om forliket mellom Gissur og Ravn for god fisk. Det var i Hallvard Gullskos og kongemaktas interessa at forliket kom i stand, og det er sannsynleg at det var Hallvard som mekla det fram.<sup>432</sup> Sett i eit større perspektiv ønskte jo kong Håkon å skape fred på Island. Derfor er det sannsynleg at Hallvard gjekk inn for å forlike Gissur og Ravn.

Vi har no sett korleis Gissur i den spente politiske situasjonen i 1262 såg seg nøydd til å overtyde sine tingmenn til å sverje skatt og truskap til den norske kongen, og forlike seg med Ravn Oddsson. Gissur var allereie kongens vasall før 1262, og hans stilling endra seg ikkje noko nemneverdig i løpet av dette året. Forskjellen var at tingmennene hans no vart kongens skattepliktige undersåttar. I det neste avsnittet vi skal undersøkje Gissurs rolle då resten av Island kom under kongemakta.

## **Sørlendingane aust for Þjórsá og austfjordingane sver skatt og truskap (1263-64)**

Korleis resten av Island kom under den norske kongen ligg i større grad i historias mørke, sidan Håkons saga ikkje fortel noko meir om islandske forhold etter 1262, og Islendinganes saga har eit gap mellom 1262 og striden mellom Gissur og Tord Andreasson i 1264, sannsynlegvis fordi dei andre viktige hendingane på Island i desse åra var beskrivne i den no stort sett tapte Magnus Lagabøtes saga.<sup>433</sup> Vi har derfor berre den bevarte resten av Magnus' saga og opplysningar frå dei islandske annalane å stø oss på. *Annales regii* er den eldste kjelda vi har til korleis resten av islendingane svor truskap til kongen i 1263 og 64,<sup>434</sup> og her blir

<sup>430</sup> Sts II: s. 226; IA: s. 67, 134, 193, 330.

<sup>431</sup> Jóhannesson 1969: s. 233f.

<sup>432</sup> Jóhannesson 1969: s. 233f.

<sup>433</sup> Sjå s. 14-18 for drøfting og referansar.

<sup>434</sup> Sjå s. 18-19.

dessutan hendingane beskrive meir utførleg enn andre stader. Annalen fortel følgjande for året 1263: «I det same året svor oddaverjane skatt til Noregs konge for Sørlandsfjerdingen austafor Þjórsá».⁴³⁵ Vi har ikkje kjelder på korleis dette gjekk til, og kvifor oddaverjane, som tidlegare hadde vore slik imot å bli kongens undersåttar, til slutt gjekk med på det.

Vi veit heller ikkje med sikkerheit om dei blei innlemma i Gissurs jarledøme. Men dei to siste kapitla i Islendinganes saga tilseier at dei vart det. Her blir det fortalt at Gissur og oddaverja-goden Tord Andreasson møttest på Alltinget i 1264, og skildest på høveleg vis. Men det gjekk rykte om at Gissur byrja å tvile på Tords truskap. Gissurs mistankar viste seg å vere velgrunna då Tords brør Øyolv, Brand og Magnus prøvde å drepe Gissur med eit overraskingsangrep. Tord vart ikkje med, fordi han meinte at hans nærvær ville øydeleggje overraskingsmomentet. Gissur greidde å kome seg unna, samla meir enn 700 menn frå jarledømet sitt, og angreip oddaverjanes område Rangárvellir. Denne konflikten vart meir eller mindre ein reprise av Gissurs førre strid med oddaverjane, i 1259. Også no trekte oddaverjane seg unna, og gøynde seg i fjella, medan Gissur og hans menn plyndra og herja på Rangárvellir. Til slutt avtalte Gissur og oddaverjane å møtest til forhandlingar, i Prándarholt. Her greidde Gissur å overliste oddaverjane ved at han og hans menn angreip tidleg om morgonen. Gissur fekk så Tord Andreasson drepen, medan dei andre oddaverjane fekk grid.⁴³⁶

Jóhannesson har karakterisert denne konflikten som «de siste etterdønningene av den veldige ufreden som hadde rast i landet i lange tider.»⁴³⁷ Med dette var sturlungestridane over, og frå no av vart det fredelegare på Island. For Samsonarson var denne siste striden mellom Gissur og oddaverjane deira opprør mot Gissurs styre.⁴³⁸ Det at det gjekk rykte om at Gissur tilte på Tords truskap (gno. *trúleik*), tyder på at han framleis var i eit slags underordningsforhold i høve til Gissur. Oddaverjanes område Rangárvellir høyde dermed framleis til Gissurs jarledøme, og innbyggjarane der måtte akseptere hans styre. Vi finn heller ikkje noko grunnlag i kjeldene for at Rangárvellir vart tatt frå Gissurs jarledøme. Dessverre veit vi ikkje noko om korleis det gjekk til at oddaverjane svor skatt og truskap til kongen i 1263. Vi veit at Hallvard Gullske drog tilbake til Noreg etter at Gissurs tingmenn hadde svore

<sup>435</sup> Mi omsetjing av IA: s. 135: «Á þessv sama ári iataðv Oddaveriar Noregs konungvm skatti fyrir ávstan Piorsá um Svnnlendinga fiordung.»

<sup>436</sup> Sts I: s. 529-534. Også annalane stadfestar oddaverjanes angrep på Gissur og Tord Andreassons død dette året. Sjå IA: s. 27, 67, 135, 194, 258, 330, 483.

<sup>437</sup> Jóhannesson 1969: s. 235.

<sup>438</sup> Samsonarson 1958: s. 362-363.

eidane sine i 1262. Men han kom til Island igjen om våren 1263.<sup>439</sup> Det er sannsynleg at han då arbeidde for at oddaverjane skulle underkaste seg kongen. Sannsynlegvis har Gissur også tatt del i dette. Han har nok også no sett seg nøydd til å samarbeide med kongemakta dersom han ville behalde Rangárvellir som ein del av sitt jarledøme.

I brotstykket frå Magnus Lagabøtes saga kan vi lese at Hallvard Gullske kom tilbake til Noreg frå Island for andre gong i 1264, og kunne fortelje kong Magnus at no hadde alle islendingar gitt seg under kongens styre. Med Hallvard var Torvard Torarinsson, som overgav seg sjølv og godorda sine i kongens vald fordi han hadde drepe kong Håkons hirdmenn Torgils Skarde og Berg Åmundsson.<sup>440</sup> Dessutan fortel *Annales regii* frå året 1264 at «Denne sommaren svarte Orm Ormsson skatt på Alltinget for sidumennene (isl. *síðumenn*). Og då hadde alle godane på Island samtykt om å betale skatt til Noregs konge.»<sup>441</sup> Vi veit ikkje heilt spesifikt kva for geografisk område som vart kalla Siða, men det må ha vore i Austfjordsfjerdingen.<sup>442</sup> Sidan Orm Ormsson svor på vegner av sidumennene, må dei ha vore hans tingmenn. Både Torvard og Orm var svinfellingar, den ætta som hadde kontrollert heile Austfjordsfjerdingen sidan 1220-åra.<sup>443</sup> I følgje Torgils Skardes saga gav Torvard til kjenne at han ønskte å dra til Noreg innan tre år då han forlikte seg med Sigvat Bødvarsson og Hallvard Gullske i 1262.<sup>444</sup> Dette lova han også overfor sin onkel, biskop Brand, i 1263.<sup>445</sup> Det ser altså ut som om Torvard drog til Noreg av sin eigen, frie vilje. Sannsynlegvis såg han kva slags retning utviklinga gjekk på Island, og ønskte å sikre sin del av makta der som kongens lojale hirdmann.

Vi veit ikkje noko om kva som førte fram til Orm Ormssons avgjerd om å sverje truskap og skatt til kong Magnus, men sannsynlegvis såg han også det som den einaste utvegen dersom han ville halde på makta si. Vi må heller ikkje overdrive elementet av politisk press på Orm og Torvard. Det er tenkjeleg at dei ønskte kongemakta velkommen fordi ho brakte med seg fred og stabile forhold. Dessutan fekk dei tilbake godorda sine som kongelege syssel. Det er ingenting i kjeldene som tyder på at Austfjordsfjerdingen vart lagt til Gissurs jarledøme. Dei svor truskap til kong Magnus, men ikkje til Gissur jarl.

<sup>439</sup> Sts II: s. 226, 230.

<sup>440</sup> Msl (Jónsson): s. 469; Msl (Audne & Magerøy): s. 355. Torvards ferd til Noreg er dessutan stadfesta i annalane. Sjå IA: s. 67, 135, 330.

<sup>441</sup> Mi omsetjing av IA: s. 135: «Á þessv svMRI svarði Ormr Orms sonr Noregs konungym skatt á alþingi firir Siðvmenn. Ok þá høfðv allir formenn á Islannni samþyckt um skatt við Noregs konunga.»

<sup>442</sup> Karlsson 2004: s. 278.

<sup>443</sup> Sjå s. 57-58.

<sup>444</sup> Sts II: s. 225.

<sup>445</sup> IA: s. 135.

Som vi har sett, svor islendingane truskap og skatt til den norske kongen på vilkår som seinare vart nedskrive. Denne avtalen er bevart i ei rekke handskrifter frå 1400-1700-talet, og blir kalla *Gizurarsáttmáli* eller *Gamli sáttmáli*. Ei undersøking av desse vil gjere oss i stand til å vurdere forholdet mellom dei to partane, og jarledømets rolle i det heile.

## Gizurarsáttmáli / Gamli sáttmáli

I denne delen vil eg drøfte kva *Gizurarsáttmáli* og *Gamli sáttmáli* kan fortelje oss om det islandske jarledømet og jarlens stilling. Eg vil også undersøke kva desse tekstane fortel oss om tilhøva mellom kongen, jarlen og den islandske bondestanden. Sjølv om det er skilnader på dei ulike handskriftene, er det ein del punkt som går igjen i dei fleste av dei:

- 1 Islendingene lover kongen skatt, tingfarerkaup og undersåttlige forpliktelser.
- 2 Kongen skal la dem nyte fred og islandske lover.
- 3 Kongen skal sørge for regelmessige (forsyninger) skipsanløp hvert år.
- 4 Arv etter islendingar i Norge skal stå til rette arving eller deres lovligje ombudsmann kommer etter den.
- 5 Landøren skal avskaffes.
- 6 Islendingar skal få beholde slik rett i Norge som de hadde hatt på det beste, og som kongen selv har budt i sitt brev, og holde fred med dem.
- 7 Jarlen vil de ha over seg så lenge han er trofast mot kongen og holder fred med islendingene.
- 8 Kongen skal ikke stevne noen islendingar til Norge med unntak som framgår av lovboka eller etter alltingsdom.
- 9 Bare islendingar skal være sysselmenn og lagmenn.<sup>446</sup>

Fleire av desse punkta kan vi rekne med stammar frå det som opprinnelig vart inngått mellom islendingane og kongemakta i 1262-64. Det første punktet, angåande skatt og truskap til kongen, har vi sett er godt dokumentert i andre kjelder, som sogene og annalane. Det er truleg at islendingane i denne samanhengen anerkjende Håkon Håkonssons tronfølgjelov av 1260. I denne vart det slått fast at Noreg skulle vere eit einkongedøme med arveleg primogenitur for ektesfødde søner.<sup>447</sup> Tronfølgjelova er tatt med som ein del av kristendomsbolken i den islandske lovboka Járnsiða.<sup>448</sup> Kristendomsbolken vart vedtatt på Alltinget i 1272.<sup>449</sup> Vi veit dermed at tronfølgjelova vart gjeldande islandsk lov i alle fall frå dette året, men det er sannsynleg at islendingane vedtok henne allereie då dei svor skatt og truskap til den norske kongen i 1262-64. Kong Håkon og kong Magnus ønskete å sikre herredømet for sine

<sup>446</sup> Sitert etter Wærdahl 2006: s. 109. Ein del av handskriftene av *Gizurarsáttmáli* / *Gamli sáttmáli* er dessutan trykte i NgL I: s. 460-462; III: s. 145-146; DI (Diplomatarium Islandicum) I: s. 620-621, 635-637, 670-682, 688; II: s. 334-336; Boulhosa 2005: s. 216-227.

<sup>447</sup> Nmd: s. 106-107; NgL II: s. 308-309.

<sup>448</sup> Jarnsida (Bernharðsson et.al.): s. 70-73.

<sup>449</sup> Þorsteinsson & Líndal 1978: s. 43.

etterkomrarar, så det er sannsynleg at dei fekk islendingane til å akseptere den nye tronfølgjelova.

Det andre punktet seier at islendingane skal få nyte fred og islandske lover. Med dette kunne kongemakta kunne tilby islendingane betre vilkår enn det dei islandske godane kunne. For det første lova kongen fred, noko som islendingane hadde mangla i dei føregåande tiåra. Dei islandske godane hadde ikkje greidd å skape dette, og var i staden fanga i opprivande og destruktive konfliktar. Fleire forskrarar har peika på dette aspektet som ein viktig grunn til at islendingane gjekk med på å bli kongelege undersåttar.<sup>450</sup> Som motyting for dette kravde altså kongen skatt og truskap. Det skal heller ikkje stikkast under ein stol at kong Håkon hadde samla mesteparten av dei islandske godorda på sine hender allereie rundt 1250.<sup>451</sup> Gissur og andre islandske godar som hadde svore truskap til han styrte desse godorda på vegner av han. Det som mangla, var at dei islandske bøndene svor han truskap og vart lydige undersåttar, dei også. Lovnaden om at islendingane skal få ha sine eigne lover blir også følgd opp. Islendinganes lover heilt fram til 1271 var deira tradisjonelle lovsamling Grágás, som i dei følgjande åra vart erstatta av Járnsiða og sidan Jónsbók.<sup>452</sup>

Det sjunde punktet om at islendingane vil ha jarlen over seg, er særrelevant for drøftinga av det islandske jarledømet. Sidan det ikkje fanst jarlar på Island verken før eller etter Gissur, må dette punktet peike til Gissur personleg, og det er dermed utelukka at han er eit seinare tillegg. Det er sannsynleg at Gissur fekk dette punktet inn i traktaten for å sikre sin eigen maktposisjon.<sup>453</sup> Gissur må ha sett denne truga etter at Borgarfjörður vart tatt frå jarledømet hans i 1261. Det må derfor ha vore viktig for han å sikre seg ein konstitusjonell garanti, for å bruke eit moderne omgrep. Men jarlen styrer på dei vilkåra at han er tru mot kongen og held fred med islendingane. Dette må sjåast på som kongemaktas vilkår for at Gissur framleis skulle vere jarl. Dersom han ikkje opprettheldt desse vilkåra, kunne han risikere å miste jarleverdigheita.

Ei bokstaveleg tolking av jarleførersegna i såttmåltekstane kjem i konflikt med mi og dei fleste andre historikarar si forståing om at Gissurs jarledøme ikkje omfatta heile Island, men berre Sør- og Nordlandsfjerdingane. Samsonarson prøvde å løyse dette problemet ved å

<sup>450</sup> Sjå for eksempel Munch 1852-58, bind IV, del 1: s. 376; Þorsteinsson 1953: s. 315; 1985: 94-95; Nordal 1993: s. 383-414.

<sup>451</sup> Sigurðsson 1993: s. 85-86; Karlsson 2004: s. 358.

<sup>452</sup> Sjå s. 19.

<sup>453</sup> Ólsen 1908: s. 44f; Samsonarson 1958: s. 358; Jóhannesson 1969: s. 239; Þorsteinsson & Líndal 1978: s. 38; Werdahl 2006: s. 111.

vise til den eine handskrifta av *Gizurarsáttmáli* (AM 45 8°, fol. 10r-10v), der berre bøndene i desse to fjerdingane blir nemnde. Det var altså berre desse som lova truskap til Gissur jarl, ikkje resten av islendingane.<sup>454</sup> Det har vore vanleg å rekne med at denne handskriftena gjengir det som nord- og sørslendingane blei samde med kongemakta om i 1262.<sup>455</sup> Men handskriften sjølv er av seinare dato, etter Boulhosas mening frå 1550-1600. Nettopp den innleiande føresegna om at nord- og sørslendingane er blitt samde om innhaldet i traktaten, viser at ordlyden ikkje kan vere opprinneleg. Elles i handskriften blir det nemleg referert til den islandske allmugen generelt, slik som i dei eldre såttmåltekstane. Det er dermed tydeleg at den innleiande føresegna om nord- og sørslendingane er eit seinare tillegg.<sup>456</sup> Dei eldste handskriftene vi har frå *Gizurarsáttmáli* / *Gamli såttmáli* er frå 1400-talet, og vi bør av den grunn føretrekkje å bruke desse. Alle desse handskriftene inkluderer som sagt heile den islandske allmugen.<sup>457</sup>

Korleis skal vi då sameine teorien om at Gissur berre var jarl over Nord- og Sørlandsfjerdingane med dei eldste såttmåltekstane som påstår at heile den islandske allmugen tok Gissur som sin jarl? Ein nøkkel kan ligge i ei mindre bokstaveleg lesing av desse tekstane. Wærdahl har erkjent problemet, og kjem med følgjande vurdering: «Jarlebestemmelsen kan være med på å støtte opp under slutningen om at de bevarte såttmåltekstene bare inneholder en oversikt over islendingenes og kongens gjensidige rettigheter og plikter.»<sup>458</sup> Vi kan tenkje oss at nord- og sørslendingane, Gissur og Hallvard Gullsko var blitt samde om ein traktat i 1262, der nord- og sørslendingane svor skatt og truskap til den norske kongen på visse vilkår. Dei svor også å ta Gissur som sin jarl. Då vestfjordingane, austfjordingane og oddaverjane svor skatt og truskap i løpet av dei to neste åra, kan vi rekne med at dei gjorde det på liknande, men ikkje heilt identiske vilkår. Dei svor etter alt sannsyn ikkje truskap til Gissur. Seinare, som i 1302, har traktaten mellom islendingane og kongemakta blitt fornøya og revidert. Dei såttmåltekstane som vart skrivne ned på 1400-talet og seinare kan vi derfor sjå på som ei oppsummering av alle desse traktatane som vart inngått mellom islendingar og kongemakta i løpet av mange tiår.

---

<sup>454</sup> Samsonarson 1958: s. 356-360; NgL I: s. 461: «*Pat var sam mæli bænda fyrir nordan land og sunan at þeir iatudu ævinlegann skatt...*»

<sup>455</sup> Sjå for eksempel Þorsteinsson 1953: s. 313f; Jóhannesson 1969: s. 232, 236-37; Þorsteinsson & Líndal 1978: s. 34-35.

<sup>456</sup> Boulhosa 2005: s. 144-150, 226.

<sup>457</sup> NgL I: s. 460: «*I nafne fodr ok sonar ok heilags anda var þetta iatað ok samtykt af ollum almuga á Islande med lofa take...*» Sjå også dei ulike handskriftene i Boulhosa 2005: s. 216-226.

<sup>458</sup> Wærdahl 2006: s. 112.

## Skatt i jarledømet

Vi har sett at islendingane lova den norske kongen skatt i løpet av åra 1262-64. I følgje såttmålstekstane lova dei «skatt og tingfarekaup». Vi har også sett at Gissur blei lova sin del av skatten som kongen ville at han skulle krevje inn.<sup>459</sup> Skatt forstår eg her som den regelmessige avgifta som islendingane gjekk med på å betale i tillegg til det tradisjonelle tingfarekaupet.<sup>460</sup> Spørsmålet er om islendingane etter 1262 måtte betale både skatt og tingfarekaup, og kor stor del av dette som var Gissurs del. Dette skal eg gjere greie for i dette avsnittet.

Nok ein gong svarer såttmålstekstane ikkje overeins med sogene og annalane. Medan ordlyden i dei eldste såttmålstekstane (frå 1400-talet) er at islendingane svor kongen både skatt og tingfarekaup, er ordlyden i sogene og annalane at dei berre svor skatt.<sup>461</sup> Vi må nesten tjue år fram i tid, til Jónsbók frå 1281, før tingfarekaupet er med. Lovboka slår fast at kvar tingfarekaupsbonde måtte betale skatt og tingfarekaup. Ein vart rekna for å vere tingfarekaupsbonde dersom ein hadde eit visst minimum av eignelutar. Også einslege personar utan eige hushald måtte betale dersom dei rådde over eit visst minimum av eigedom. Til saman var skatten og tingfarekaupet på 20 alner vadmal. Halvparten av dette (10 alner) var den eigentlege skatten og skulle gå til kongen. Den andre halvdelen, tingfarekaupet, skulle gå til den som «kongen utnemner med slike utgreiingar som lov boka gir føresegner for».<sup>462</sup> Her er det snakk om syslemennene, og det var desse som no mottok tingfarekaupet.<sup>463</sup> Jónsbók operer derfor med det same skiljet mellom skatt og tingfarekaup som vi finn uttrykk for i såttmålstekstane. Skatten skulle altså gå til kongen og tingfarekaupet til syslemennene. Når sogene og annalane fortel frå 1262-64 at islendingane berre svor å betale skatt, kan vi tolke det som om at dei fortsette å betale tingfarekaup til goden/høvdingen sin som før. For Nord- og Sørlandsfjerdingen var denne goden Gissur. Det islendingane gjekk med på no, var å betale skatt til kongen i tillegg.

Då kong Håkon i 1260 sendte Gissur brev om at han ville ha skatt frå Island, spesifiserte han dessutan kor stor del av skatten som Gissur skulle få behalde, og kor stor del han sjølv ville ha.<sup>464</sup> Dessverre veit vi ikkje spesifikt kor stor jarlens og kongens andelar var

<sup>459</sup> Sjå s. 82.

<sup>460</sup> Sjå s. 71-72 om tingfarekaupet.

<sup>461</sup> NgL I: s. 460: «*I fyrstu grein at uer uillum giallda konunge skatt og þing farar kaup.*» HsH (Mundt): kap. 311: «...soru flester hiner beztu menn ... Hakoni kongi land ok þegna oc æfinlegan skatt ...» Sjå også Sts I: s. 529; IA: s. 27, 67, 134, 193, 258, 330.

<sup>462</sup> Jónsbók : s. 28. Sitatet er mi omsetjing av originalteksten «... sem konungr skipar til með slikrí af greiðzlu sem logbok vottar...»

<sup>463</sup> Jóhannesson 1958: s. 63.

<sup>464</sup> HsH (Audne & Magerøy; Mundt): kap. 300.

på. Helgi Þorláksson meiner at «In 1262 what is called skattr probably was both the king's and the earl's shares and also the þingfararkaup.» Han ser vidare ut til å meine at Gissur må ha tatt ut ein del av både skatten og tingfarekaupet.<sup>465</sup> Eg meiner derimot at tingfarekaupet ikkje vart drøfta i 1262-64, sidan han ikkje er omtala i dei eldste kjeldene til hendingane i desse åra, nemleg sogene og annalane. Kongen la seg ikkje på dette tidspunktet opp i tingfarekaupet. Denne var ei sak mellom goden og hans tingmenn. Det nye som kom no var skatten, som fall både jarlen og kongen til gode. Sannsynlegvis har Gissur (og dei andre islandske godane, som etter 1262-64 vart kongelege syslemenn) vore ansvarlege for å krevje inn både tingfarekaupet og skatten. Ein del av skatten måtte dei så gje vidare til kongen.

Men korleis skal vi då forklare såttmåltekstanes føresegns om at islendingane skulle betale både skatt og tingfarekaup? Dersom vi held oss til det synet på desse tekstane som eg har skissert i dette kapittelet, det vil seie at dei er oversiktar over det som islendingane og kongemakta vart samde om både frå 1262-64 og fleire tiår frametter, kan vi tenkje oss at kongemakta på eit visst tidspunkt kravde heile skatten for seg sjølv, medan syslemennene måtte greie seg med tingfarekaupet. Som vi har sett, finn vi denne fordelinga i Jonsbok frå 1281. Men når vart denne fordelinga fastsett? Þorláksson meiner at ho vart fastsett rundt 1270, etter Gissurs død i 1268.<sup>466</sup> Sannsynlegvis gav kong Håkon Gissur retten til ein del av skatteinntektene frå jarledømet for å gjere det meir attraktivt for han å arbeide for at hans landsmenn skulle sverje skatt til kongen. Vi må rekne med at avtalen varte livet ut for Gissur. Ved Gissurs død hadde representantar frå heile Island svor truskap og skatt til kongen, og kong Magnus trøng derfor ikkje å dele skatteinntektene med sine representantar på Island lenger.

Vi har allereie sett at godane Ravn Oddsson, Torvard Torarinsson og Orm Ormsson tok sine gamle godord som syssel frå kongen etter 1262-64.<sup>467</sup> Karlsson meiner likevel at godorda eksisterte juridisk sett inntil tingfarebolken i Járnsiða vart lovtatt på Alltinget i 1271.<sup>468</sup> Her blir ikkje godord og godar omtalt, men blir erstatta med kongelege valdsmenn (ombodsmenn).<sup>469</sup> Vi har dermed ikkje belegg for å hevde at det tradisjonelle forholdet mellom gode og tingmann vart oppheva før i 1271, og vi kan ikkje seie at godorda vart brått avskaffa i 1262-64. I alle fall fram til 1271 har bøndene betalt og mottatt tingfarekaup til/frå

<sup>465</sup> Þorláksson 2011: s. 144.

<sup>466</sup> Þorláksson 2011: s. 144.

<sup>467</sup> Sjå s. 81, 91.

<sup>468</sup> Karlsson 2004: s. 364-365.

<sup>469</sup> Járnsiða (Bernharðsson et.al.): s. 63-67. Sjå også Wærdahl 2006: s. 123.

sin respektive gode, sjølv om desse no anerkjende kongen som sitt overhovud, og var blitt hans systemenn.

Det er interessant at ein ifølgje såttmålstekstane skulle betale skatt og tingfarekaup til kongen slik som «lovboka gjer føresegner for.»<sup>470</sup> Denne «lovboka» er Járnsiða (lovtatt 1271-73) eller Jónsbók (lovtatt 1281). Eldre islandsk lov blei ikkje omtalt som «lovbok».<sup>471</sup> Dermed kan vi utelukke at såttmålstekstane referer til Grágás. Sannsynlegvis blir det i såttmålstekstane sikta til Jónsbók, sidan Járnsiða ikkje har nokon føresegner om betaling av skatt og tingfarekaup.<sup>472</sup> Når kongen i følgje Jonsbok har krav på både skatt og tingfarekaup, tyder det på at han juridisk sett har fått retten på tingfarekaupet i tillegg til skatten. Det blir så vist til Jónsbók for meir spesifikke føresegner for korleis dette skal fordelast. Som vi har sett, er det systemennene som i følgje denne får disponere tingfarekaupet. Dette disponerer dei som kongens representantar. Dei islandske godane var no gått over til å bli ein tenesteadel som heldt embeta sine på nåde frå kongen.<sup>473</sup> Eg ser det dermed som mest sannsynleg at det var Gissur som disponerte både tingfarekaupet og ein del av skatten frå jarledømet sitt. Først etter hans død i 1268 fekk ein den tydelege delinga av tingfarekaupet som skulle gå til dei islandske systemennene, og skatten som skulle gå til kongen.

## Jarledømet og kyrkja

I 1264 vart Gissur jarl vikla inn i ein konflikt med kyrkja. Vi kan lese om denne i Biskop Arnes saga. Bakgrunnen for konflikten er at ein viss Odde etter råd frå frendar, deriblant Gissur jarl, hadde bestemt seg for å gifte seg med ei viss Oløv Broddedotter. Problem var at Odde var diakonvigd, og biskopane Heinrek (1247-60) og Brand (1263-64) hadde forbode subdiakonar og alle andre som hadde avlagt kyrkjeleg vigselseid å gifte seg. Gissurs frende, presten Arne Torlaksson, som frå 1269 var biskop av Skálholt, fekk nyss i dette, og prøvde å forby ekteskapet. Bryllaupet blei likevel heldt, men Arne lyste forbod over Odde og alle bryllaupsgjestane, inkludert Gissur. Gissur opplevde at då han kom heim til garden sin Staður, var kyrkja der stengd.

Arne og Gissur møttest så for å løyse denne saka. Gissur argumenterte med at etter «forn landsskikk og sitt eget og mange andre menns forbilde» hadde det lengje vore godtatt

<sup>470</sup> NgL I: s. 460: «... uer uiljum giallda konunge skatt og ting farar kaup sem logbok vottar...»

<sup>471</sup> Wærdahl 2006: s. 112.

<sup>472</sup> Járnsiða omtalar tingfarekaup fleire gonger, men aldri at kongen har nokon rett på denne (sjå s. 63, 146, 161, 178-180, 185).

<sup>473</sup> Sigurðsson 1995: s. 156ff.

for diakonar og andre geistlege å gifte seg.<sup>474</sup> Dette tyder på at Gissur sjølv hadde ein vigselsgrad. Vi veit dessutan at han hadde vore gift to gonger tidlegare.<sup>475</sup> Arne argumenterte på si side med pavens autoritet, og at denne hadde forbode ekteskapeleg samliv for alle geistlege, under trussel om fullt bann. Soga fortel vidare at Gissur til slutt «bøyde seg for sann lærdom», og gav etter for Arnes krav. Odde, Gissur, og resten av bryllaupsgjestane fekk så absusjon, men Odde måtte sverje på at han skulle forlate Oløv.<sup>476</sup>

Førestellinga om ei «nasjonal-liberal» godestyrt kyrkje på Island i fristatstida, som gradvis blir underminert av nye tankar frå Noreg og Europa, der det blei sett fram krav om bl.a. kyrkjas fridom (lat. *libertas ecclesiae*) og sølibat for kyrkjas menn, har vore sentral i moderne islandsk historieskriving. Det har òg vore ei utbreidd oppfatning at framveksten av denne nye kyrkjeorganisasjonen var ei avgjerande årsak til fristatens fall, både fordi kyrkja undergrov den sosiale strukturen i fristatssamfunnet, og samarbeidde med den norske kongen med å legge Island under kongemakta.<sup>477</sup> Førestillinga om at utviklinga mot kyrkjeleg fridom førte fristaten til fall må sjåast på som moderne nasjonal-liberalt tankegods, som har lite med den historiske røyndomen å gjere. Rett nok finn vi biskopar og andre av kyrkjas menn som gjekk inn for kongeleg styre, men det var minst like vanleg i det verdslege aristokratiet å støtte kongens sak.<sup>478</sup> Men det er tydeleg at makta over den islandske kyrkja, i løpet av mellomalderen gjekk ut av hendene på det verdslege aristokratiet (godane) og til kyrkjas eigne institusjonar. Liknande utviklingstrekk finn vi over heile det katolske Europa i den same perioden.<sup>479</sup> Vi kan dermed sjå på konflikten mellom Gissur og Arne som ein typisk konflikt i denne perioden, då det verdslege aristokratiets makt over kyrkja blei utfordra av nye krav frå visse miljø innanfor den kyrkjelege organisasjonen. Episoden er illustrerande for korleis det skulle gå i striden mellom aristokratiet og dei som kravde reform i kyrkjeorganisasjonen. Sogeforfattaren har lagt følgjande ord i Gissurs munn då han til slutt vart forlikt med Arne: «Det venter jeg, frende, at det ikke blir mange du vil gi etter for i strid, når du ikke gav etter

<sup>474</sup> Ásb: kap. 6.

<sup>475</sup> Gissurs første ekteskap var med Ingebjørg Snorredotter, som han skilde seg frå i 1231. Hans andre ekteskap var med Groa Alfsdotter, som omkom i brannen på Flugumýri i 1253. Sjå Sts I: s. 346, 494. Det ser ut til å ha vore komplikasjonar rundt Gissurs ekteskap med Groa fordi dei var for nært i slekt og/eller fordi han var kyrkjeleg vigg. Sjå Þorkelsson 1868: s. 10-11; Ólsen 1896: s. 335-336.

<sup>476</sup> Ásb: kap. 6.

<sup>477</sup> Sjå for eksempel Sveinsson 1953: s. 32-34, 107-154; Jóhannesson 1969: s. 147-183; Nordal 1993: s. 341-380.

<sup>478</sup> For andre tolkingar av islandsk kyrkjehistorie enn den tydeleg nasjonal-liberale, sjå for eksempel Stefánsson 1973; 1978; Miller 1990: s. 39; Vésteinsson 2003; Beistad 2012.

<sup>479</sup> Beistad 2012: s. 220ff.

for meg.»<sup>480</sup> For sogeutfattaren blir dermed denne episoden eit frampeik mot Arnes siger i stadamålsstridane mange år seinare.

I 1265 blei Jørund Torsteinsson vald til biskop av Hólar, og Gissurs bustad på Staður var i Jørunds bispedøme. Frå året 1267 kan vi i *Gottskalks annal* lese følgjande: «Den same vinteren, i jula, vart biskop Jørund og Gissur jarl samde om at jarlen skulle dra til Viðey den neste sommaren. Der skulle han bli kannik.»<sup>481</sup> Men Gissur kom aldri så langt. Han døydde den 12. januar 1268.<sup>482</sup> Hermann Pálsson meiner at det var kongemakta som hadde fått biskop Jørund til å overtyde Gissur om å gå i kloster. I følgje Pálsson var kong Magnus interessert i å rydde Gissur av vegen fordi han planla å innføre nye lover på Island, noko som Gissur kunne stikke kjeppar i hjula for. Dessutan var Sturla Tordsson blitt kongens rådgjevar, og han må ha ønskt å gjere slutt på Gissurs jarlemakt.<sup>483</sup>

Etter mi mening gjer Pálsson svært mykje ut av denne eine setninga i *Gottskalks annal*, og det er lite hald i det han påstår. For det første går han ut frå ein slik tett allianse mellom kongemakt og bispemakt som vi har sett at nasjonal-liberale historikarar som Jóhannesson har postulert. Biskop Jørund var islending og vart valt til biskop av innbyggjarane i Nordlandsfjerdingen. Han vart vigd til biskop av erkebiskop Håkon i Nidaros i 1267.<sup>484</sup> Det er ingen grunn til å tru at Jørund konspirerte med kong Magnus mot Gissur. Sjølv om Sturla vart sint på Gissur fordi han ikkje fekk Borgarfjörður som syssel, er det lite sannsynleg at han vart så sint at han prøvde å overtyde kong Magnus til å ta frå Gissur jarleverdigheita. Sett i lys av Sturlas balanserte framstilling av Gissur i *Islendinganes saga*, er det vanskeleg å tru at han skal ha hata Gissur så mykje at han arbeidde for hans undergang som politisk aktør. Det er ingenting som tyder på at kong Magnus var misfornøgd med Gissur etter 1262, og det er dermed ingen grunn til å tru at kongen ønskte å fjerne han.

Det var vanleg blant islandske aristokratar i høgmellomalderen å tilbringe sine eldre dagar i kloster, etter eit aktivt liv i verda. Dei fleste personar som vi har opplysningar om, som gjekk inn i munkeordenar på Island i dette tidsrommet, fell i denne kategorien.<sup>485</sup> Dette hadde også Gissurs eigen far Torvald gjort tidlegare. Det var han som i 1220-åra kjøpte Viðey og

<sup>480</sup> Ásb: kap. 6.

<sup>481</sup> Mi omsetjing av IA: s. 331: «*Pann vetr en sama at jolvm var þat radit med þeim Jorundi byskupj og Gisuri jarli at jarli skyldi fara vm svmarit næsta epter til Videyar og taka þa þegar vid kanvka klædvm.*»

<sup>482</sup> IA: s. 331, 383, 483.

<sup>483</sup> Pálsson 1965: s. 110.

<sup>484</sup> Stefánsson 1978: s. 118.

<sup>485</sup> Vésteinsson 2003: s. 142-143.

gjorde eigedomen til kloster. Han vart sjølv vigd som kannik der.<sup>486</sup> Det verkar derfor som om Gissur ønskte å følgje i sin fars fotspor då han i 1267 bestemte seg for å gå i det klosteret som faren grunnla. Dette året var han 58 år gammal, noko som var ein relativt høg alder for eit mellomaldermenneske.

Oddaverja-annalen kjem med ei tilleggsopplysing frå året 1268 som kan bringe meir lys over Gissurs avgjerd: «Gissur Torvaldsson jarl på Staður på Reynines gav Staður til klosteret. Der ligg ei kyrkje.»<sup>487</sup> Dette annalskriftet blei skrive rundt 1650, men byggjer på eldre kjelder.<sup>488</sup> Det er svært sannsynleg at Gissur testamenterte Staður til kyrkja, då han bestemte seg for å gå i kloster.<sup>489</sup> Dessutan veit vi at biskop Jørund etablerte eit nonnekloster på denne garden i 1296. Han skipa halve garden og ei rekje andre gardar til det nye nonneklosteret.<sup>490</sup> Som vi såg i førre kapittel, overtok Gissur i 1259 bispesetets halvdel av Staður på eit noko tvilsamt grunnlag.<sup>491</sup> Sannsynlegvis har han sjølv eller enkelte innanfor kyrkja ønskt at kyrkja skulle få tilbake denne eigedomen. I tida mellom 1268 og 1296 har etter alt å døme bispesetet på Hólar disponert garden. Det er dessutan mogleg at biskop Jørund har hatt planar om å opprette eit domkapittel på Staður.<sup>492</sup>

## Seinare jarlar på Island?

Vi har sett at Hirdskråa og Landslova opna for at det igjen kunne bli utnemnd ein ny jarl på Island.<sup>493</sup> Vi veit at kong Magnus utnemnde syslemenn som styrte Island for han etter Gissurs død. I historieverket *Crymogæa* frå 1609 skrev Arngrímur Jónsson at kong Magnus skipa Ravn Oddsson og Orm Ormsson over Island i 1269. Men Orm drukna på veg tilbake til Island.<sup>494</sup> Oddaverja-annalen, som vart skriven i same tidsrom som *Crymogæa*, fortel at kong Magnus gjorde Ravn og Orm til sine handgjengne menn og skipa dei over Island i 1270. Dessutan drukna Orm det same året.<sup>495</sup> Både *Crymogæa* og Oddaverja-annalen byggjer på eldre kjelder, deriblant no tapte annalskrifter og den no stort sett tapte Magnus Lagabøtes saga.<sup>496</sup> Det er å forvente at Ravn og Orm, Islands to mektigaste høvdingar utanom Gissur,

<sup>486</sup> Sts I: s. 302.

<sup>487</sup> Mi omsetjing av IA: s. liii: «*Gissur jall Þorvaldsson a Stad j Reininesi gaf Stad til clauſturs liggur þar j kirkju.*»

<sup>488</sup> Gustav Storm i IA: s. li-lii.

<sup>489</sup> Stefánsson 1978: s. 119.

<sup>490</sup> DI II: s. 300-302.

<sup>491</sup> Sjå s. 75.

<sup>492</sup> Stefánsson 1978: s. 118-119.

<sup>493</sup> Sjå s. 51.

<sup>494</sup> *Crymogæa* (omsett frå latin til islandsk av Jakob Benediktsson): s. 227.

<sup>495</sup> IA: s. 483.

<sup>496</sup> Storm 1888: s. xxxviii-xxxxvi; Benediktsson 1985: s. 40.

blei skipa over Island eit år eller to etter Gissurs død. I 1273 fekk Torvard Torarinsson Orms tidlegare posisjon, då han og Ravn blei sett over heile Island.<sup>497</sup>

I Skálholts-annalane kan vi frå året 1286 lese at den norske baronen Audun Hugleiksson Hestakorn vart gjort til jarl over Island. Dette blir nemnd i samanheng med at kong Eirik prøvde å få leidangsstyrkar frå Island dette året. I andre annalar står det frå det same året at Audun i lag med Alf vart utnemnd til jarlar i Noreg.<sup>498</sup> Denne Alf var Alf Erlingsson som vart utnemnd til jarl av Sarpsborg dette året.<sup>499</sup> Det er derimot usikkert kva som låg i Auduns jarletittel. Kongen sendte Gudmund Hallsson dit for å overtyde islendingane til å stille opp. Men Gudmund møtte motstand frå Ravn Oddsson og hans støttespelarar, og det blei ikkje noko av den islandske leidangsstyrken.<sup>500</sup> I følgje såttmåltekstane hadde ikkje kongen rett til å stemne islendingar til Noreg utan at det var blitt bestemt på Alltinget.<sup>501</sup> Det var nok med heimel i dette at Ravn kunne nekte kong Eirik leidang.

P. A. Munch meinte at Auduns jarletittel stod i samanheng med dette forsøket på å få leidang frå Island. Han såg det som mest sannsynleg at det har oppstått eit rykte på Island om at Audun var blitt utnemnd til jarl over Island for å utøve eit større press på Ravn og islendingane. Men det var nok ikkje meir enn eit rykte, sidan ingen andre kjelder omtalar han som jarl, heller ikkje dei breva han sjølv utferra.<sup>502</sup> Axel Kristinsson meiner at Auduns jarletittel må ha vore ein tom tittel utan noko særleg realpolitisk innhald, men at han kan ha sikra seg nokre av dei kongelege inntektene frå Island.<sup>503</sup> Eg ser likevel ingen haldepunkt i kjeldene for Kristinssons standpunkt om at det var hovudsakeleg økonomiske motiv som låg bak Auduns jarletittel. Eg ser i likskap med Munch det som mest nærliggjande å setje Auduns jarletittel i samband med forsøket på å få leidangsstyrkar frå Island. Vi har sett at jarlembetet i den norrøne verda særleg var knytt til militære funksjonar. Sidan to av annaltekstane nemner jarletittelen og utboden frå Island samstundes, er det sannsynleg at det er ein samanheng her. Eg ser det likevel som usannsynleg at Audun faktisk blei utnemnd til jarl, men at det har sirkulert rykte på Island om at han var det. Ein skal heller ikkje sjå vekk ifrå at Gudmund

<sup>497</sup> IA: s. 331-332.

<sup>498</sup> IA: s. 196: «*Vt boð Eiriks konungs af Islandi. Herra Auðun gjorr jarl yfir Islandi.*» Sjå også s. 51, 260, 383.

<sup>499</sup> Helle 1972: s. 354.

<sup>500</sup> Ásb: kap. 109-111.

<sup>501</sup> NgL I: s. 460.

<sup>502</sup> Sjå drøfting og kjeldetilvisinger i Munch 1852-58, bind IV, del 2: s. 130-132. Sjå også Helle 1972: s. 579.

<sup>503</sup> Kristinsson 1998: s. 115.

Hallsson eller andre representantar for kongen bevisst har sett ut dette ryktet eller nørt opp under det, for å setje press på Ravn spesielt.

Nok ein person blir omtala som jarl på Island i kjeldene. «Kolbein jarl» blir nemnd både i Biskop Arnes saga og i biskop Audun Raudes måldagar.<sup>504</sup> Þorsteinsson meinte at denne Kolbein var identisk med riddaren Kolbein Björnsson på Auðkúla, som var hos kong Håkon V i 1300-1301. Han meinte også at jarleføresegna vart tatt med i fornyinga av Gamli sáttmáli i 1302 fordi Island då hadde ein jarl i Kolbein Björnsson.<sup>505</sup> Men som vi tidlegare har sett, er det problematisk å knyte dei ulike sáttmálstekstane til bestemte årstal og historiske hendingar, nokre til 1262-64 og andre til 1302. Þorsteinssons argument for at Gamli sáttmáli av 1302 sikra Kolbein Björnssons jarleverdigheit blir dermed kraftig svekka.

I tillegg viser nærmare undersøking at «Kolbein jarl» og Kolbein Björnsson må ha vore to ulike personar. Medan «Kolbein jarl» var gift med Hallbera Egilsdotter av sturlungeætta, var Kolbein Björnsson gift med Gudrun Torsteinsdotter av oddaverjaætta.<sup>506</sup> På Island vart biskopar, abbedar, riddrarar, hirdstjorar og lagmenn titulert med denne tittelen.<sup>507</sup> Sidan det som regel blir spesifisert i annalane kven som var biskopar, abbedar og lagmenn, må Kolbein Björnsson ha vore riddar og teoretisk sett hirdstjore. Vi veit ikkje kva slags embete han kom tilbake til Island med i 1301, men vi har ingen grunn til å tru at han var blitt jarl. Jóhannesson meinte derfor at «Kolbein jarl», som var gift med Hallbera Egilsdotter, ikkje var blant kongens handgjengne menn, men blei kalla «jarl» som eit tilnamn, utan noko reelt politisk innhald.<sup>508</sup> Eg sluttar meg til hans forklaring.

## Kvifor bestod ikkje det islandske jarledømet?

Eg har no slått fast at det islandske jarledømet etter alt å døme opphøyrdé å eksistere som ei reell politisk eining ved Gissur Torvaldssons død i 1268. Eg vil no drøfte kvifor det ikkje vart vidareført. Som vi såg i kapittel 2, var det vanleg praksis i Noreg i høgmellomalderen at ein utnemnde jarlar dersom den politiske situasjonen i landet tilsa det. Men desse jarledøma var ikkje automatisk arvelege i den forstand at son arva far sin. Då Skule Bårdsson jarl prøvde å gjere jarledømet sitt arveleg, nekta kong Håkon dette.<sup>509</sup> På same måte kan det islandske jarledømet sjåast på som eit verkemiddel for å løyse ein viss politisk situasjon. Den som blei

<sup>504</sup> Ásb: kap. 27; DI II: s. 468.

<sup>505</sup> Þorsteinsson 1956: s. 118-124. Sjå også Sts I: s. 11; IA: s. 53, 74, 149, 199, 265, 341, 387, 487. Kolbein Björnsson har vore kongens handgjengne mann, sidan han blir omtala som «herra» i kjeldene.

<sup>506</sup> Ásb: kap. 27; Sts I: s. 11.

<sup>507</sup> Lárusson 1961.

<sup>508</sup> Jóhannesson 1958: s. 245.

<sup>509</sup> Sjå s. 45.

jarl, stod høgare enn andre stormenn, noko som gav ein viss autoritet. Vi har òg sett, frå både dei norske jarledøma og det orknøyske, at jarlens militære funksjon var sentral. Også i den svært ustabile politiske situasjonen på Island midt på 1200-talet var det nødvendig å kunne vise militære musklar for den som ville krevje politisk makt på Island. Som jarl var Gissur ein militær leiar som hadde større autoritet enn nokon annan høvding på Island. Hans tittel gjorde det meir ærerikt å tene han. Jarletittelen skulle dermed gjere det lettare for han å samle folk rundt seg, og leggje under seg Island i kongens namn.

Når denne politiske situasjonen var løyst, dvs. at heile Island var lagt under kongen, og nokonlunde fredelege forhold var etablerte, var der mindre behov for ein jarl. Men allereie då Borgarfjörður vart gitt til Ravn Oddsson i 1261, hadde kong Håkon gått vekk frå sin tidlegare strategi med å stole på at ein jarl skulle leggje under seg Island i hans namn, og få islendingane til å sverje han skatt og truskap. Dette var ikkje Gissur i stand til å få til på eiga hand. Det er sannsynleg at det var både kong Håkons og Gissurs eigen intensjon at Gissur skulle rå åleine over heile Island som kongens representant. Dette gjekk ein altså vekk frå i 1261. Erfaringa med Gissur hadde vist kor risikabelt det var å setje sin lit til berre éin mann. Dersom det var fleire syslemenn som styrte kvar sin del av Island, kunne dei kontrollere kvarandre og halde kvarandre i sjakk. Også biskop Arne av Skálholt gav i 1277 kong Magnus detrådet at det var best for allmugen og mindre kostbart dersom det var fleire syslemenn som styrte over Island.<sup>510</sup> Ein ser dermed ut til å ha gått vekk frå tanken om å setje ein mann til å styre over Island. Det kan òg hevdast at jarleverdigheita i større grad vart sett på som anakronistisk, og lite ønskjeleg i følgje ideologien om den opphøgde *rex iustus*, der det var lite rom for jarlar som Gissur. Dette kjem fram i Hirdskråa, der det blir slått fast at «...i lange perioder har det ikke vært jarler i Norge, og det har huget allmuen best, ti sjeldan har småfolks rett tjent på at det har vært fleire om gangen til å dele på herredømmet.»<sup>511</sup>

Likevel veit vi at det blei utnemnd to norske jarlar etter 1268. Den første var, som vi allereie har sett, Alf Erlingsson som blei utnemnd til jarl i 1286. I følgje Biskop Arnes saga fekk han denne verdigheita «for å forsvare Norgesveldet». <sup>512</sup> Dette er nok eit eksempel på jarleembetets militære funksjon. Noreg var nemleg i konflikt med Danmark på dette tidspunktet. Men året etter gjorde Alf opprør mot den dåverande hertug Håkon (den seinare

<sup>510</sup> Ásb: kap. 45.

<sup>511</sup> Hirdskrå: kap. 9: «...at opt hævir longum stundum æigi jarl veret .i. Norege oc hævir þat almuginum hølgazt veret þui at sialðan hævir rettar smaelengsins við þat batnat at marger hava. Ivir boðanner veret i sænn.»

<sup>512</sup> Ásb: kap. 109.

kong Håkon V), og blei tvungen i landflyktigheit.<sup>513</sup> Den siste norske jarlen var erkebisop Jørund av Nidaros som fekk jarletittel i 1297.<sup>514</sup> Vi kjenner ikkje til kvifor han fekk denne tittelen. Men Jørund døydde i 1309, og året etter kunngjorde kong Håkon at Jørund var blitt jarl og hadde svore truskapseid til kong Eirik utan pavens samtykke. Kongen løyste med dette erkesetet i Nidaros frå den truskapseiden som Jørund hadde svore til kong Eirik.<sup>515</sup> Men før dette, i 1308, hadde kong Håkon avskaffa at andre enn kongssøner og jarlane på Orknøyane kunne få jarletittel.<sup>516</sup>

## Oppsummering

I dette kapittelet har vi sett at Gissur fungerte både som den norske kongens jarl og hirdmann, og som gode og representant for sine tingmenn. Desse to rollene var ikkje alltid like lett å sameine. Han ser ut til å ha vegra seg mot å arbeide for at hans landsmenn skulle betale skatt til den norske kongen fordi han var fullstendig klar over at det var ein stor motstand i folket mot dette. Å betale skatt vart sett på som eit tap av ære og fridom. Gissur hadde heller ikkje fått lagt under seg Borgarfjörður, som høyrdet til jarledømet hans, fordi han var oppteken med å leggje under seg oddaverjane. Kongen såg det i denne situasjonen som mest formålstenleg å knyte Ravn Oddsson til seg ved å gje han Borgarfjörður i len. Likevel beheldt Gissur resten av jarledømet for resten av livet.

I 1262 såg Gissur seg nøydd til å overtyde sør- og nordlendingane til å sverje skatt og truskap til den norske kongen. Tingmennene hans vart no kongens skattepliktige undersåttar, medan han sjølv fortsette å styre jarledømet sitt som før. Kongens utsending Hallvard Gullske ser ut til å ha brukt godane frå både Vestfjords- og Austfjordsfjerdingane til å presse Gissur. På den andre sida hadde Hallvard Gissur og hans menn i bakhand, i tilfelle Ravn Oddsson og vestfjordingane prøvde å lure seg unna. Sørlandet aust for Pjórsá og deira godar av oddaverjaætta høyrdet til Gissurs jarledøme, men svor ikkje skatt og truskap til kongen før i 1263. Sannsynlegvis har Gissur hatt ein finger med i spelet her også, sidan det var snakk om hans eige jarledøme.

Føresegna i såttmåltekstane om at «jarlen vil vi ha over oss» peiker utvilsamt mot Gissur, men sidan såttmåltekstane summerer opp avtalane som islendingane gjorde med kongemakta i løpet av fleire tiår, blir det feil å hevde at Gissur var jarl over alle islendingane.

<sup>513</sup> IA: s. 196, 260, 337, 384; Ásb: kap. 122.

<sup>514</sup> IA: s. 262, 486.

<sup>515</sup> For Jørunds død, sjå IA: s. 74, 149, 264, 341, 391, 487. For kong Håkons kunngjering, sjå DN (Diplomatarium Norvegicum) I: nr. 125.

<sup>516</sup> DN XI: nr. 6.

Føresegna om at islendingane lova kongen «skatt og tingfarekaup» må vere av yngre dato. Eg går ut frå at dei islandske bøndene på Gissurs tid betalte tingfarekaup til høvdingane sine som før. Gissurs siste år vart prega av hans forhold til kyrkja, både politisk og personleg. Han måtte bøye seg for Arne Torlaksson og anerkjenne kyrkjas jurisdiksjon når det galdt hans frende Oddes ekteskap. Rundt juletider 1267 bestemte Gissur seg for å gå i kloster, slik som far hans i si tid gjorde. Men han døydde allereie i januar 1268.

Gissur Torvaldsson vart den første og den siste jarlen på Island. Det er lite truleg at Audun Hugleiksson eller «Kolbein jarl» verkeleg var jarlar på Island, sjølv om nokre kjelder kan gje eit inntrykk av at dei var det. Det islandske jarledømet var ei midlertidig løysing som kong Håkon tok i bruk som eit ledd i sin strategi med å leggje Island under seg. Då dette var gjort, mista jarleverdigheita sin funksjon, og det vart heller ønskjeleg å styre Island gjennom fleire syslemenn.

## Kapittel 5: Konklusjon

Det overordna målet med denne oppgåva er å undersøkje det islandske jarledømet som ein politisk institusjon. Min hypotese har vore at jarledømet må sjåast på som eit ledd i kong Håkon Håkonssons plan om å legge under seg Island, samstundes som det byggjer på eldre islandske politiske tradisjonar og institusjonar. For å underbyggje denne hypotesen har eg undersøkt den islandske jarleverdigheita i eit synkront og diakront perspektiv i Noregsveldet, fordi Island både politisk og kulturelt hadde nær tilknyting til resten av den norrøne verda. I dette kapittelet vil eg prøve å samle dei ulike trådane i mi undersøking.

Opprettinga av det islandske jarledømet i 1258 må forståast ut frå den politiske situasjonen i den norrøne verda på dette tidspunktet. I alle fall frå handelskonflikten mellom norske kjøpmenn og oddaverjane i 1218-20 har det vore eit mål for kong Håkon og den norske riksstyringa å sikre seg større kontroll over Island. Konflikten i 1218-20 viste at islendingar kunne truge norske handelsinteresser. Det at islendingar som Andreas Torsteinsson og Snorre Sturlason hamna på høvesvis Sigurd Ribbung og Skule Bårdssons parti i tronstridane i Noreg på 1220- og 30-talet viste at islendingar også kunne utgjere ein trussel mot Håkons kongemakt. Dette perspektivet på Håkons islandspolitikk er ikkje blitt drøfta i tidlegare forsking. For å eliminere den islandske trusselen ønskte kong Håkon å legge landet under seg. I staden for å sende ein krigsflåte til landet, valde han å knyte til seg lokale stormenn som Snorre Sturlason og Gissur Torvaldsson, som kunne skape fred i landet og legge det under hans styre. Til dette formålet trøng kongen ein mektig og effektiv reiskap. Løysinga vart å utnemne ein jarl. Gissurs ættebakgrunn, hans lange og tru kongsteneste, og hans posisjon som ein av dei mektigaste godane på Island må ha gjort han til den beste kandidaten for dette oppdraget. I 1258 var han dessutan den einaste attlevande av kong Håkons islandske hirdmenn.

Bortsett frå den kortvarige jarletittelen som Snorre Sturlason sannsynlegvis fekk av Skule Bårdsson i 1239, var Gissurs jarledøme i islandsk samanheng noko heilt nytt, verken før eller etter kan vi slå fast at det har vore jarlar på Island. Men både i vikingtida og utover i mellomalderen kjenner vi til mange jarlar i andre delar av det norrøne området. Islendingane har kjent til tittelen frå Noreg og Orknøyane, der det var jarlar også på Gissurs tid. I Hirdskråa blir det islandske jarledømet sett i same kategori som det orknøyske og blir kategorisert som skattlandsjarledøme, i motsetnad til jarledøma i det eigentlege Noreg. Skattlandsjarlane var pliktige til å dele inntektene i sine jarledøme med kongen, noko norske jarlar som Skule Bårdsson slapp. Jarlane var pliktige til å yte kongen militær støtte. Medlemer av den norske

kongefamilien kunne få jarledøme og -tittel. Ved å utstyre dei med dette kunne ein unngå å få fleire kongar i landet samstundes. Desse jarledøma gjekk heller ikkje i arv. Skattlandsjarlane ser ut til å halde jarledøma sine fordi kongen ønskte å ha tydelege politiske og militære leiarar i dei meir fjerntliggjande og utsette delane av riket sitt. Det orknøyske jarledynastiet hadde etablert seg som arveleg. Sjølv om orknøyjarlane kom under større press frå den norske kongemakta, fortsette jarledømet å eksistere og gå i arv. På dette punktet skilde det seg frå det islandske jarledømet, som lik dei norske jarledøma ikkje gjekk i arv. Liksom dei norske jarledøma ser Gissurs islandske jarledøme ut til å vere oppretta på ad hoc-basis, men med eit annleis føremål. Føremålet med Gissurs jarledøme var å gjere han betre i stand til å samle Island under kongemakta og å skape fred i landet.

Gissur var samstundes som han var jarl ein islandsk gode, slik som forfedrane hans hadde vore gjennom fleire hundre år. Frå 1000-talet hadde Island opplevd ein gradvis maktkonsentrasjon. Godorda vart samla på stadig færre hender, og maktkampane mellom godane vart på 1200-talet meir omfattande og brutale. Hos enkelte godar vaks det til og med fram ein ambisjon om eit slags eineherredøme på Island. Dette galdt i første rekke enkelte av sturlungane, som Snorre Sturlason, Sturla Sigvatsson og Tord Kakale Sigvatsson. Alle tre var blitt den norske kongens handgjengne menn, og alle tok på seg oppdraget med å legge Island under seg og kongen. Denne maktkonsentrasjonen var ein føresetnad for jarledømet, som omfatta Nordlands- og Sørlandsfjerdingane, dvs. halve Island. Likevel styrte Gissur over berre Árnesþing før han vart sett over resten av jarledømet av kong Håkon. Kongen hadde tillegare tileigna seg godorda i desse områda gjennom sine no avdøde hirdmenn Snorre Sturlason, Tord Kakale, Torgils Skarde og Finnbjørn Helgason. Dessutan hadde oddaverjane Filippus og Harald Sæmundssøner gitt godorda sine til kong Håkon i 1249. Gissurs makt utanfor Árnesþing var derfor basert på kongens påbod.

Då han vart jarl over Nordlands- og Sørlandsfjerdingane, vart han samstundes gode for tingmennene der. Gissur måtte derfor kombinere sine to roller som kongens jarl og som islandsk gode for tingmennene sine. Han var pliktig til å yte fysisk og rettsleg vern overfor desse. Dette vart problematisk når kongemakta og tingmennene hadde ulike interesser. Då kongen ville at islendingane skulle sverje skatt og truskap til han, hadde ein del av Gissurs tingmenn sterke motførrestellingar mot dette, spesielt mot å betale skatt. Gissur kom dermed i eit dilemma, og det var grunnen til at han vegra seg mot å gå inn for at tingmennene hans skulle sverje skatt til kongen. Denne vegringa var pragmatisk, og var nødvendigvis ikkje eit teikn på veikskap, slik som bl.a. P. A. Munch har hevda. Grunna politisk press frå den

kongelege utsendingen Hallvard Gullske og andre islandske godar, gjekk Gissur til slutt med på å overtyde tingmennene sine frå Nordlandsfjerdingen og Sørlandsfjerdingen vest for Þjorsá til å sverje skatt og truskap til kong Håkon på Alltinget i 1262. Vi kan dermed fastslå at Gissur kombinerte rollene som den norske kongens jarl og vasall, med si rolle som ein tradisjonell islandsk gode. I han møttest desse to tradisjonane. Men kombinasjonen medførte også at Gissur kom i politiske dilemma når forventningane til dei to partane var ulike.

For å forstå det islandske jarledømet er det nødvendig å forstå kva maktgrunnlag Gissur som jarl og gode baserte seg på. Han rådde over politiske, militære, økonomiske og ideologiske maktkjelder, noko som gjorde han i stand til å oppretthalde si stilling som jarl og gode. Ein slik analyse av Gissurs maktgrunnlag er ikkje blitt gjort tidlegare i forskinga.

Gissurs forhold til sine tingmenn kan karakteriserast som eit patron-klient-forhold, der han på si side lova dei fysisk og rettsleg vern, medan dei støtta han militært og på tinga. Gissur bygde opp eit styringsapparat basert på strukturar som frå det tradisjonelle godesystemet på Island og kongens hirdorganisasjon i Noreg. Som andre islandske godar knytte han i tillegg til seg storbønder som var hans representantar ute i distrikta. Dessutan hadde han heimamenn som budde i hans hushald og fungerte som livvakter, sendebod, spionar og bødlar. Som jarl hadde Gissur rett på eiga hird, og dei som gjekk i hans teneste, blei omtala som hans hirdmenn, gjestar og handgjengne menn. Desse svor truskapseid til både han sjølv og til kongen. Gissur opprettheldt venskapet med sine menn ved gjestebod og gåver. Han brukte også ekteskap for å stadfeste slike venskap. Gissur ser òg ut til å ha hatt politisk og rettsleg påverknad på Alltinget gjennom frendar og sin svoger som var lovseiemenn.

Gissurs styre i Sørlandsfjerdingen vest for Þjorsá og Nordlandsfjerdingen ser ut til å ha blitt anerkjend av innbyggjarane der relativt raskt. Men oddaverjen Tord Andreasson i Rangárþing nekta å bøye seg for Gissurs og kongens krav, sjølv om hans forgjengrar Sæmundssønene hadde gitt godorda i dette området til kong Håkon tidlegare. Gissur måtte bruke si militærmakt for å underkue Tord og oddaverjane, både i 1259-60 og i 1264. Eg reknar derfor med Rangárþing til Gissurs jarledøme, og det er sannsynleg at han var delaktig i å få tingmennene her til å sverje skatt og truskap til den norske kongen i 1263. Gissur var den største goden på Island, og kunne samle større hærstyrkar enn nokon annan. Men han måtte kjempe mot fleire godar samstundes og fekk aldri kontrollen over Borgarfjörður. Området vart tatt frå jarledømet hans i 1262. Til gjengjeld vart styringsretten hans over resten av

jarledømet stadfesta i avtalen mellom tingmennene hans og kongemakta i 1262 (Gizurarsáttmáli).

Økonomisk baserte Gissur seg hovudsakeleg på jordeigedomane sine. Dei gav han eit økonomisk overskot til å oppretthalde styringsapparatet. Han sikra seg sentrale maktcentra som Flugumýri og Staður på Reynines. Gardane var rike og gamle godesete som symboliserte den leiande posisjonen til den som budde der. Elles veit vi at Gissur har mottatt tingfarekaup og sporadiske inntekter av sauetoll og plyndring. Gissur tok ikkje imot regulær skatt før etter 1262, då tingmennene hans gjekk med på å betale skatt til kong Håkon. Sannsynlegvis har kongen og jarlen delt skatteinntektene frå jarledømet mellom seg, men vi kjenner ikkje til delingsforholdet. Etter alt å døme tok Gissur imot tingfarekaupet frå tingmennene sine også etter at desse vart kongelege undersåttar.

Ideologien om kongen som *rex iustus* ser også ut til å ha gjort seg gjeldande på Island, og dette må ha slått positivt ut for Gissur som kongens representant. Elles ser han ut til å ha hatt dei personlege eigenskapane som ein islandsk gode skulle ha. Dette har gjort han populær og respektert blant sine tingmenn.

I dei siste åra av Gissurs liv er det hovudsakeleg hans forhold til kyrkja som kjem fram i det knappe kjeldematerialet som omhandlar denne perioden. Han måtte bøye seg i strid mot Arne Torlaksson, som seinare vart biskop av Skálholt og ein sterkt forkjempar for kyrkjas rettar i høve til det verdslege aristokratiet på Island. I 1267 bestemte Gissur seg på råd etter biskop Jørund av Hólar til å gå i kloster, men døydde kort tid etterpå. Men gjekk det islandske jarledømet i grava med han?

Etter at Island var lagt under den norske kongen i 1264 og Gissurs død i 1268 var ikkje jarledømet ønskjeleg lenger. Representantar frå heile Island hadde svore skatt og truskap til den norske kongen, og fred var blitt etablert i landet. På grunn av Islands isolerte plassering midt i Atlanterhavet, var ikkje landet truga av ytre fiendar, slik Orknøyane og særleg Suderøyane var. Behovet for ein sterkt politisk og militær leiar som jarlen var dermed forsvunne. Kong Magnus Lagabøte og hans etterfølgjarar føretrakk å bruke fleire syslemenn til å styre landet etter Gissur. Det var i tråd med norsk lov og praksis at jarledøma ikkje gjekk i arv, unntatt Orknøyane. Likevel ser ideen om eit islandsk jarledøme til å ha haldt seg ei stund. Hirdskråa opnar for at det kan kome ein ny jarl på Island, og både den norske baronen Audun Hugleiksson og ein islending ved namn Kolbein er nemnde som jarlar på Island. Men nærmare undersøking viser at det er lite truleg at desse verkeleg hadde jarletittel. Det

islandske jarledømet forsvann dermed som ein politisk realitet med Gissurs død i 1268. I 1308 oppløyste kong Håkon V jarleverdigheita, med unntak for kongssøner og for orknøyjarlen.

Avslutningsvis kan det konstaterast at det islandske jarledømet vart oppretta som ein del av kong Håkon Håkonssons islandspolitikk. Til dette jarledømet var det tilknytt førestellingar frå dei ulike typane jarledøme som fanst i den norrøne verda. Gissur Torvaldsson var både kong Håkons jarl og vasall, og gode for sine tingmenn. Dette førte til at han måtte kombinere desse to rollene, og dei tradisjonane og pliktene som følgde med.

Undersøkinga mi har godtgjort den innleiande hypotesen: Det islandske jarledømet var eit ledd i kong Håkon Håkonssons plan om å leggje under seg Island, samstundes som det bygde på eldre islandske politiske tradisjonar og institusjonar.

## Vidare forsking

Det kan vere interessant å studere i kva grad hirdstjoren overtok jarlens funksjon som kongens fremste representant på Island. Hirdstjoren var leiaren for kongens handgjengne menn på Island. Tittelen blir først omtala i 1320, då Kjetil Torlaksson fekk dette embetet.<sup>517</sup> Likevel er det vanleg å rekne med Ravn Oddsson som den første hirdstjoren frå 1279. Dette året gjorde kong Magnus han til merkesmann. Med denne tittelen blei han leiaren for kongens hirdmenn på Island.<sup>518</sup> Wærdahl argumenterer også for at Torvard Torarinsson, Erlend Olavsson og Alf i Kroken overtok Ravns leiande rolle blant kongens menn på Island etter Ravns død i 1289.<sup>519</sup> Ein kan undersøkje kva for oppgåver og posisjon hirdstjoren hadde, og samanlikne det med jarlens oppgåver og posisjon. Dermed kan ein stadfeste eller avkrefte kontinuitet i den politiske utviklinga på Island etter 1268.

---

<sup>517</sup> DI II: s. 495-496.

<sup>518</sup> Þorsteinsson & Líndal 1978: s. 55; Kristinsson 1998: s. 117ff; Wærdahl 2006: s. 171f.

<sup>519</sup> Wærdahl 2006: s. 172.

## English Summary

The primary aim of this thesis is to analyse the Icelandic earldom as a political institution. The earldom existed for only ten years, between 1258 and 68, and was held by the Icelandic *goði* (chieftain) Gizurr Thorvaldsson (1208-68). He held the earldom as a fief from the Norwegian king Håkon Håkonsson (1204-63). The thesis is divided into four chapters. The object of the first chapter is to present the historiography of the Icelandic earldom and to discuss the source material that is used in the thesis. This material includes sagas, laws, treaties and annals.

In the second chapter I discuss the background for the establishment of the Icelandic earldom in the context of the Sturlunga strife between the various chieftains (*goðar*) in Iceland in the first half of the 13<sup>th</sup> century. Gizurr Thorvaldsson was one of these *goðar*, who eventually gained king Håkon's trust, and was given the title earl over the Southern and Northern Quarters, as well as Borgarfjörður, over which king Håkon had overlordship. Also in this chapter, the title of earl is discussed within the context of the wider Norse world, where the earldoms of mainland Norway and the Orkneys are the most interesting comparisons to the Icelandic earldom.

In the third chapter, the sources for earl Gizurr's power are examined. The different sources are divided into political, military, economical and ideological sources of power. Gizurr tried to combine his position as a traditional Icelandic chieftain with that of an earl and vassal of the Norwegian king. He built up a political and military organisation that combined aspects from both institutions. Furthermore, his economical power rested primarily on the revenue from his own land.

In the fourth chapter, earl Gizurr's role is discussed in the process of making Iceland a dependency under the Norwegian king in the years 1262-64. Gizurr was in a dilemma since he had duties as a chieftain to his thingmen and other duties as an earl of the Norwegian king. Under pressure from the royal emissary Hallvard the Golden Shoe and other Icelandic chieftains, he finally persuaded his thingmen to become tax-paying subjects of the Norwegian king. Now, the Icelanders had to pay taxes in addition to the traditional *þingfararkaup*. It is argued that Gizurr was allowed to keep the *þingfararkaup* at his disposal, but had to share the new tax with the king. As far as we know, earl Gizurr remained a loyal vassal of the crown until his death in 1268. Despite some later references to an Icelandic earl in the sources, the earldom probably vanished as a political institution at Gizurr's death.

## Bibliografi

### Kjelder

Ásb (Grímsdóttir) = «Árna saga biskups». (1998). I G. Á. Grímsdóttir (utg.) *Íslenzk fornrit XXVII: Biskupa sögur III*. Reykjavík: Hið íslenzka fornritafélag.

Ásb (Stefánsson) = *Biskop Arnes saga*. (2007). G. & M. Stefánsson (oms.) Oslo: Aschehoug.

Baglarsoga (Jónsson) = «Böglungasögar». (1916). I F. Jónsson (utg.) *Eirspennill: AM 47 fol: Noregs konunga sögur: Magnús góði - Hákon gamli*. Kristiania: Den norske historiske kildeskriftskommision.

Baglarsoga (Koht & Pedersen) «Soga om baglarar og birkebeinarar» H. Koht & G. Pedersen (oms.) (1979) I F. Hødnebø & H. Magerøy (red.) *Noregs kongesoger* (bind III). Oslo: Det Norske Samlaget.

Crymogæa = *Crymogæa: Pættir úr sögu Íslands*. (1985). J. Benediktsson (oms.) Reykjavík: Sögufélag.

DI I-XVI = *Diplomatarium Islandicum: Íslenzkt fornbréfasafn: Sem hefir inni að halda bréf og gjörnúnga, dóma og málðaga, og aðrar skrár, er snerta Ísland eða íslenzka menn*. (1857-1952). (bind I-XVI). Kaupmannahöfn: Hið íslenzka bókmentafélag.

DN I-XXI = *Diplomatarium Norvegicum: Oldbreve til kundskab om Norges indre og ydre forhold, sprog, slækter, sæder, lovgivning og rettergang i middelalderen*. (1849-1995). (bind I-XXI). C. C. A. Lunge, C. R. Unger, m. fl. (utg.) Christiania / Oslo.

Eddadikt (Bugge) = *Norræn fornkvæði: Islandsk samling af folkelige oldtidsdigte om nordens guder og heroer, almindelig kaldet Sæmundar Edda hins froda*. (1965). S. Bugge (utg.) Oslo: Universitetsforlaget.

Eddadikt (Holm-Olsen) = *Eddadikt: Gudedikt - heltedikt*. (2002). L. Holm-Olsen (oms.) Oslo: Den norske lyrikkklubben.

*Frostatingslova*. (1994). J. R. Hagland & J. Sandnes (oms.) Oslo: Samlaget.

Gesta Frederici = *Die Taten Friedrichs oder richtiger Cronica*. (2000) F.-J. Schmale (utg.), A. Schmidt (oms.) Darmstadt: Wissenschaftliche Buchgesellschaft.

*Grágás: Konungsbók*. (1974). V. Finsen (utg.) Odense: Universitetsforlag.

*Gulatingslovi*. (1952). K. Robberstad (oms.) Oslo: Samlaget.

Heimskringla (Jónsson) = *Heimskringla: Noregs konunga sögur*. (1966). F. Jónsson (utg.) Oslo: Universitetsforlaget.

Heimskringla (Schjøtt & Magerøy) = *Snorres kongesogar*. (1993). S. Schjøtt & H. Magerøy (oms.) Oslo: Samlaget.

Hirdskrå = *Hirdloven til Norges konge og hans håndgangne menn*. (2000) S. Imsen (utg. og oms.) Oslo: Riksarkivet.

HsH (Audne & Magerøy) = «Soga om Håkon Håkonsson». (1979). K. Audne & H. Magerøy (oms.) I F. Hødnebø & H. Magerøy (red.), *Noregs kongesogar* (bind IV, s. 21-345). Oslo: Det Norske Samlaget.

HsH (Mundt) = *Hákonar saga Hákonarsonar etter Sth. 8 fol., AM 325 VIII,4° og AM 304,4°*. (1977) M. Mundt (utg.) Oslo: I kommisjon hos Forlagssentralen.

HsH (Vigfússon & Unger) = «Hákonar Saga hins gamla». (1868). I G. Vigfússon & C. R. Unger (utg.), *Flateyarbok: En samling av norske konge-sagaer*. Christiania: P. T. Mallings forlagsboghandel.

IA = *Islandske Annaler indtil 1578*. (1888). G. Storm (utg.) Christiania: Grøndahl.

Islendingeboka = «Íslendingabók». (1968). I J. Benediktsson (utg.) *Islenzk fornrit I: Íslendingabók, Landnámabók*. Reykjavík: Hið íslenzka fornritafélag.

«Járnsíða». (2005). I H. Bernharðsson, M. L. Magnússon & M. Jónsson (utg.) *Járnsíða og Kristinréttur Árna Þorlákssonar* (s. 61-142). Reykjavík: Sögufélag.

Jónsbók = *Jónsbók: The Laws of Later Iceland*. (2010). J. K. Schulman (utg.) Saarbrücken: AQ-Verlag.

Kongsspegeleñ (Hellevik) = *Kongsspegeleñ: Konungs skuggsjå*. (1965). A. Hellevik (oms.) Oslo: Samlaget.

Kongsspegeleñ (Holm-Olsen) = *Konungs skuggsiá*. (1983). L. Holm-Olsen (utg.) Oslo: Norsk historisk kjeldeskrift-institutt.

Landnámsboka (Benediktsson) = «Landnámabók». (1968). I J. Benediktsson (utg.) *Islenzk fornrit I: Íslendingabók*, *Landnámabók*. Reykjavík: Hið íslenzka fornritafélag.

Landnámsboka (Schei) = *Landnámsboken: Beretningen om landnåmet på Island ca. 870-930*. (1997). L. K. Schei (oms.) Oslo: Aschehoug.

ML1 = *Magnus Lagabøters landslov*. (1915). A. Taranger (oms.) Kristiania: Cammermeyers boghandel.

Msl (Audne & Magerøy) = «Soga om Magnus Lagabøte» (1979). K. Audne & H. Magerøy (oms.) I F. Hødnebø & H. Magerøy (red.), *Noregs kongesoger* (bind IV, s. 347-366). Oslo: Det Norske Samlaget.

Msl (Jónsson) = «Brot úr Magnúss sögu lagabætis». (1957). I G. Jónsson (utg.), *Konunga sögur* (bind III, s. 465-475). Akureyri: Íslendingasagnaútgáfan.

NgL I-V = *Norges gamle Love indtil 1387* (bind I-V). (1848-95). R. Keyser, P. A. Munch m.fl. (utg.) Christiania.

NgL 2. række I-IV = *Norges gamle Love (NgL) Anden række 1388-1604* (bind I-IV). (1912-81). A. Taranger m.fl. (utg.) Christiania/Oslo.

Nmd = *Norske middelalderdokumenter*. (1973). K. Helle, S. Bagge & S. H. Smetsdal (utg. og oms.) Bergen: Universitetsforlaget.

Os (Guðmundsson) = «Orkneyinga saga». (1965). I F. Guðmundsson (utg.) *Íslenzk fornrit XXXIV: Orkneyinga saga, Legenda de sancto Magno, Magnúss saga skemmri, Magnúss saga lengri, Helga þattr ok Úlfs*. Reykjavík: Hið íslenzka fornritafélag.

Os (Holtsmark) = *Orknøyningenes saga*. (1970). A. Holtsmark (oms.) Oslo: Aschehoug.

Sts I-II = *Sturlunga saga* (bind I-II). (1946). J. Jóhannesson, M. Finnboagason & K. Eldjárn (utg.) Reykjavík: Sturlunguútgáfan.

Sverres saga (Jónsson) = «Sverris saga». (1916). I F. Jónsson (utg.) *Eirspennill: AM 47 fol: Noregs konunga sögur: Magnús góði - Hákon gamli*. Kristiania: Den norske historiske kildeskriftskommision.

Sverres saga (Koht & Pedersen) = «Sverre-soga» H. Koht & G. Pedersen (oms.) I F. Hødnebø & H. Magerøy (red.) (1979) *Noregs kongesoger* (bind III). Oslo: Det Norske Samlaget.

## Sekundærlitteratur

- Albrechtsen, Esben. (2008). «Abelslægten og de schauenburgske hertuger». I C. P. Rasmussen, I. Adriansen & L. S. Madsen (red.), *De slesvigske hertuger* (s. 23-52). Aabenraa: Historisk Samfund for Sønderjylland.
- Andersen, Per Sveaas. (1977). *Samlingen av Norge og kristningen av landet: 800-1130*. Bergen/Oslo/Tromsø: Universitetsforlaget.
- Arstad, Knut Peter Lyche. (2002). «Knut Håkonsson». I J. G. Arntzen & K. Helle (red.), *Norsk biografisk leksikon* (bind V, s. 309). Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Ashurst, David. (2007). «The Ironies in Cardinal William of Sabina's Supposed Pronouncement on Icelandic Independence». *Saga-Book*, 31, 39-45.
- Ashurst, David. (2009). *The Ethics of Empire in the Saga of Alexander the Great: A Study Based on MS AM 519a 4to*. Reykjavík: Bókmennata- og listfræðastofnun Háskóla Íslands.
- Bagge, Sverre. (1979). *Den politiske ideologi i Kongespeilet*. Bergen.
- Beistad, Heidi Anett Øvergård. (2012). «Election and Rejection - the Norwegian "Seizure" of the Icelandic Bishoprics in 1237-39». I S. Imsen (red.), *"Ecclesia Nidrosiensis" and "Noregs veldi": The Role of the Church in the Making of Norwegian Domination in the Norse World*. Trondheim: Akademika Publishing.
- Benedictow, Ole Jørgen. (1972). «Konge, hird og retterboten 17. juni 1308». *Historisk tidsskrift*, 51.
- Benediktsson, Jakob. (1968). «Formáli». I J. Benediktsson (utg.) *Islenzk fornrit I: Íslendingabók, Landnámabók*. Reykjavík: Hið íslenzka fornritafélag.
- Benediktsson, Jakob. (1970). «Skatter. Island». I F. Hødnebø (red.), *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder*. Oslo: Gyldendal.
- Benediktsson, Jakob. (1985). «Inngangur». I J. Benediktsson (oms.) *Crymogæa: Pættir úr sögu Íslands*. Reykjavík: Sögufélag.
- Beuermann, Ian. (2011). «Jarla Sögur Orkneyja. Status and Power of the Earls of Orkney According to their Sagas». I G. Steinsland m.fl. (red.), *Ideology and Power in the Viking and*

*Middle Ages: Scandinavia, Iceland, Ireland, Orkney and the Faeroes.* (s. 109-162).

Leiden/Boston: Brill.

Bjørgo, Narve. (1967). «Om skriftlege kjelder for Hákonar saga». *Historisk tidsskrift*, 46, 186-229.

Bjørgo, Narve. (1995). «800-1536. Makt- og avmakt». I N. Bjørgo, Ø. Rian & A. Kaartvedt (red.), *Selvstendighet og union: Fra middelalderen til 1905* (bind I, s. 17-132). Oslo: Universitetsforlaget.

Bjørkvik, Halvard. (1970). «Skatter. Noreg». I F. Hødnebø (red.), *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder*. Oslo: Gyldental.

Blom, Grethe Authén. (1972). *Samkongedømme - enekongedømme - Håkon Magnussons hertugdømme*. Trondheim: Universitetsforlaget.

Boulhosa, Patricia Pires. (2005). *Icelanders and the Kings of Norway: Mediaeval Sagas and Legal Texts*. Leiden: Brill.

Bull, Edvard. (1920). *Leding: Militær- og finansforfatning i Norge i ældre tid*. Kristiania: Steenske.

Byock, Jesse L. (1986). «The Age of the Sturlungs». I E. Vestergaard (red.), *Continuity and Change: Political Institutions and Literary Monuments in the Middle Ages* (s. 27-42). Odense: Odense University Press.

Byock, Jesse L. (1988). *Medieval Iceland: Society, Sagas and Power*. Berkeley: University of California Press.

Bøe, Arne. (1962). «Jarl: Noreg, Orknøyane og Island». I F. Hødnebø (red.), *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* (bind VII). Oslo: Gyldental.

Crawford, Barbara E. (1971). *The Earls of Orkney-Caithness and their Relations with Norway and Scotland: 1158-1470*. St. Andrews: University of St. Andrews.

Crawford, Barbara E. (2010). «The Joint Earldoms of Orkney and Caithness». I S. Imsen (red.) *The Norwegian Domination and the Norse World c. 1100 - c. 1400*. Trondheim: Tapir Academic Press.

Crawford, Barbara E. (2013). *The Northern Earldoms: Orkney and Caithness from AD 870 to 1470*. Edinburgh: John Donald.

Einarsdóttir, Ólafia. (1994). «Om samtidssagaens kildeverdi - belyst ved Hákonar saga Hákonarsonar» *Samtíðarsögur II* (s. 638-653). Akureyri: Níunda alþjóðlega fornsagnaþingið.

Ellehøj, Svend. (1965). *Studier over den ældste norrøne historieskrivning*. København: Munksgaard.

Ersland, Geir Atle. (2000). «Kongshird og leidangsbonde». I G. A. Ersland & T. H. Holm (red.), *Krigsmakt og kongemakt 900-1814*. Bergen: Eide.

Foote, Peter & Wilson, David M. (1970). *The Viking Achievement: The Society and Culture of Early Medieval Scandinavia*. London: Sidgwick & Jackson.

Fritzner, Johan. (1886-96). *Ordbog over det gamle norske Sprog* (bind I-III). Kristiania: Den norske Forlagsforening.

Ganshof, F. L. (1969). *Hva er feudalismen?* S. Sogner (oms.) Oslo: Gyldendal.

Grohse, Ian Peter. (2013). *Defending Country and Realm: Military Features of the Norse-Scottish Frontier*. (Upubl.)

Guðmundsson, Finnbogi. (1965). «Formáli». I F. Guðmundsson (utg.), *Íslenzk fornrit XXXIV: Orkneyinga saga, Legenda de sancto Magno, Magnúss saga skemmri, Magnúss saga lengri, Helga þattr ok Úlfss.* Reykjavík: Hið íslenzka fornritafélag.

Hallan, Nils. (1967). «Snorri Fólgsnarjarl». *Årbok for Trøndelag*, 66-86.

Hastrup, Kirsten. (1985). *Culture and History in Medieval Iceland: An Anthropological Analysis of Structure and Change*. Oxford: Clarendon Press.

Haug, Elbjørg. (1997). «The Icelandic Annals as Historical Sources». *Scandinavian Journal of History* (22).

Haug, Elbjørg. (2006). *Provincia Nidrosiensis i dronning Margretes unions- og maktpolitikk*. Trondheim: Institutt for historie og klassiske fag, NTNU.

Haug, Elbjørg. (2013). «Statutory Legislation in the Norwegian Church in the Later Middle Ages». (Upubl.)

Helle, Knut. (1972). *Konge og gode menn i norsk riksstyring ca. 1150-1319*. Bergen: Universitetsforlaget.

Helle, Knut. (1974). *Norge blir en stat: 1130-1319* (2. utg.) Bergen: Universitetsforlaget.

Hertzberg, Ebbe. (1895). «Glossarium». I G. Storm & E. Hertzberg (red.) *Norges gamle Love indtil 1387 (NgL)* V. Christiania.

Hoffmeyer, Ada Bruhn. (1980). «Ceremonivåben». I *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder*. København: Rosenkilde og Bagger.

Holme, Annette Langedal. (2012). "Men um det er 3 kongar på same tid i landet, er det likevel ei styringstid": Ein gjennomgang av samkongedøme som styreform gjennom eit nærrare innsyn i arvefølgjeordninga og det administrative systemet. Bergen: AHKR, UiB.

Imsen, Steinar. (2000a). «Earldom and Kingdom: Orkney in the Realm of Norway 1195-1379». *Historisk tidsskrift*, 79 (2), 163-180.

Imsen, Steinar. (2000b). «Innledning». I S. Imsen (utg.), *Hirdloven til Norges konge og hans håndgangne men*. Oslo: Riksarkivet.

Jakobsson, Ármann. (1994). «Nokkur orð um hugmyndir Íslendinga um konungsvald fyrir 1262» *Samtíðarsögur I* (s. 31-42). Akureyri: Níunda alþjóðlega fornsagnaþingið.

Jakobsson, Ármann. (1995). «Hákon Hákonarson: Friðarkonungur eða fúlmenni?» *Saga* (XXXIII), 166-185.

Jóhannesson, Jón. (1946). «Um Sturlunga sögu». I J. Jóhannesson, M. Finnboagason & K. Eldjárn (utg.), *Sturlunga saga II*. Reykjavík: Sturlunguútgáfan.

Jóhannesson, Jón. (1956). *Íslendinga saga*. Reykjavík: Almenna bókafélagið.

Jóhannesson, Jón. (1958). *Íslendinga saga II: Fyrirlestrar og ritgerðir um tímabilið 1262-1550*. Reykjavík: Almenna bókafélagið.

Jóhannesson, Jón. (1969). *Islands historie i mellomalderen: Fristatstida*. H. Magerøy (oms.) Oslo: Universitetsforlaget.

Jónsson, Guðni. (1960). «Gamli sáttmáli». I F. Hødnebø (red.), *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* (bind V). Oslo: Gyldendal.

Jónsson, Jón. (1903). *Islenzkt þjóðerni: Alþyðufyrirlestrar*. Reykjavík.

Jørgensen, Poul Johs. (1971). *Dansk retshistorie: Retskildernes og forfatningsrettens historie indtil sidste halvdel af det 17. aarhundrede*. København: Gad.

Karlsen, Espen. (2013). «Latin Manuscripts of Medieval Norway: Survival and Losses». I E. Karlsen (red.), *Latin Manuscripts of Medieval Norway: Studies in Memory of Lilli Gjerløw*. Oslo: Novus Press.

Karlsson, Gunnar. (1975). «Frá þjóðveldi til konungsríkis». I S. Líndal (red.), *Saga Íslands II*. Reykjavík: Hið íslenzka bókmenntafélag.

Karlsson, Gunnar. (2000). *The History of Iceland*. Minneapolis: University of Minnesota Press.

Karlsson, Gunnar. (2004). *Goðamenning: Staða og áhrif goðorðsmanna í þjóðveldi Íslendinga*. Reykjavík: Heimskringla.

Keyser, Rudolf. (1856-58). *Den norske Kirkes Historie under Katholicismen* (bind I-II). Christiania: Tønsbergs Forlag.

Kjølås, Ruben. (2013). *Kjelder til det islandske jarledømet*. (Upubl.)

Krag, Claus. (2000). *Norges historie fram til 1319*. Oslo: Universitetsforlaget.

Krag, Claus. (2003). «Ragnvald Øysteinsson Mørejarl». I J. G. Arntzen & K. Helle (red.), *Norsk biografisk leksikon* (bind VII). Oslo: Kunnskapsforlaget.

Kristinsson, Axel. (1998). «Embættismenn konungs fyrir 1400». *Saga* (XXXVI), 113-152.

Lárusson, Björn. (1967). *The Old Icelandic Land Registers*. W. F. Salisbury (oms.) Lund: Institute of Economic History.

Lárusson, Magnús Már. (1961). «Herretittel. Island». I F. Hødnebø (red.), *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* (bind VI). Oslo: Gyldental.

Lárusson, Magnús Már. (1962). «Hundrað». I F. Hødnebø (red.), *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* (bind VII). Oslo: Gyldental.

Lárusson, Magnús Már. (1966). «Løgsögumaðr». I F. Hødnebø (red.), *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* (bind XI). Oslo: Gyldental.

Lárusson, Ólafur. (1960). *Lov og ting: Islands forfatning og lover i fristatstiden*. K. Helle, (oms.) Bergen: Universitetsforlaget.

Magerøy, Hallvard. (1979). «Forord til Soga om Håkon Håkonsson». I F. Hødnebø & H. Magerøy (red.), *Noregs kongesoger 4*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Magnúsdóttir, Auður. (2003). «Älskas, giftas, stötta, slåss: Om svaga och starka länkar som politisk resurs på Island 1180-1270». I E. Hreinsson & T. Nilson (red.), *Nätverk som social resurs: Historiska exemplen*. (s. 61-81). Lund: Studentlitteratur.

Mann, Michael. (2012). *The Sources of Social Power* (bind I-III). Cambridge: Cambridge University Press.

Maurer, Konrad. (1907-10). *Vorlesungen über altnordische Rechtsgeschichte* (bind I-V). Leipzig: Deichert'sche Verlagsbuchhandlung (Georg Böhme).

Maurer, Konrad. (1969). *Island: Von seiner ersten Entdeckung bis zum Untergange des Freistaats: (ca. 800-1264)*. Aalen: Scientia.

McGrew, Julia H. (1974). «Introduction» *Sturlunga Saga II*. New York: Twayne Publishers.

Miller, William Ian. (1990). *Bloodtaking and Peacemaking: Feud, Law, and Society in Saga Iceland*. Chicago: University of Chicago Press.

Munch, Peter Andreas. (1852-58). *Det norske Folks Historie* (bind I-IV). Christiania: Tønsbergs Forl.

Nedrelið, Gudlaug. (1994). «Gizurr Þorvaldsson - Miskjend helt, eller den største skurken i islandsk historie?» *Samtíðarsögur II* (s. 611-625). Akureyri: Níunda alþjóðlega fornsagnaþingið.

Nordal, Sigurður. (1993). *Fornar menntir I: Íslenzk menning*. Kópavogi: Almenna bókafélagið.

Ólason, Vésteinn. (1994). «The Political Element in Íslendingasaga: A Summary» *Samtíðarsögur II* (s. 799-802). Akureyri: Níunda alþjóðlega fornsagnaþingið.

Ólsen, Björn Magnússon. (1896). *Um Sturlingu*. Kaupmannahöfn.

Ólsen, Björn Magnússon. (1908). *Um upphaf konungsvalds á Íslandi*. Reikjavík: Hið íslenzka þjóðvinafjelag.

Ólsen, Björn Magnússon. (1909). *Enn um upphaf konungsvalds á Íslandi*. Reikjavík: Hið íslenzka þjóðvinafjelag.

Orning, Hans Jacob. (1997). «Statsutvikling i Norge og på Island i høymiddelalderen belyst ut fra en analyse av Þorðr kakali Sighvatssons og Sverre Sigurdssons vei til makten». *Historisk tidsskrift* (4/1997), 469-486.

Orning, Hans Jacob. (2004). *Uforutsigbarhet og nærvær: En analyse av norske kongers maktutøvelse i høymiddelalderen*. Oslo: Universitetet i Oslo. Det historisk-filosofiske fakultet.

Pálsson, Hermann. (1965). *Eftir þjóðveldið: Heimildir annála um íslenzka sögu 1263-98*. Reykjavík: Heimskringla.

Pálsson, Hermann. (1997). «Innledning: Et essay om Landnåmsboken» I: L. K. Schei (oms.) *Landnåmsboken: Beretningen om landnåmet på Island ca. 870-930*. Oslo: Aschehoug.

Pettersen, Gunnar I. (2013). «From Parchment Books to Fragments: Norwegian Medieval Codices before and after the Reformation». I E. Karlsen (red.), *Latin Manuscripts of Medieval Norway: Studies in memory of Lilli Gjerløw*. Oslo: Novus Press.

Qviller, Bjørn. (1999). *Romersk politisk kultur og sosiologisk historie*. Oslo: Cappelen akademisk forlag.

Qviller, Bjørn. (2000). «Patron-klientforhold». I A. Eidsfeldt m.fl. (red.), *Holmgang. Om førmoderne samfunn: Festskrift til Kåre Lunden*. (s. 133-143). Oslo: Historisk institutt, Universitetet i Oslo.

Rafnsson, Sveinbjörn. (1974). *Studier i Landnamabok: Kritiska bidrag till den isländska fristatstidens historia*. Lund: Gleerup.

Reynolds, Susan. (1994). *Fiefs and Vassals: The Medieval Evidence Reinterpreted*. Oxford: Oxford University Press.

Rian, Øystein. (2013). «Historie i tvangstrøye - kongemakt og historieformidling i Danmark-Norge 1536-1814». *Historisk tidsskrift*, (01/2013).

Rosén, Jerker. (1966). «Län». I F. Hødnebø (red.), *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* (bind XI). Oslo: Gyldendal.

Samsonarson, Jón Marinó. (1958). «Var Gissur Þorvaldsson jarl yfir öllu Íslandi?» *Saga* (II), 326-365.

Seip, Didrik Arup. (1960). «Gjest» *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* (bind V). Oslo: Gyldendal.

Sigurðsson, Jón. (1855). *Om Islands statsretlige forhold: Nogle bemærkninger i anledning af etatsraad, professor J.E. Larsens skrift "Om Islands hidtilværende statsretlige stilling"*. Kjøbenhavn: Gyldendal.

Sigurðsson, Jón. (1886). «Lögsögumannatal og lögmanna á Íslandi, með skýringargreinum og fylgiskjölum». I *Safn til sögu Íslands og íslenzkra bókmenta að fornu og nýju* (bind II, s. 1-250). Kaupmannahöfn: Hið ísenzka bókmenntafélag.

Sigurðsson, Jón Viðar. (1993). *Goder og maktforhold på Island i fristatstiden*. Bergen: Historisk Institutt, Universitetet i Bergen.

Sigurðsson, Jón Viðar. (1995). «The Icelandic Aristocracy after the Fall of the Free State». *Scandinavian Journal of History*, 20 (3), 153-166.

Sigurðsson, Jón Viðar. (2000). «Allir sem sjá líta þó ekki jafnt á: Sagnaritun um íslenskar miðaldir fram um 1300». *Saga* (XXXVIII), 33-57.

Sigurðsson, Jón Viðar. (2008). *Det norrøne samfunnet: Vikingen, kongen, erkebiskopen og bonden*. Oslo: Pax.

Sigurðsson, Jón Viðar. (2010). *Den vennlige vikingen: Vennskapets makt i Norge og på Island ca. 900-1300*. Oslo: Pax.

Sigurðsson, Jón Viðar. (2011a). «Becoming a "Skattland": The Skattgjafir-Process between the Kings of Norway and the Icelanders c. 1250-1300». I S. Imsen (red.), *Taxes, Tributes and Tributary Lands in the Making of the Scandinavian Kingdoms in the Middle Ages* (s. 115-131). Trondheim: Tapir Academic Press.

Sigurðsson, Jón Viðar. (2011b). «Kings, Earls and Chieftains. Rulers in Norway, Orkney and Iceland c. 900-1300». I G. Steinsland, J. V. Sigurðsson, J. E. Rekdal & I. Beuermann (red.),

*Ideology and Power in the Viking and Middle Ages: Scandinavia, Iceland, Ireland, Orkney and the Faeroes.* Leiden / Boston: Brill.

Sigurðsson, Pétur. (1933). *Um Íslendinga sögu Sturlu Þorðarsonar*. Reykjavík: Hinu íslenzka bókmenntafélagi.

Stefánsson, Magnús. (1973). *Fristatskirken 1106-1262*. Bergen: Magnús Stefánsson.

Stefánsson, Magnús. (1978). "Frá goðakirkju til biskups kirkju í íslenzkum búningi eftir Sigurð Líndal". I S. Líndal (red.), *Saga Íslands III*. Reykjavík: Hið íslenzka bókmenntafélag.

Stefánsson, Magnús. (2000). *Staðir og staðamál: Studier i islandske egenkirkelige og beneficialrettslige forhold i middelalderen*. Bergen: Historisk institutt, Universitetet i Bergen.

Storm, Gustav. (1888). «Forord». I G. Storm (red.), *Islandske Annaler indtil 1578*. Christiania: Grøndahl.

Sveinsson, Einar Ólafur (1940). *Sturlungaöld: Drög um íslenzka menningu á þrettándu öld*. Reykjavík: Kostnaðarmenn nokkrir reykvíkingar.

Sveinsson, Einar Ólafur (1953). *The Age of the Sturlungs: Icelandic Civilization in the Thirteenth Century*. J. S. Hannesson (oms.) Ithaca, New York: Cornell University Press.

Taylor, Marvin. (1994). «On Gizurr Þorvaldsson's Speaking Style». *Samtíðarsögur II* (s. 743-757). Akureyri: Níunda alþjóðlega fornsagnaþingið.

Thomas, R. George. (1970). «Introduction» *Sturlunga Saga I*. New York: Twayne Publishers.

Thomson, William P. L. (2008). *The New History of Orkney*. Edinburgh: Birlinn.

Porkelsson, Jón. (1868). *Æfisaga Gizurar Þorvaldssonar*. Reykjavík.

Þorláksson, Helgi. (1989). *Gamlar götur og goðavalda: Um fornar leiðir og völd Oddaverja í Rangárþingi*. Reykjavík: Sagnfræðistofnun Háskóla Íslands.

Þorláksson, Helgi. (2000). «Sagnfræði um Íslandssögu á tímabilinu 1300-1550». *Saga* (XXXVIII), 59-81.

Þorláksson, Helgi. (2011). «Ambitious Kings and Unwilling Farmers. On the Difficulties of Introducing a Royal Tax in Iceland». I S. Imsen (red.), *Taxes, Tributes and Tributary Lands in*

*the Making of Scandinavian Kingdoms in the Middle Ages* (s. 133-149). Trondheim: Tapir Academic Press.

Þorsteinsson, Björn. (1953). *Íslenzka þjoðveldið*. Reykjavík: Heimskringla.

Þorsteinsson, Björn. (1956). *Íslenzka skattlandið: Fyrri hluti*. Reykjavík: Heimskringla.

Þorsteinsson, Björn. (1966). *Ný Íslandssaga*. Reykjavík: Heimskringla.

Þorsteinsson, Björn & Líndal, Sigurður. (1978). "Lögfesting konungsvalds". I S. Líndal (red.), *Saga Íslands III*. Reykjavík: Hið íslenzka bókmenntafélag.

Þorsteinsson, Björn, Jónsson, Bergsteinn & Kjartansson, Helgi Skúli. (1985). *Island*. P. M. Sørensen (oms.) København: Politiken.

Vésteinsson, Orri. (2003). *The Christianization of Iceland: Priests, Power and Social Change 1000-1300*. Oxford: Oxford University Press.

Wærdahl, Randi Bjørshol. (2006). *Norges konges rike og hans skattland: Kongemakt og statsutvikling i den norrøne verden i middelalderen*. Trondheim: Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Det historisk-filosofiske fakultet, Institutt for historie og klassiske fag.

Wærdahl, Randi Bjørshol. (2010). «The Norwegian Realm and the Norse World: A Historiographic Approach». I S. Imsen (red.), *The Norwegian Domination and the Norse World c. 1100 - c. 1400* (s. 35-58). Trondheim: Tapir Academic Press.